Solund kommune

Innkalling

Utval:	FORMANNSKAP
Møtestad:	Møterommet
Dato:	04.03.2021
Tid:	Kl. 09:00

Representantar med lovleg forfall eller som er ugilde i nokon av sakene, må snarast råd melde frå til Solund Servicekontor, telefon 57 78 62 00 eller e-post post@solund.kommune.no slik at vararepresentantar kan kallast inn.

Vararepresentantar til formannskapet møter etter nærare innkalling.

Saksdokumenta ligg til ettersyn i ekspedisjonen på kommunehuset

Solund kommune
25. februar 2021

Gunn Åmdal Mongstad
-ordførar-

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel	
013/21	Skriv og melding	
014/21	Tilrettelegging av bustadtomter i Storehaugen bustadfelt Hardbakke	
015/21	Handlingsplan lokal utviklingsstrategi 2021	
016/21	Rullering av handlingsprogram til kommunedelplan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv, og prioritering av spelemiddelsøknader 2021	
017/21	Ekstraordinært kommunalt næringsfond (Covid-19) Solund Eiendom Drift	
018/21	Ekstraordinært kommunalt næringsfond (Covid-19) Solund Eiendom Digitalt møterom	
019/21	Skulerute for elevane i Solund kommune skuleåret 2021-2022	
020/21	Reglement for Solund formannskap	
021/21	Reglement for Solund kommunestyre	
022/21	Røystekrinsar ved Stortingstingsvalet 2021	
023/21	Val av Solund Valstyre perioden 2021 - 2023	
024/21	Sal av alkohol på valdagen 2021	

Solund kommune

Arkiv:	K1-033
ArkivsakID:	21/140
JournalpostID:	21/635
Sakshandsamar:	Amund Fuglebakk Aglen
Dato:	25.02.2021

Saksframlegg

Saksnr. utval	Utval	Møtedato
013/21	FORMANNSKAP	04.03.2021

Skriv og melding

Administrasjonssjefen sitt framlegg til vedtak:

Meldingane vert tekne til vitande slik dei ligg føre.

Underliggande sak:

Saksnummer	Tittel
1	Fråsegn til arbeidet med Regional Transportplan for Vestland
2	Innspel til arbeidet med Regional transportplan for Vestland fylke
3	Høyring og offentleg ettersyn Regional plan for innovasjon og næringsutvikling 2021-2033
4	Status og prosess knytt til kommuneplanen sin arealdel

Til Vestland fylkeskommune
v/ sakshandsamar Eva Margretha Ørmen Vinjevoll

Fråsegn frå HAFS Regionråd til arbeidet med Regional Transportplan for Vestland 2022 – 2033

HAFS Regionråd har gjort seg kjend med planprosessen slik denne går fram av fylkesutvalet si sak *« Regional Transportplan for Vestland 2022 – 2033- Løypemelding og hovudmål»*

For regionrådet vil utfordringa i denne fasen av prosessen vere å sjå samanhengen mellom konkrete behov i vår region og dei overordna plantema som skal syast saman og vere styrande for utarbeiding av den endelege planen. Nedanfor har vi gjort eit forsøk på dette.

Fylkesvegnettet:

- Fylkesveg 57 har i dag ein viktig funksjon som omkøyringsveg for E39, men vegen har mange stader dårleg standard og flaskehalsar som hindrar framkome. For at transportkorridoren langs Vestlandet skal verte fullgod, trengst det difor i vår region strekningsvis utbetring av fylkesveg 57 frå Fensfjorden til Førde (Storehaug) Utbetring av flaskehalsar bør ha høgaste prioritet.
- Tunellutbetring og skredsikring er særs viktig for HAFS-regionen, og også her er det viktig å ta dei største flaskehalsane først, slik at både innbyggarar og næringsliv i utkantane kan få sikker og effektiv tilgang til hovudferdselsårene gjennom fylket.
- Trafikktrygging må ha høg prioritet, og samarbeid med kommunane om gode gang- og sykkeltilbod ved skular og tettstader må vidareutviklast.

Mobilitet og kollektivtransport:

- Regionrådet støttar strategien for å få fleire til å gå og sykle. Dette er godt for folkehelsa og miljøet, men krev ei sterkare satsing på gang- og sykkelvegar – ikkje berre i byane, men kanskje aller mest i tilknyting til skular og tettstader spreidd over heile regionen
- Regionrådet krev at det alltid – i samarbeid mellom fylkeskommunen og den aktuelle kommune - skal gjerast ei heilskapleg vurdering av det samla kollektivtilbodet på staden når kollektivruter utan alternative transportløysingar vert vurdert nedlagde.
- Regionrådet ønskjer også at det vert utgreidd ulike former for bestillingsruter på buss, båt og drosje som kan nyttast der det ikkje er grunnlag for ordinær rutedrift.
- Kartlegging av kommunar som får for dårleg drosjetilbod må halde fram, og offentleg rutekjøp eller driftstilskot må vurderast som kompenserande strategi.
- For ein region som HAFS vil det alltid vere viktig å sikre god kollektivtransport på sjø. I eit utgreiingsarbeid må det leggast stor vekt på lokalsamfunn og næringsinteresser der sjøtransport er einaste reisemåte til omverda.

Kommunane Hyllestad – Askvoll – Fjaler – Solund – Gulen

HAFS regionråd	Adresse	Poststad	e-post:
Fjaler kommune	Dalstunet 20	6963 Dale i Sunnfjord	per.arne.tveit@fjaler.kommune.no

Miljøløftet:

- Regionrådet støttar at det vert stilt strengare miljøkrav ved utlysing av offentlege transportanbod, men der dette vil medføre dyrare transport for næringar og personar som ikkje har alternative reisemåtar, meiner vi også det offentlege ved staten og fylkeskommunen må kompensere meirkostnaden.

Finansiering:

HAFS Regionråd vil gje full støtte til tankane bak «Meir veg for pengane». Denne satsinga bør innehalde:

- Større høve til å gjere fråvik frå vegnormalen ved utbetring av flaskehalsar og strekningsvise utbetringar der dette kan føre til oppgradering av større vegstykke og dermed gje høgare nytte av eksisterande vegnett.
- Maksimal utnytting av ordninga med ferjeavløysingsmidlar frå staten. Vestland fylkeskommune må verte ein pådrivar for å få mest mogeleg ut av denne statlege finansieringsordninga. Gjennomføring av Ytre Steinsund og Atløysambandet snarast mogeleg, vil vere gode bidrag frå vår region for å få meir veg for pengane i Vestland.

Fra: Per Arne Tveit [mailto:Per.Arne.Tveit@fjaler.kommune.no]
Sendt: 9. februar 2021 14:45
Til: Bente Nesse; Erik Askeland; Gunn Åmdal Mongstad; Hallvard Oppedal; Håkon Loftheim; Irene Søreide; Kjell Eide; Kjetil Høgseth Felde; Martin Lundgård; Ole André Klausen
Emne: Utkast til skriftleg fråsegn om planprosess RTP i Vestland

Hei alle!

Vedlagt følgjer utkast til revidert fråsegn. Sjå på den og gje tilbakemelding. Denne har vi så vidt eg veit litt tid på (utgangen av februar), men det er godt med alt som er innsendt.

Med helsing

Per Arne Tveit
Sekretær for HAFS Regionråd
Mobil: 91589681
E-post: per.arne.tveit@fjaler.kommune.no

Solund kommune
Ordføraren

Vestland fylkeskommune
Postboks 7900
5020 BERGEN

ArkivsakID:	JournalID:	Arkivkode:	Dykkar.ref	Dato:
21/134	21/620	K1-113, K2-Q00		25.02.2021

Innspel til arbeidet med Regional transportplan for Vestland fylke

Solund kommune viser til HAFS regionråd si fråsegn til arbeidet med Regional transportplan og støtter dei innspela som kjem fram der.

I tillegg vil vi komme med fylgjande innspel og presiseringar:

- Det er svært gledeleg at Ytre Steinsund bru no ser ut til å bli ein realitet, og når brua står ferdig, vil det vere trong for endringar i rutemønster.
  Vi ber om at ein i god tid saman med Solund kommune ser på det samla rutesystemet og at ein har ein god dialog i samband med aktuelle justeringar.

- Til punktet i fråsegna som gjeld kollektivtransport på sjø, vil vi vise til vedtak i FU- sak 201/2020 som gjeld flytting av ekspressbåt stopp til Hardbakke.

  Vedtak
  Fylkesutvalet støttar konklusjonane og fylkes rådmannen sine vurderingar om endra stopp for båtruta Bergen-Selje-Bergen i Solund. Å endre anløpskai frå Krakhella til Hardbakke vil ha stor verdi for Solund kommune og for dei fleste reisande til og frå kommunen. Enkelte område vil få eit redusert tilbod, men gjeld små reisestraumar.

  Endringa avheng av større investeringar i infrastruktur, og vert kopla til pågåande arbeid med Regional transportplan for Vestland. Fylkesutvalet har forståing for at Hyllestad kommune er uroa over at dette kan medføre eit forringe tilbod for deira innbyggarar. Ein ber difor administrasjonen om å gå i dialog med Hyllestad og andre berørte kommunar for å drøfte konsekvensar og mogelege avbøtande tiltak.

  Vi føreset at dette blir innarbeidd i den vidare prosessen med RTP. Dette er ei sak som vil kunne få betydeleg verknad for busetnad og verdiskaping i Solund, og vi ser fram til ein tett dialog med fylkeskommunen og ein god prosess kring dette i samsvar med vedtaket.

- For verdiskaping i øysamfunna er varetransport avgjerande. Godsruta med båt som m.a. går gjennom Solund har gjennom mange år vore særs viktig, og det må også sikrast eit tilbod vidare på minimum det nivået som er i dag. Ein bør også sjå på om ei betre samordning av

transportløysingar kan medføre større fleksibilitet og betre tenester for både næringsliv og private kundar på øyene.

- Ferjene er «livsnerva» til øysamfunna, I det vidare arbeidet med RTP må ein vurdere takstsoner på dei lengste sambanda, og sikre regularitet og eit ruteoppsett som er tenleg for fastbuande og næringsliv.
  Særleg vil vi peike på at det i nye anbod må leggast inn krav om reservemateriell som kan oppfylle gjeldande ruter og vere på plass innan kort tid.
- Til sist vil vi sterkt understreke trongen for utbetring på FV 606. Særleg dei to tunellane er ein flaskehals for større bilar, og som einaste innfartsåre til kommunen på veg, er dette ein hinder for næringstransport.

Vi vil elles kome attende til fleire konkrete innspel i komande høyringsrunde.

Med helsing

Gunn Åmdal Mongstad
ordførar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vestland fylkeskommune

Innovasjon og næringsutvikling
INN - Verdiskaping i byregionar

Vår referanse 2020/74003-15
Dato 25.01.2021

Jamfør vedlagte adresseliste

Berekraftig verdiskaping - Regional plan for innovasjon og næringsutvikling 2021-2033 - Høyring og offentleg ettersyn av regional plan

Fylkesutvalet i Vestland vedtok i møte 19.01.21 å sende planen «Berekraftig verdiskaping – Regional plan for innovasjon og næringsutvikling 2021-2033» i Vestland fylke på høyring og offentleg ettersyn. **Høyringsfristen er 26. mars 2021.**

Endeleg vedtak av planen er planlagt for fylkestinget i juni 2021, etter ein omfattande høyringsprosess.

Mange har vore involvert i utvikling av planen

Berekraftig verdiskaping - Regional plan for innovasjon og næringsutvikling er ein plan for heile Vestland fylke. Planen er fylket – ikkje fylkeskommunen – sin felles plan for innovasjon og næringsutvikling. Svært mange personar både i fylkeskommunen og i andre organisasjonar har vore involvert i arbeidet med utarbeiding av planen.

Styringsgruppe for planarbeidet er Næringsforum Vestland. Medlemmer i Næringsforum Vestland er Innovasjon Noreg Vestland, Statsforvaltaren i Vestland, Fiskeridirektoratet Region Vest, NAV Vestland, Universitetet i Bergen, Høgskulen på Vestlandet, Norges Handelshøyskole, NHO Vestlandet, LO-sekretariatet i Vestland, KS Vestland, Bergen kommune og Norges forskingsråd (regional representant). Fylkesdirektør for Innovasjon og næringsutvikling i Vestland fylkeskommune er leiar for forumet.

Berekraftig verdiskaping - regional plan for innovasjon og næring

Planen byggjer på mål og prinsipp slått fast i Utviklingsplanen for Vestland 2020-2024. Det omfattande kunnskapsgrunnlaget for den regionale planen viser ulike scenario, moglegheiter og barrierar for å lukkast med å tilpasse seg dei store samfunnsendringane og internasjonal konkurranse. All kunnskap peiker på at korleis ein taklar den store berekraftige omstillinga er avgjerande for å lukkast. Tida er knapp. Vi må ta utgangspunkt i dei store fordelane vi har i næringslivet og som ofte er basert på naturressursane våre. Vi må ta i vare det vi er gode på i dag, legge grunnlag for nye innovasjon på tvers av verdikjeder – og gripe nye moglegheiter. For å lukkast, må vi bygge vidare på verdiane til det nye fylket; «kompetent, open og modig».


Hovudmålet for planen er: *Vestland er det leiande verdiskapingsfylket basert på berekraftig bruk av naturressursar, grøn næringsutvikling og innovasjon.*

Planen har tre satsingar:

- Grøn næringsutvikling
- Innovative og inkluderande samfunn
- Areal for næringsutvikling

Telefon 05557 | E-post post@vlfk.no | Heimeside www.vestlandfylke.no | EHF-Fakturaadr. 821311632 | Organisasjonsnr. 821 311 632

Ein verkemiddelpolitikk som støttar opp under satsingane, og nytter dei rette verkemidla, og kombinasjonar av verkemiddel til rett tid vil vere heilt sentralt for å setje satsingane ut i livet. Vi må også ta omsyn til tverrgåande tema som er sentrale for å lukkast med gjennomføringa av planen.



Satsingane i planen er bransjenøytrale og gjeld for alle næringane. Eit viktig moment i oppfølginga av planen er difor å leggja til rette for å identifisere næringar og verdikjeder som kan fylle framtidig eksport- og verdiskapingsgap.. Sjølv om dei overordna satsingane i den regionale planen er næringsnøytrale, vil dei sentrale næringane i dag i stor grad vere det også i heile planperioden.

Retningsliner for arealplanlegging og referanse til plan og bygningslova § 8.5

Det kan her sjå ut som at ein her ønskjer å flytte mynde frå kommunalt til regionalt nivå. Det har ikkje vore intensjonen.

I retningslinene i plandokumentet side 17 vert plan og bygningslova § 8.5 referert, vi er blitt gjort merksame på at denne referansen har konsekvensar som ikkje var tilstrekkeleg utgreidd. Vi vart gjort merksame på dette for seint til å rette det i versjonen som går ut på høyring. Bruk av ein slik paragraf skulle alt vore varsla alt i planprogrammet, noko den ikkje var. I endeleg plan vil setninga med referanse til plan og bygningslova § 8.5 verte fjerna. Retningslina elles er det på noverande tidspunkt ikkje behov for å endre. Det er utarbeida overordna retningsliner for arealplanlegging knytt til næringsutvikling. Retningslinene er overordna og løyser ikkje ut krav om konsekvensutgreiing. Men retningslinene vil vere førande ved utvikling av nye og eksisterande næringsareal.

Meir informasjon om planen kan de finne på Vestland fylkeskommune sine nettsider: lese på vlfk.no/hoyring-plan-INN.

Kva ønsker vi dykkar syn på?

Fylkeskommunen ønskjer innspel på planen og handlingsprogrammet. Planen «Berekraftig verdiskaping» med tilhøyrande handlingsprogram er fylket, ikkje berre fylkeskommunen sin plan for innovasjon og næringsutvikling.

Planen har som visjon: Nyskapande og berekraftig.
Hovudmålet i planen er: Vestland er det leiande verdiskapingsfylket basert på berekraftig bruk av naturressursar, grøn næringsutvikling og innovasjon

1. I kva grad gir planen ei tydeleg strategisk retning for arbeidet med innovasjon og næringsutvikling i fylket fram mot 2033?
2. Planen har tre satsingar: Grøn næringsutvikling, Innovative og inkluderande samfunn, Areal til næringsutvikling
   Er dei tre satsingane og tilhøyrande strategiar veleigna for å nå måla?
3. Er planen veleigna til å møte utfordringar knytt til korona-pandemien på kort og lengre sikt?

4. På kva måte kan planen vere eit godt verktøy til å mobilisere ulike aktørar til å delta i arbeidet med innovasjon og næringsutvikling i fylket?
5. Korleis kan planen bli eit godt verktøy for å samordne offentleg innsats og verkemiddelbruk?
6. Spørsmål spesielt til offentlege verksemder:
   Korleis kan planen fungere som overordna plan for regionale organ si verksemd og for kommunal og statleg planlegging og verksemd i regionen, på ein slik måte at til dømes kommunar berre treng utvikle eigne handlingsplanar?
7. Andre vesentlege innspel til planen

Handlingsprogram 2021

8. Kva andre tiltak/aktivitetar bør inn i handlingsprogrammet for 2021 for å få på plass eit godt fleirårleg handlingsprogram for 2022-2025?
9. Kven bør delta i det regionale samarbeidet for å nå måla, og korleis skal samarbeidet verte organisert?
10. Andre vesentlege innspel til handlingsprogrammet for 2021

Handlingsprogram 2022-2025

11. Kva forslag til strategiar og tiltak i handlingsprogrammet for 2022-2025 har du.
12. Har de innspel til felles utfordringar eller innsats innafor dei tre satsingane som må sjåast nærare på kort og lang sikt?
13. Korleis kan din organisasjon bidra i samarbeid eller partnarskap for å nå måla i planen?
14. Andre vesentlege innspel til arbeidet med handlingsprogrammet for 2022-2025

Høyringsmøte
Det er planlagt ein serie med regionale høyringsmøte. Møta vert i all hovudsak digitale. Møta vil bli annonsert. Informasjon og påmelding vil også bli publisert på nettsida vlfk.no/hoyring-plan-INN.

Vi ønskjer at de sender innspel via skjema på høyringssida, men innspel kan også sendast til post@vlfk.no. Merk innspela med referanse 2020/74003

Høyringsfristen er **26. mars 2021.**

Eventuelle spørsmål kan rettast til:

- Seniorrådgjevar Ingjerd Skogseid, epost ingjerd.skogseid@vlfk.no tlf 916 96 016
- Rådgjevar Ingeborg Sofie Sætrevik, epost: Ingeborg.Sofie.Setrevik@vlfk.no
  tlf 97 70 65 71

Med helsing

Per Morten Ekerhovd
fylkesdirektør

Mette Nora Sætre
seksjonssjef

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

1 Berekraftig verdiskaping - Regional plan for innovasjon og næringsutvikling - Høyring og offentleg ettersyn av plan

2 Høyringsversjon - Handlingsprogram 2021 - Berekraftig verdiskaping - Regional plan for innovasjon og næringsutvikling
3 Høyringsversjon - Berekraftig verdiskaping - Regional plan for innovasjon og næringsutvikling

Høyringsutkast

Berekraftig verdiskaping

Regional plan for innovasjon og næringsutvikling 2021-2033

Vestland fylkeskommune

Innhald

1 Innleiing 4

1.1 Utfordringar og moglegheiter 5

1.2 Framtidas arbeidsplassar 6

1.3 Hinder for utvikling 7

1.4 Framtidas eksportnæringar 8

1.5 Innanlandsmarknaden 8

2 Visjon og mål 10

3 Satsingar 12

3.1 Tema som gjeld alle satsingane 13

3.2 Grøn næringsutvikling 14

3.3 Innovative og inkluderande samfunn 15

3.4 Areal til næringsutvikling 17

4 Frå plan til handling 20

4.1 Handlingsprogram og årsplanar 20

4.2 Samarbeid og forpliktande partnarskap 20

4.3 Verktøy og verkemiddel 21

4.4 Verknad for miljø og samfunn 21

4.5 Avgrensing og kopling til andre planar 22

4.6 Resultatmåling og evaluering 23

Definisjonar /Ordliste 24

Det er no vi skal skape framtidas arbeidsplassar!

Den store utfordringa i verda er eit klima i endring, men også stor sosial og økonomisk ulikskap. Vi er framleis midt i korona-pandemien, og veit ikkje kva dette betyr for framtida. Oljeprisfallet vinteren 2019/20 var ein kraftig vekker. For Norge og Vestland fylke betyr dette først og fremst å arbeide endå hardare med «den store omstillinga» frå produksjon og distribusjon av fossilt brensel til noko vi enno ikkje heilt veit kva er.

Vestland er eit svært ressursrikt fylke, og nokre av framtidsnæringane er lette å få auge på. Andre er vanskelegare å sjå. I mange bransjar er vi verdsleiande, og det er avgjerande å nytte desse fortrinna i utvikling av nye produkt for marknader i endring. Vi må finne slektskapsband mellom dei beste næringane og næringsutøvarane, på tvers av etablerte bransjestrukturar, marknader, råvarer og produksjonsprosessar.

Fylkestinget har valt verdiane «kompetent», «open» og «modig» som skal danne retning for arbeidet i fylkeskommunen. Kanskje er det verdien «modig» som er viktigast for alle partnarane og innbyggarane i det nye fylket i tida som kjem. Mot til å arbeide mot mål som synest langt borte, mot til å sjå løysingar der vi tidlegare såg problem. Mot til å sjå nye kombinasjonar av produkt og metodar, og sjå mot nye marknader. Mot til å fremme krav om endringar i rammevilkåra andsynes sentrale styresmakter når det er naudsynt.

Hausten 2020 har vi også sagt at vi må bli verdsmeister i samarbeid. Denne planen er eit resultat av at nesten 50 menneske frå mange ulike organisasjonar har arbeidd saman i arbeidsgrupper for å fremme synspunkt på omstilling, innovasjon, inkluderande samfunn, byen som motor, framtidas næringsareal, og felles verktøykasse. Vi skal halde fram med samarbeidet, men no for å realisere framtidas arbeidsplassar for eit kompetent og satsingsvillig folk; Vestlendingen!

1 Innleiing

Globalisering, demografiske endringar, urbanisering, digitalisering, klimaendringar og pandemi påverkar utviklinga i Vestland. Desse trendane grip inn i kvardagen til oss som bur her, dei påverkar næringslivet vårt, økonomien, miljøet og alt samfunnsliv. Dei tvingar også fram kortsiktige endringar og eit langsiktig behov for omstilling i næringsliv og samfunnsliv.

Vestland fylke og kommunane i Vestland har ei viktig rolle når det gjeld tilrettelegging for lokalt nærings- og samfunnsliv. Det skal no etablerast nye samarbeid, utviklast eit felles rammeverk, og leggjast til rette for gode, opne og føreseielege prosessar for verdiskaping og samfunnsutvikling. I dette arbeidet har Vestland fylkeskommune ei sentral rolle. Samfunnsoppdraget er å setja strategisk retning, engasjere og samhandle for å utvikla gode tenester og eit framtidsretta Vestland. Visjonen er å vera nyskapande og berekraftig. Dette er lagt til grunn for planarbeidet. Regionreforma har i tillegg gitt Vestland fylkeskommune ansvar for å

- gje strategisk retning til samfunnsutviklinga, tilpassa regionale og lokale forhold
- mobilisere privat sektor, kulturliv og lokalsamfunn
- samordne og koordinere offentleg innsats og verkemiddelbruk

Regional utvikling, verdiskaping og innovasjon krev langsiktig innsats og tett samarbeid mellom fleire aktørar. Korleis vi samarbeider er også viktig for dei resultata vi når. Næringsutvikling kan vera krevjande, både når det gjeld finansiering, kapasitet og kompetanse. Gode resultat krev kunnskap og god koordinering frå fleire verkemiddelaktørar. Eit konstruktivt samarbeid bidreg til at dei regionale- og distrikts-politiske måla blir nådde i større grad.

Dersom framtidig verdiskaping, eksportverdiar, arbeidsplassar og velstand skal sikrast og utviklast må alle gode krefter i næringsliv, det offentlege, akademia og samfunnsaktørar elles jobbe saman om innovasjon på tvers av verdikjeder.

Innhaldet og satsingsområda i planen er utvikla gjennom samarbeid og samhandling med næringsliv, arbeidsliv, FoU-institusjonar, kommunar og regionale statlege aktørar. Næringsforum Vestland har ein sentral rolle i dette samarbeidet. Dei har i fellesskap utarbeidd planen, og har også ansvar i oppfølginga av planen.

Medlemmer i Næringsforum Vestland er Innovasjon Noreg Vestland, Fylkesmannen i Vestland, Fiskeridirektoratet Region Vest, NAV Vestland, Universitetet i Bergen, Høgskulen på Vestlandet, Norges Handelshøyskole, NHO Vestlandet, LO-sekretariatet i Vestland, KS Vestland, Bergen kommune og den regionale representanten for Norges forskingsråd. Fylkesdirektør for Innovasjon og næringsutvikling er leiar for forumet.

1.1 Utfordringar og moglegheiter

Vestland er det største eksportfylket i Noreg. Om lag 25 prosent av vasskrafta i landet vert produsert i vår region, og vi har fleire kunnskapsmiljø og teknologimiljø som er verdsleiande på sine område. Bergen har ein sterk posisjon som drivkraft for regionen – både regionalt, nasjonalt og ikkje minst internasjonalt. Langs kysten, i fjordane og i indre delar av fylket er det rike naturressursar, arbeidsplassar og verksemder som gir gode føresetnader å utvikla grøn konkurransekraft og berekraftig verdiskaping.

Det som i dag er viktige næringar vil i stor grad framleis vere det. Fornybar energi, olje og gass, marin sektor, maritim sektor, prosessindustri, mineralutvinning og reiseliv er sterke bransjar som både har konkurransekraft og gir ringverknader i den regionale- og nasjonale økonomien. Reiseliv, media og kulturbasert næringsliv er viktige næringar.

Landbruket har som si viktigaste oppgåve å produsere mat. Skogsdrifta bidrar positivt til klimaet, både som karbonlager og fornybar ressurs som kan erstatte meir klimabelastande alternativ. Næringa gjev i tillegg grunnlag for arbeidsplassar både direkte og indirekte, skjøttar kulturlandskap og bidreg til busetnad i heile fylket. Verdikjeder knytt til alle desse bransjane inneheld kunnskapsintensive, tenesteytande næringar og spesialiserte underleverandørar. Alt dette er eit godt utgangspunkt for å løysa det som på sikt er dei to store utfordringane for fylket:

- Få fart på den store omstillinga som skal gjere Vestland mindre oljeavhengig
- Sikre verdiskaping, arbeidskraft og arbeidsplassar i heile fylket.


Den forventa nedgangen i olje og gass skaper eit eksportgap som må fyllast skal vi oppretthalde velferdsnivået i fylket og på landet elles. Kompetansen, teknologien og det internasjonale nettverket som er bygd opp etter fleire tiår med olje- og gassverksemd i Norge, er helt avgjerande for å drive fram teknologioverføring, utvikling og innovasjon både i etablert og nytt næringsliv. Utfordringa er å posisjonere næringslivet i Vestland i ein global marknad og byggje verdikjeder for å forsterke eksportnæringar og sikre auka verdiskaping. Det krev både større eksport frå eksisterande næringar og utvikling av nye eksportnæringar.

Det er ei overordna målsetting at heile fylket skal takast i bruk, og at alle skal ha like moglegheiter til å delta i verdiskapinga. Arbeidet skal vera relevant, samstundes som det bidrar til eit berekraftig og innovativt nærings- og samfunnsliv. Dette er krevjande når delar av fylket er prega av nedgang i folketalet, aldring og spreidd busetnad. Då blir tilgangen på arbeidskraft med rett kompetanse ei stor utfordring for næringslivet i distrikta.

Eit godt samspel mellom senter og omland på alle nivå må til. Bergen og regionale sentra må fungere som ei drivkraft i seg sjølv, men også sikre verdiskaping, arbeidskraft og arbeidsplassar i distrikta. Det er distrikta som kjem til å leie an i det grøne skiftet. Det er i distrikta ein finn naturressursane, arbeidsplassane og bedriftene som gjer at vi skal bruke grøn konkurransekraft og grøn næringsutvikling i alle ledd til å skape dei nye arbeidsplassane. Dette arbeidet er avhengig av rett kompetanse på riktig plass, og vi må skape synergiar og utvikling gjennom samarbeid på tvers av geografiske område og aktørar. Det må arbeidast målretta med å utbetra regionale og kommunale forskjellar på breiband-dekning og digital infrastruktur. God og relevant utdanning og kompetanse er naudsynt for at næringane våre skal vere konkurransedyktige internasjonalt.

1.2 Framtidas arbeidsplassar

Skal vestlandsk næringsliv bli meir robust for ei klimavenleg framtid, må innsatsen rettast mot næringar som har stort potensial for låge klimautslepp, god lønsemd og internasjonal vekst. Framtidsscenario for næringslivet i Vestland fram mot 2035 viser både kva vi bør jobbe med for å styrka verdiskapinga i fylket, og kva som kan skje dersom det eksportretta næringslivet ikkje klarar å tilpasse seg utviklinga med nye internasjonale krav og skjerpa konkurranse. Scenarioet viser at grøn omstilling og verdiskaping er heilt avgjerande for å lukkast. Figuren under viser dei viktigaste konkurransefortrinna Vestland har for denne omstillinga.



Figur 1 Dei viktigaste konkurransefortrinna Vestland har for omstillinga fylket står overfor. (Kjelde: «Vestlandsscenarioer 2020 – Felles kunnskapsgrunnlag for en foretrukket fremtid», EY på oppdrag av Vestland Fylkeskommune, NHO, LO, KS, NAV, Bergen Næringsråd, Næringsalliansen i Hordaland, Sogn og Fjordane Næringsråd, Bergen kommune og Atheno)

Vestland har verdsleiande klyngemiljø og næringsalliansar som allereie har, og kan ta, ein leiande posisjon i det grøne skiftet. Næringslivet i Vestland bør bygge vidare på eksisterande verdikjeder knytt til olje og gass, sjømat, maritim og prosessindustri. Her har Vestland både naturgitte og kompetansemessige føresetnadar. Elleve verdikjeder, inklusive sirkulære modellar og energisystem har særskilt potensial for grøn omstilling og nye eksportverdiar. Av desse er særskilt havvind, hydrogen (blå og grøn), karbonfangst og -lagring (CCS) og løfta fram av EU og Noreg. Når det gjeld CCS er det sett i gang nasjonal satsing på mottaksanlegg for CO2 ved Kollnes i Øygarden. Dette er ei del av Northern Lights-prosjektet for fullskala karbonfangst og -lagring, og omfattar transport, mottak og permanent lagring av CO2 i eit reservoar i den nordlege delen av Nordsjøen.



Figur 2 Verdikjeder, inklusive sirkulære modellar og energisystem som har særskilt potensial for grøn omstilling og nye eksportverdiar *(Kjelde: «Vestlandsscenarioer 2020 – Felles kunnskapsgrunnlag for en foretrukket fremtid», EY på oppdrag av Vestland Fylkeskommune, NHO, LO, KS, NAV, Bergen Næringsråd, Næringsalliansen i Hordaland, Sogn og Fjordane Næringsråd, Bergen kommune og Atheno)*

1.3 Hinder for utvikling

Elektrifiseringa av Noreg er i gang og Vestland leier an. Det er varsla stor vekst i straumforbruket i Bergen og omland i planperioden. Ny landbasert industri og elektrifisering av sokkelen vil dobla forbruket i Bergen og omland i løpet av få år.

Manglande kapasitet i kraftnettet er på kort sikt det største hinderet for å få realisert desse planane. Utan oppgradering og fornying av kraftnettet vil det ikkje vera mogleg å etablere ny kraftkrevjande industri dei neste 5-10 åra.

Finn vi ikkje ei løysing på dette vil det føre til at vi tapar konkurransekraft, attraktivitet internasjonalt og at vi ikkje får sett i gang kritiske pilotprosjekt for berekraftig verdiskaping.



Figur 3 Varseltrekantane over viser dei største hindra for utvikling. (Kjelde: «Vestlandsscenarioer 2020 – Felles kunnskapsgrunnlag for en foretrukket fremtid», EY på oppdrag av Vestland Fylkeskommune, NHO, LO, KS, NAV, Bergen Næringsråd, Næringsalliansen i Hordaland, Sogn og Fjordane Næringsråd, Bergen kommune og Atheno)

1.4 Framtidas eksportnæringar

Vestland har sju næringar som er prega av internasjonal konkurranse. Dette er olje og gass, fornybar næring, maritim, marin, reiseliv, prosess- og verftsindustrien. Alle desse næringane kjem til å bli påverka av endra internasjonale rammevilkår som følgje av forsterka krav til berekraft, karbonnøytralitet, nullutslepp og klimatilpassing. Det er difor kritisk for Vestland at vi lukkast med å tilpasse og utvikle eksport-retta verdikjeder.

Dei fire eksportnæringane; sjømat-næringa, maritim næring, prosessindustrien og fornybarnæringa har allereie eit stort eksportvolum, og ei auke kan ha stor betydning for framtidig verdiskaping. Alle desse næringane har eit stort potensial i framtidas lågutsleppssamfunn fordi dei har høg produktivitet, stort eksportvolum og har gode moglegheiter for å kutte i klimagassutslepp. Fortrinna vert forsterka ved høgare internasjonal avgift på utslepp.

Kutt i klimagassutslepp krev auka elektrifisering, mellom anna på norsk sokkel. Det krev store kraftressursar og stor framføringskapasitet. Det er ei utfordring å unngå at dette hemmar anna, alternativ næringsutvikling basert på elektrisk kraft.

Delar av næringslivet i vårt fylke har eit forsprang på konkurrentane fordi dei allereie er i gang med å redusere utsleppa grunna relativt høge avgiftsnivå på klimagassar. Sjølv om utgangspunktet er betre for Vestland enn andre regionar, vil ein venta nedgang i olje og gass vere krevjande å møte. For å bøte på dette må næringslivet i Vestland førebu seg på å tette eksportgapet ved å skape nye verdiar gjennom auka eksport av varer og tenester med fokus på endra rammevilkår knytt til klima, miljø og berekraft.

1.5 Innanlandsmarknaden

Dei fleste i arbeidslivet arbeider i bedrifter som sel varer og tenester til ein lokal, regional eller nasjonal marknad, eller dei arbeider i offentleg sektor.

Landbruket er kanskje den næringa som har teke ut største effektiviseringsgevinstane siste åra, noko som har ført til færre bønder. Likevel har verdikjedane knytt til landbruket stor betydning for sysselsetjinga i Vestland. Daglegvarebransjen, bygg og anlegg er mellom dei aller viktigaste næringane i Norge med tanke på å halde hender i arbeid. Fleirtalet av dei sysselsette i reiselivet arbeider i ein lokal og nasjonal marknad.

Denne planen tek utgangspunkt i at vi skal halde fram med å stø utviklingsarbeidet i desse viktige næringane.

Offentleg sektor er på den eine sida ein forbrukar av midlar frå fellesskapet, men også ein vesentleg økonomisk faktor i form av store investeringar og innkjøp. Investeringar i vegar og anna infrastruktur, offentlege bygg, leveransar av varer tenester betyr mykje for ei rekke næringar. Denne innkjøpsmakta vil i større grad bli ein grøn innovasjonsdrivar for privat næringsliv, for på den måten motivere næringslivet til å utvikle nye berekraftige løysingar.

Kultur er også ein innsatsfaktor som skaper stor økonomisk aktivitet, mykje av denne aktiviteten er næringsverksemd.

Samla er alle desse næringane ein stor del av verdiskapinga. Norge er ein liten marknad, og skal vi utvikle norsk økonomi, må vi bruke merksemd på dei næringane som har eit potensial internasjonalt. Desse kan vi skildre som «motorane» i verdiskapinga, akkurat som produksjon og distribusjon av olje og gass har vore avgjerande for velstandsutviklinga vår.

Vestland er det fylket som produserer mest vasskraft. Fornybar energi blir ein nøkkel i planperioden. Planen har teke utgangspunkt i at vasskraft er kjend infrastruktur som ligg i botnen for mykje av det andre vi driv med.

2 Visjon og mål

Visjon: Nyskapande og berekraftig

Hovudmål: Vestland er det leiande verdiskapingsfylket basert på berekraftig bruk av naturressursar, grøn næringsutvikling og innovasjon

Utviklingsplanen gir ein felles kurs for å inkludere, inspirere og mobilisere Vestlandssamfunnet til innsats for ei berekraftig og nyskapande utvikling. Utviklingsplanen for Vestland har definert fire hovudmål som skal leggast til grunn for all utvikling, planlegging og aktivitet i fylket. Måla er lagt til grunn i denne planen.

- Mål 1: Vestland som det leiande verdiskapingsfylket og nasjonal pådrivar for eit regionalisert og desentralisert Noreg
- Mål 2: Klima og miljø som premiss for samfunnsutvikling
- Mål 3: Lokalsamfunn som ramme for gode kvardagsliv i heile Vestland
- Mål 4: Like mogelegheiter til å delta i verdiskaping



Figur 4 Figuren illustrerer at samfunn og økonomi er innvevd i, og avhengig av, biosfæren. Når biosfæren er trua – gjennom menneskeskapte klimaendringar og tap av naturmangfald – må klima- og miljø veie tyngre og sjåast som ei føresetnad for sosial og økonomisk berekraft. (Azote Images for Stockholm Resilience Centre).

Satsingane denne planen definerer bidrar alle til å nå mål og strategiar i utviklingsplanen. Når det gjeld FN sine berekraftmål vil planen legge til rette for langsiktig og berekraftig verdiskaping, og særleg bidra til å nå dei økonomisk berekraftmåla

8. Anstendig arbeid og økonomisk vekst
9. Industri innovasjon og infrastruktur
11.Bærekraftige byer og lokalsamfunn
12. Ansvarleg forbruk og produksjon
13. Stoppe klimaendringane
17. Samarbeid for å nå måla

Det likevel slik at alle berekraftsmåla og samspelet mellom miljø, samfunn og den økonomiske utviklinga er avgjerande for samfunnsutvikling og økonomisk vekst.


3 Satsingar

For at Vestland skal bli det leiande verdiskapingsfylket basert på berekraftig bruk av naturressursar, grøn næringsutvikling og innovasjon har vi tre satsingar:

- Grøn næringsutvikling
- Innovative og inkluderande samfunn
- Areal til næringsutvikling

Satsingane i planen gjeld for alle bransjane, men for å fylle eit forventa framtidig eksport- og verdiskapingsgap må vi også utvikle nye næringar og verdikjeder. Det vert difor ikkje trekt fram spesifikke næringar på regionalt nivå som det skal satsast på. Regional plan for innovasjon og næringsutvikling er ein 12-årig plan, og vil bli følgt opp med fleirårige handlingsprogram som vert vurdert for rullering årleg.

For å lukkast er det viktig at regionalt kunnskapsmiljø og næringsliv også rettar blikket mot nasjonale og internasjonale satsingar på arbeidsplassar, innovasjonskapasitet og konkurransekraft. Norge er ein stor bidragsytar i Horisont Europa – EU sitt rammeprogram for forsking og innovasjon (2021–2027). For å løysa globale utfordringar og samstundes skapa eit konkurransedyktig næringsliv, kjem det i planperioden tunge satsingar på m.a. helse, digitalisering, klima, energi, mat, bioøkonomi, naturressursar, jordbruk og miljø.



Figur 5. Satsingane i planen

3.1 Tema som gjeld alle satsingane

Heile Vestland skal takast i bruk, men innsatsen må ha eit regionalt perspektiv og tilpassast behov i ulike delar i fylket. Nokre tema og arbeidsområde er likevel felles for alle satsingar.

- **Samhandling og møteplassar**
  Vi må legge til rette for innovasjonsnettverk og møteplassar på tvers av bransjar. For å nå måla i planen treng Vestland fylkeskommune partnarar i fylket som bidrar med dei verkemidla dei rår over, og kunnskap som supplerer og utfyller den kunnskapen som fylkeskommunen har. Mange utviklingsmiljø og organisasjonar i fylket har stor kompetanse, og unik nærleik til næringsaktørar og ulike geografiske område, og kan tilpasse innsatsen i ulike deler av fylket.

- **Internasjonalisering**
  Vi opererer i ein internasjonal kontekst som set rammevilkår for næringsliv og offentleg sektor i Noreg. Internasjonale avtaler krev utvikling av berekraftige, utsleppsreduserte produkt og tenester. Historisk og kulturelt har Vestland dei beste føresetnad for å lukkast med ei grøn omstilling tilpassa behov i internasjonale marknader. Internasjonalt samarbeid gir oss kunnskap, kompetanse og nettverk i tillegg til finansiering av samarbeidsprosjekt og investeringsmidlar.

- **Kompetanse**
  Tilgang til tilstrekkeleg og rett kompetanse er avgjerande for omstilling og grøn vekst.
  Vi skal bygge rett kompetanse for framtida, både for eksisterande og nye næringar. Vi skal sikre at innbyggjarane har kompetanse som gjer dei relevante for arbeidsmarkanden og kan ta gode karriereval. Dette må gjerast gjennom eit forpliktande samarbeid mellom utdanningsinstitusjonar, arbeidslivet og offentleg sektor.

- **Felles kunnskapsgrunnlag, analysar og kommunikasjon**
  Gjennomføring av planen må vere kunnskapsbasert. Vi skal samarbeide om å oppdatere analyser, initiere større kunnskaps- og forskingsarbeid og dele kunnskap. Informasjon om måla våre, og resultat av satsingane, skal vere eit felles prosjekt. Dette er avgjerande for å sikre eit breitt eigarskap til utfordringar, moglegheiter og løysingar.

- **Forsking og innovasjon**
  Forsking har ein sentral rolle innovasjonssystemet. Vi skal stimulere næringsliv og offentleg sektor til å nytte forsking i eige utviklings- og innovasjonsprosessar, og som grunnlag for politikk og vegval. Vi skal auke finansiering av forsking gjennom regionale ordningar og få betre utteljing i nasjonale og internasjonale forskings- og innovasjonsordningar. Det er behov for å vidareutvikle og skape nye arenaer for samarbeid om forskingsbasert innovasjon mellom næringsliv, offentleg sektor og forskingsaktørar, særleg i møte med dei utfordringane og moglegheitene Vestland står framfor.

- **Infrastruktur og digitalisering**
  Næringsutvikling og verdiskaping er avhengig av god infrastruktur. Framtidig verdiskaping føreset gode regionale løysingar for transport og kommunikasjon. Vi må sørge for gode transportmoglegheiter for både gods og folk. Vi må ha tilstrekkeleg kapasitet på breiband, mobilnett og tilgang til elektrisk kraft. Vi må sørge for samordna planlegging og innsats, og regional transportplan og regional plan for fornybar energi, og oppfølginga av dei vil vere viktig for innsatsen innan innovasjon og næring.

- **Teknologi**
  Framtidas tenestebehov krev nye arbeidsmetodar og auka bruk av teknologi. Endra økonomiske rammevilkår krev at offentleg sektor må jobbe smartare, effektivisere, innovere og digitalisere. I næringslivet kan ny teknologi og nye forretningsmodellar leggja til rette for innovasjon. Digitale løysingar kan leggja til rette for betre kunnskapsdeling og nye tenester.

- **Innovasjonsinfrastruktur**
  Det må skapast ein god, regional innovasjonsinfrastruktur. For nærlingslivet handlar det om meir enn pengar. Kopling opp mot internasjonale kundar, investorar, samarbeidspartnarar og andre nettverk for å bygge forretningsrelasjonar og nettverk er viktige hovudaktivitetar.

3.2 Grøn næringsutvikling

Mål: Næringslivet i Vestland er klimanøytralt i 2033

Grøn næringsutvikling betyr at produksjon og næringsaktivitet skal utviklast i ei retning som er meir berekraftig for miljø og klima, og i tråd med FN sine berekraftsmål. Endringar og innovasjon knytt til grøn næringsutvikling vil skje på ulike måtar:

- Forbetring av eksisterande produkt, teknologi og tenester
- Utvikling av ny teknologi, nye produkt og tenester, nye organisasjonsmåtar og nye marknader.
- Etablering av heilt nye verdikjeder.

EU sin grøne vekststrategi – European Green Deal – vil påverka det internasjonale og eksport-retta næringslivet i vårt fylke. Sentrale element blir eit eige klassifiseringssystem (taksonomi) for økonomisk berekraft, standardar og merkeordningar for grøne produkt, og fremjing av investeringar i berekraftige prosjekt.

Paris-avtalen, som Norge har ratifisert, og målet om klimanøytralitet i EU i 2050 er styrande for utviklinga. Grøn næringsutvikling inneber mindre utslepp av klimagassar, særleg CO2, mindre forbruk av ikkje-fornybare ressursar, sirkulær økonomi, mindre avfall og forureining, og særleg endringar frå fossile til fornybare energikjelder.

Forme om næringslivet til ei berekraftig framtid

Verksemder må gjerast klare til å handtere både det å produsere og optimere eksisterande drift, samtidig som dei arbeider med å utvikle nye produkt og nye verdikjeder. EU utformar politikk som påverkar norske bedrifter. Det er viktig å følge denne politikkutforminga tett for å kunne handtere nye reguleringar som kan påverke konkurranseevna til bedriftene, og for å dele informasjon med næringslivet som kan vere avgjerande for vegval. Finansiering frå EU-program blir viktig for bedrifter og FoU-miljø. For å sikre kommersialisering og oppskalering av grøne løysingar er det nødvendig å ha tilgang til gode testfasilitetar og vekstkapital. Det vil også bidra til å få fram ei breidde av nye berekraftige løysingar.

Grønt næringsliv i heile fylket

I tråd med endringar i næringslivet, må det arbeidast med å vidareutvikle og skape nye arbeidsplassar, som er viktige i ulike delar av fylket. Det må utviklast kompetansemiljø og arbeidsplassar som bevarer, tiltrekker og utviklar kompetanse. Slike miljø vil bidra til å tiltrekke seg bedrifter som kan skape nye arbeidsplassar ved å etablere seg i fylket. Ny næringsutvikling og ny industri må gjerast med ei målsetting om at det skal gjerast utan nye naturinngrep – fortetting rundt eksisterande industriområde kan vere ei løysing.

Framover må det arbeidast kontinuerleg med å identifisere verdikjeder til framtidige næringsmessige spesialiseringar (smart spesialisering). Det må bli enklare for innovative bedrifter å utvikle prototypar, teste, simulere og visualisere, slik at idear vert utvikla raskare, betre og med mindre risiko. I prosessen frå ide til marknad er det viktig med relevant forsking som kan bidra til auka kunnskapsgrunnlag.

Lukke eksportgapet

Den forventa nedgangen i olje og gass vil på sikt skape eit eksportgap som må fyllast, dersom vi skal oppretthalde velferdsnivået i Norge. Det blir ein stor utfordring å ta ut større eksport frå eksisterande næringar, utvikle nye eksportnæringar, og samstundes oppretthalde eksportinntekter på dagens nivå.

Eit grep som kan bidra er å granske om eksisterande næringsliv har produkt, tenester og teknologi som kan ha eit uforløyst potensial i internasjonale marknader. Samtidig må det aktivt arbeidast langsiktig med å utvikle eksportnæringar som kan ta posisjonar i nye verdikjeder og framveksande marknader.

Det offentlege kan bidra med å peike på samfunnsutfordringar med forretningsmoglegheiter. Der kan offentleg sektor nytta si innkjøpsmakt til å sikra utvikling av nye, grøne produkt og løysingar som kan eksporterast.

3.3 Innovative og inkluderande samfunn

Mål: Verdiskaping og nye grøne arbeidsplassar i heile fylket

Innovative samfunn fornyar seg og skapar verdi for verksemder, samfunn og innbyggjarar. Det vert eksperimentert for å finne nye løysingar på samfunnsutfordringane. Inkluderande samfunn tek vare på mangfald og motverkar utanforskap. Vestland sine innbyggarar skal ha like moglegheiter til å delta i verdiskapinga gjennom relevant arbeid i eit berekraftig og innovativt nærings- og samfunnsliv.

Arbeidsplassane våre er del av lokalsamfunn med ulike eigenskapar. Skal vi få attraktive og nyskapande arbeidsplassar i heile fylket krev det gjensidig utvikling av lokalsamfunn, næringsliv og arbeidsplassar. Gode lokalsamfunn må danne ramma for berekraftig verdiskaping.

Vi må i fellesskap identifisere samfunnsutfordringar og næringspotensiale som mange sektorar må samarbeide om for å få løyst. Det krev mot, samspel og kunnskapsdeling på tvers av fylket. Byar og distrikta utviklar seg saman. Vi må sjå ting i samanheng, og få fram kva vi er gode på. Verdiskapinga er avhengig av gode lokalmiljø, sterke bu- og arbeidsmarknadsregionar, med relevante utdanningstilbod, og ein kultur for innovasjon og medverknad.

Samtidig som Bergen og dei andre byane styrker sin posisjon, må ein sikre at det er tilstrekkeleg med arbeidskraft og arbeidsplassar i heile fylket.

Utvikle berekraftige og inkluderande bu- og arbeidsmarknadsregionar

Vi må sikre trygge arbeidsplassar innan berekraftig næring og industri som byggjar på regionane sine fortrinn og ein robust offentleg sektor.

Relevant kompetanse og utdanning, og gode system for livslang læring er avgjerande for å sikre arbeidskraft som tek høgde for skiftande behov i arbeidslivet. Vi må legge til rette for tilgang på fleksible utdanningstilbod i den einskilde bu- og arbeidsmarknadsregion, frå vidaregåande opplæring og fagskule til doktorgrad. Vi må jobbe for å styrke og samle tilbod om karriererettleiing frå skule til arbeidsliv, og legge til rette for å behalde ferdig utdanna i eige fylke.

Det er behov for å etablere felles geografisk regioninndeling på tvers av forvaltningsorgan, som er hensiktsmessig for brukarar av ulike tenester. Infrastruktursatsingar i fylket må bidra til å utvikle større bu- og arbeidsmarknadsregionar.

Dele og dra nytte av innovasjonsinfrastruktur uavhengig av geografi

En regional innovasjonsinfrastruktur handlar om gode nettverk, forretningsrelasjonar og lokalisering av fysiske testanlegg, og system der det er lett og naturleg å dele informasjon og kompetanse.

Vi vil legge til rette for informasjonsdeling om kva som skjer innafor aktuelle bransjar og på tvers av bransjar og nivå – mellom næringsaktørane, offentleg sektor, klynger og forsking- og utdanningsinstitusjonar. Alle må kjenne til kva den infrastrukturen kan levere, og korleis ein tar det i bruk. Vi ønskjer plassere ny infrastruktur strategisk med tanke på naturressursar, eksisterande manglar innan infrastruktur, arealbehov og bransjebehov.

Digitale løysingar og oppdatert digital infrastruktur er viktige føresetnader for å nå dette målet.

Bygge kultur for innovasjon og medverknad

Utvikling av regionen, lokalsamfunn og offentlege tenester krev aktiv og reell involvering av næringsliv, innbyggarar og brukarar. Fylkeskommunen og statlege aktørar må samhandle med kommunar, lokalsamfunn og frivillige organisasjonar for å løyse komplekse samfunnsutfordringar, og legge til rette for næringsutvikling og det grøne skiftet.

Vi må alle anerkjenne mangfald og inkludering som ein styrke for nærings- og samfunnsutvikling,

Det offentlege må aktivt legg til rette for samskaping og bruk av verktøy for innovasjon, entreprenørskap og medverknad, også gjennom offentlege innkjøp. Vi må hente inspirasjon både nasjonalt og internasjonalt.

3.4 Areal til næringsutvikling

Mål: Rett areal til rett føremål til rett tid.

Areal til næringsutvikling omfattar korleis vi nyttar naturressursar, og korleis vi legg til rette areal for ny næringsutvikling. Rett areal for rett næring, der ein har tatt omsyn til tilgang til infrastruktur er også eit sentralt element. Kommunane har gjennom sitt *ansvar for arealforvalting* ei sentral rolle i denne satsinga.

Eit klima- og miljøvenleg utbyggingsmønster fører til at transportbehovet vert avgrensa, reduserer klimagassutslepp og sparar verdifulle areal. Fylket har stor produksjon av fornybar elektrisk kraft, men utfordringa er å dra større nytte av krafta i eige fylke. Akvakultur og fiske er viktige næringar, men vi må nytte dei innanfor berekraftige rammer.

Framføring av elektrisk kraft, vindkraft, mineralutvinning, fiskeoppdrett, landbruk, bustadutvikling, vegar og bruer krev tilgang til areal på land og sjø. Dette er krevjande, men viktig for å skape grunnlag for verdiskaping. Fleire stader medfører dette interessekonfliktar opp mot jordvern, kulturminne, friluftsinteresser og inngrep i urørt natur. I enkelte område er det knappheit på areal som er tilpassa dei næringane som vert satsa på, andre stader kan eksisterande næringsareal få nytt formål eller fortettast slik at næringsutvikling skjer utan nye naturinngrep.

Den mest plasskrevjande næringa er landbruket, den nasjonale jordvernstrategien set mål for kor mykje landbruksjord som kan omdisponerast per år. Regional plan for innovasjon og næringsutvikling ser jordvernstrategien som ein sentral indikator for jordvern

Oppdateringa av kunnskapsgrunnlaget, med vekt på sjø- og fjellareal

Kunnskapsgrunnlaget varierer, og denne planen peikar på at kunnskapen om særleg sjøareal og fjellareal må betrast. Satsing på alternativ energi og mangedobling av havbruksproduksjonen aktualiserer problemstillinga.

Retningslinje

Ny regional planføresegn med heimel i § 8-5 i plan- og bygningslova :

Overordna retningsliner for arealplanlegging knytt til næringsutvikling er å sikre rett, og nok, næringsareal for arbeidsplassane i Vestland til rett tid.

Sentrale føringar for planlegginga av næringsareal er:

- Rett areal til berekraftig verdiskaping/grøne næringar. At ein har berekraftig areal til akvakultur.
- At planar er oppdaterte, og at planlegginga er kunnskapsbasert
- At det regionalt vert kartlagt viktige areal for næring og viktige område som ikkje skal byggast ut, samtidig som at det vert tatt omsyn til jordvern / vern av landbruksareal.
- Arbeide for meir interkommunal planlegging knytt til næringsareal
- Inkludere næringsaktørar og bedrifter i planlegging av areal til næringsutvikling

Oppdaterte planar gjennom interkommunale planar eller interkommunalt samarbeid om plankompetanse

Mange kommunar, særleg dei minste, slit med utdatert planverk. Konsekvensen er auka bruk av dispensasjonar. Dette kan løysast ved auka samarbeid kommunane i mellom om sjølve planverket, det vil seie fleire interkommunale arealplanar, eller auka samarbeid om sjølve plankompetansen. Begge deler vil truleg krevje regional medverknad og støtte.

Regional samordning mellom kommunar, regional stat og fylkeskommunen i høve planlegging av næringsareal.

Det er kommunane som er planstyresmakt i arealsaker. Samstundes er det fleire utfordringar som kan løysast best gjennom interkommunalt samarbeid. Fylkeskommunen og statlege styresmakter bør ta ei tydeleg rolle som rådgjevar tidleg i planprosessen. Kommunane bør arbeide saman om omfattande planar, og utvikle felles plankompetanse der dette manglar.

Regionale styresmakter kan gi tydelege råd i saker som krev samordning mellom kommunane. Det er behov for å gå inn i prosessane tidleg for å hjelpe kommunane med planarbeidet. Det er også viktig å arbeide med å auke samarbeid mellom kommunar om plankompetanse. Vidare må regionale styresmakter arbeide aktivt med å levere relevant kunnskap innafor sitt ansvarsområde til kommunane for bruk i arealplanar.

Regionale styresmakter må leggje til rette for samordning i høve til næringsareal. Vestland må ha ei differensiert arealforvaltning - det vil vere ulike utfordringar i by og land, kyst og innland, som må takast omsyn til.

Tilgang til næringsareal er basert på berekraftig bruk av naturressursar, grøn omstilling og innovasjon i næringslivet

Det er behov for å styrka koplinga mellom kommunale samfunnsplanar og arealplanar. Det må sikrast at det er sett av areal i arealplanar til den næringsutviklinga det vert lagt opp til. Fylkeskommunen og statsforvaltaren må arbeida saman med kommunane om å halde arealplanar oppdaterte. Ein viktig arealressurs er reetablering i eksisterande handels- og næringsområde, og det å endre arealformål for å tilpasse seg næringsliv i endring. Det er mogleg å utvikle ny industri utan nye naturinngrep, t.d. gjennom reetablering og fortetting rundt eksisterande handels-, industri- og næringsområde.

Det er behov for å samordne planmessig utvikling av areal til næringsutvikling. Ikkje alle kommunar treng alle typar areal, Innafor bu- og arbeidsmarknadsregionar bør dette samordnast. Det må arbeidast med å få næringslivet til å delta aktivt i planprosessane.

Utarbeide rammer for rekkefølgjekrav i samband med utarbeiding av næringsareal

Det er utifrå eit samfunnsperspektiv behov for å arbeide med gode prinsipp for utarbeiding av gode rekkefølgjekrav, for at desse skal framstå som rimelege. Det er viktig å vekte interessene til utbyggar på like line med andre interesser

Det vert arbeidd med å optimalisere tidsbruk i planlegginga

Næringslivet vert i 2033 opplevd som aktive i planarbeid, også på område som ikkje berre gjeld eiga verksemd. Næringsorganisasjonane får ei rolle i planlegging av næringsareal. Det vert arbeidd med å optimalisere tidsbruk i planlegginga. Eit viktig tiltak er å gi tiltakshavar kunnskap om lovkrav i planleggingsprosessen for å avstemme forventningane mot realistisk tidsbruk.

4 Frå plan til handling

Regional plan for innovasjon og næringsutvikling er ein 12-årig plan. Planen er styrande for arbeidet i partnarskapen for innovasjon og næring i Vestland fylke. Styringsgruppe for planen er Næringsforum Vestland. Prioriteringane i planen blir konkretisert gjennom fireårige handlingsprogram og årsplanar.

4.1 Handlingsprogram og årsplanar

Planen er overordna og har eit langsiktig perspektiv. Vi skal gjere aktuelle og dynamiske prioriteringar i heile planperioden. Planen blir konkretisert gjennom fireårige handlingsprogram og årsplanar. Trong for å rullere handlingsprogrammet blir vurdert årleg i tråd med plan og bygningslova.

Eit fireårig handlingsprogram skal sikre forpliktande samarbeid i partnarskapen og bidra til å prioritere satsingar for å nå målsettingane. Det viktigaste føremålet med ein fireårig handlingsprogram er:

- konkretisere satsingane og måla i planen,
- å kombinere ulike verkemiddel
- å identifisere kunnskapsbehov og forskingsinnsats
- å fordele oppgåver i partnarskapen
- å legge grunnlag for oppdrag til operativt ansvarlege
- å gi eit klarare bilete av kva vi skal ha oppnådd slutten av ein programperiode

Årsplanar

Gjennom årlege handlingsplanar sikrar vi mindre kursjusteringar og økonomiske og administrative rammer for å setje i verk planen. Denne planen skildrar aktivitet som går utover den enkelte aktør sitt budsjett. Samarbeidet om å nå måla vert viktig. Gjennom årlege handlingsplanar og oppfølging i budsjett og økonomiplan sikrar vi mindre kursjusteringar og økonomiske og administrative rammer for å setje i verk planen.

4.2 Samarbeid og forpliktande partnarskap

Den regionale planen skal leggast til grunn for regionale organ si verksemd og for kommunal og statleg planlegging og verksemd i fylket, jamfør Plan og Bygningslova § 8-2. Planen forpliktar partnarane som har ansvar for innhald og oppfølging av planen. Fylkeskommunen som regional utviklingsaktør har ansvar for leiing og koordinering, og dei andre partane skal vere likeverdige aktørar i oppfølging av planen. Partnarskap skal vere styringsform i oppfølging av planen. Alle deltakarane må ta ressursar inn i arbeidet. Partnarskapen skal jobbe saman om oppfølging av planen, utvikling av handlingsprogram og andre større vedtak. Partnarskap er forpliktande og blir regulert av ein partnarskapsavtale eller gjennom mandat for arbeidet.

Eit godt samarbeid, gode møteplassar og avklarte prosessar knytt til oppfølging av planen er sentrale prinsipp i oppfølginga.

Det er Vestland fylkeskommune som planmyndigheit, ved fylkesdirektør for innovasjon og næringsutvikling, sitt ansvar å koordinera arbeidet. Næringsforum Vestland har ein sentral rolle og skal sikre koordinert og effektiv bruk av offentlege ressursar til næringsutvikling i fylket, her under samarbeid mellom dei ulike aktørane i gjennomføringa av konkrete tiltak.

4.3 Verktøy og verkemiddel

For å nå måla i planen er verktøy og verkemiddel viktig. Utan verktøy og verkemiddel kan ingen av måla nåast, eller satsingar gjennomførast. Verktøy og verkemiddel er ikkje statiske. Nye kjem til, og andre vert tatt bort. Ei «komplett oversikt» vil difor ha avgrensa relevans i eit langsiktig og overordna planperspektiv.

For å betre kunne nytte, utvikle og samordne innsats i gjennomføring av planen må vi ha god oversikt over kva innovasjons- og utviklingsverkemiddel vi har, korleis dei kan nyttast eller utviklast og kva nye verktøy verkemiddel vi treng. Bruk av verkemiddel må vere dynamisk og basert på behov. Vi har identifisert ulike typar verkemiddel

- Økonomiske verktøy og verkemiddel
- Politiske verktøy og verkemiddel
- Forvaltningsmessige verktøy og verkemiddel
- Juridiske verktøy og verkemiddel
- Samarbeidsverktøy, forsking/kunnskap/FOU

Når det skal lagast handlingsplanar er val av verkemiddel sentralt. I arbeid med å gjennomføra planen vil ein nytte samansette verkemiddel eller verktøypakker, meir enn bestemte enkelt verktøy. Å realisere konkrete vedtekne målsettingar er komplekst og krev gjennomarbeida verktøy og verkemiddelløysingar. Det må vurderast korleis kan nytte ulike internasjonale, nasjonale og regionale verkemiddel strategisk til å nå måla i planen. Korleis kan vi nytte eigne verkemiddel som til dømes oppdragsbrev og tilsegn. Og identifisere om det er behov for nye verktøy.

4.4 Verknad for miljø og samfunn

Regional plan for innovasjon og næringsutvikling 2021-2033 er heimla i Plan- og bygningslova (Pbl). I *Pbl. § 1-1. Lovens formål* kjem det tydeleg fram at pbl. skal fremje berekraftig utvikling til det beste for den enkelte, samfunnet og framtidige generasjonar. Alle tre dimensjonar av berekraft skal dekkast i regional plan for innovasjon og næringsutvikling, både sosial, miljømessig og økonomisk berekraft.

Med tema innovasjon og næringsutvikling er økonomisk berekraftsmål særleg viktige. Planen har også ein grøn, miljømessig dimensjon gjennom at den økonomiske utviklinga skal bidra til å stoppe klimaendringane, og vere pådrivar for nullutslepp. Den sosiale berekrafta er viktig for at arbeidet med innovative og inkluderande lokalsamfunnsamfunn skal få den utviklinga som er ønskt i alle deler av fylket. Planen vil difor både påverke lokalsamfunn og næringslivet til å bidra til ei positiv miljøutvikling. Planen vil også påverke samfunn og lokalmiljø, Den vil arbeide for at heile fylket skal takast i bruk, og saumlaus samarbeid mellom lokalsamfunn, bedrifter og kunnskapsmiljø.

Regional plan for innovasjon og næringsutvikling, inneheld overordna retningsliner knytt til areal for næringsutvikling. Desse vil bli nytta i samband med utvikling av næringsareal. Retningslinjene gir ikkje bindingar, og gir ikkje klare rammer for utbygging. Dei er overordna og utløyser ikkje krav om konsekvensutgreiing.

4.5 Avgrensing og kopling til andre planar

Det har vore ei målsetjing å avgrense talet på planar, både regionale planar, men også tema- og strategiplanar. Ei forenkling og samordning av plansystemet vil tene to formål – ei meir heilskapleg planlegging der ein ser samfunnsplanlegginga i samanheng, samt at det blir lettare for både kommunane, regional stat, fylkeskommunen og ålmenta å forhalda seg til færre planar.

I Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 er det lagt føringar for at denne planen skal sjåast i samanheng andre regionale planar, som t.d. regional klimaplan, regional plan for senterstruktur, regional plan for kompetanse, regional transportplan og regional plan for fornybar energi. Regional plan for innovasjon og næringsutvikling er ein av dei fyrste som vert utvikla, og vi ser eit klart behov for samarbeid og koordinering mellom planer både i planfasen og i gjennomføringsfasen.

I utviklingsplanen og i planprogrammet er det peika på ei rekkje temaplanar og strategiar som skulle innarbeidast i Berekraftig verdiskaping – Regional plan for innovasjon og næring.

- Strategi for grøn omstilling i Hordaland
- Hydrogenstrategi
- Strategi for biogass
- Strategi for nullutsleppstransport i Vestland
- Forskingsstrategi for Hordaland
- Temaplan for landbruk i Hordaland
- Temaplanar for reiseliv
- Industristrategi for Sogn og Fjordane
- Strategi for breiband i Sogn og Fjordane 2016-2020
- Strategi for datasenter og digital infrastruktur

Planane er innarbeida i satsingane i den regionale planen. Innhaldet vil bli tydelegare i det første fireårige handlingsprogrammet. Sjølv om ein skal ha minst mogleg planar og ei samordning av plansystemet, så kan det bli trong for eigne temaplanar og strategiar. Dette blir vurdert i samband med utarbeiding av handlingsprogram.

I møte 29. oktober, i sak 134/2020 gjorde fylkestinget følgjande vedtak:

Vestland fylkesting vil i oppfylginga av utviklingsplanen og andre styringsdokument for Vestland fylke leggje stor vekt på å utvikle målretta tiltak for å utvikle industrikommunane. Fylkestinget vil arbeide for gode rammevilkår for industri som er basert på fornybar energi og medverke til at SSB sine prognosar 2020-2050 ikkje blir ein realitet på dette området.

Med ei målsetting om berekraftig verdiskaping, vert industrien og industrikommunane viktige samarbeidspartar. Vidare er fornybar energi tatt fram som ein nøkkel for arbeidet i planperioden. Også denne satsinga blir meir konkretisert i samband ut utarbeiding av handlingsprogram.

4.6 Resultatmåling og evaluering

Saman med handlingsprogram og årsplanar vil det bli utarbeidd meir konkrete mål og strategiar for satsingane. Det skal også utarbeidast eit indikatorsystem for å overvake utvikling i fylket, og evaluere om tiltaka som bli sett i verk fører til effektiv verkemiddelbruk og måloppnåing.

Indikatorsystemet skal ha tre nivå:

- Nivå 1: Indikatorar for å overvake utviklinga i fylket og jamføre med andre geografiske einingar på overordna mål ved hjelp av offentleg statistikk, t.d. verdiskaping, eksportgap og klimagassutslepp.
- Nivå 2: Indikatorar for å prioritere satsingsområde og målgrupper.
- Nivå 3: Indikatorar for å måle resultat og effekt i ei definert målgruppe som verkemidlane er retta inn mot.

Det skal lagast eit dynamisk framstilling som viser utviklinga på dei tre nivåa.

Definisjonar /Ordliste

Omgrep	Forklaring
Berekraft /Berekraftig utvikling	Berekraftig utvikling er utvikling som tilfredsstiller dagens behov utan å øydelegge framtidige generasjonar sine mogleheiter til å tilfredsstille sine behov. For å skape berekraftig utvikling må verdssamfunnet jobbe på tre område: Klima og miljø - Økonomi - Sosiale forhold
Berekraftsmål	FNs berekraftsmål er verdas felles arbeidsplan for å utrydde fattigdom, bekjempe ulikheit og stoppe klimaendringane innan 2030
Entreprenørielle oppdagelsesprosesser	Prosess for å finne fram til måtar å vidareutvikle spesialiseringane blir kalla entreprenørielle oppdagingsprosessar. De tar utgangspunkt i at ingen aktørar alene ser alle moglege videre utviklingsveier. Men når bedrifter, forskarar og andre aktørar får tilgang til kunnskap som er forskjellig frå deira eigen, men ikkje så forskjellig at de er ute av stand til å forstå eller bruke den, akar sjansane for innovasjon.
European Green Deal	EU sin grøne vekststrategi – European Green Deal – legg opp til klima- og miljøpolitikk som går på tvers av politikkområde. Målet om klimanøytralitet i EU i 2050 er styrande for innhaldet i strategien. Stikkorda er meir berekraftig og sirkulær økonomisk utvikling med mindre forureining og lågare klimagassutslepp, betre helse, auka livskvalitet og nye arbeidsplassar. Strategien vektlegg eit breitt samarbeid mellom næringsliv, kommunar og regionar. Ambisjonen er at EU skal være første klimanøytrale kontinent i 2050, og at ein klarer 55 % reduksjon i klimagassutslepp til 55 % (frå 1990) i 2030.
Grøn vekst	Auka verdiskaping med mindre samla miljøbelastning. Ofte sett i motsetning til konvensjonell, «brun» vekst. Som kan definerast som auka verdiskaping der samla miljøbelastning aukar på tross av auka produktivitetsvekst. Her spiser volumet på veksten opp gevinsten av forbetringane. Døme sjølv om kvar bil har fått litt betre motor, køyrer fleire biler meir, slik at totale utslepp likevel går opp. (Per Espent Stoknes, BI)
Grøn konkurransekraft	For næringslivet er grøn konkurransekraft evna til å konkurrere globalt i ei tid der sterke verkemiddel vert tatt i bruk for å nå politiske klima- og miljømål. For å bli eit lågutsleppssamfunn må verda ta i bruk nye og sterkare verkemiddel i klimapolitikken, enn det ein er van med. Dette føreset også Parisavtalen. Elektrisitetsproduksjon og oppvarming må gradvis bli lagt om til nullutsleppsløysingar, transportmiddel må bli tilnærma utsleppsfrie, industriens prosessutslepp må bringes kraftig ned, jordbrukets utslepp reduserast og opptak av klimagassar i skog og landareal aukast. Dette vil endre rammene for næringslivet i alle land. Ny teknologi må utviklast og tas i bruk. Samtidig vil etterspørselen vris mot nye

	varer og tenester. For å takle omstillinga må næringslivet kunne dekke sine kostnader, inklusive klima- og miljøkostnader, med de prisene det kan oppnå for sine varer og tenester (regjeringa sin strategi for grøn konkurransekraft)
Grøn næringsutvikling	Grøn næringsutvikling betyr at produksjon, tenester og næringsaktivitet skal utviklast i ei retning som er meir berekraftig for miljø og klima, og i tråd med FN sine berekraftsmål.
Innovasjon	Det finnes ulike definisjonar på innovasjon. Dei er ikkje i konflikt med kvarandre men bringer gjerne fram ulike dimensjonar i kva omgrepet skal dekke. Vi trekker fram to definisjonar her: • «Innovasjon er å fornye eller lage noko nytt som skaper verdi for verksemd, samfunn eller innbyggjarar. Forma er eksperimenterande og løysinga er ikkje kjent på førehand.» (Difi) • «Nytt, nyttig, nyttiggjort. Innovasjon er noko nytt og nyttig som er tatt i bruk og skaper verdi» (KS)
Klimanøytral	EU definerer klimanøytralitet som utslepp fråtrekt opptak. Denne planen nyttar same definisjon, og legg til grunn følgande mål om å kutte CO2-utslepp og andre sterke klimagassar • Visjonen om nullutslepp inneber eit mål om null fossile utslepp og at fossile drivstoff fasast ut av forbrenningsmotor. • Andre sterke klimagassar enn CO2, som til dømes metan og lystgass, skal tolkast inn i definisjonen. • Reduksjon av naturlege utslepp frå husdyr og gjødsel skal ikkje tolkast inn i definisjonen. Desse vil ikkje vere mogleg å redusere til null. • Dersom utsleppa ikkje er råd å redusere, anbefaler vi aktørane til å sette ut (offset) ved kvotekjøp i medhald av GHG-protokollen. • Planen anbefaler at for at fylket skal kunne styre etter utsleppsmål, må naturleg karbonfangst og karbonfangst og -lagring (CCS) og -bruk (CCU) definerast inn og reknast som negative utslepp i klimarekneskapen. Det må avklarast korleis opptak av CO2 frå store nasjonale satsingar innan CCS skal kvantifiserast i fylka sine klimarekneskap.
Parisavtalen	Parisavtala er ei internasjonal avtale om klimapolitikk. Den vart vedteken som ei juridisk forpliktande avtale på klimatoppmøtet i Paris 12. desember 2015. Praktisk talt alle FN sine medlemsland har slutta seg til avtala. Formålet med avtala er å «*styrke den globale responsen på trusselen som klimaendringene utgjør*». Avtalen etablerer eit mål om å avgrense temperaturauken på jorda til «godt under» 2 °C, og helst til 1,5 °C.
Smart spesialisering	Alle regionar har særeigne moglegheiter og ulike føresetnader for næringsutvikling. Både regjeringa, OECD og EU anbefaler å utnytte disse forskjellane og skreddarsy politikken til kvar region. Smart spesialisering er en metode for å få det til.
Taksonomi	EU skal innføre eit klassifiseringssystem (taksonomi) for berekraftig økonomisk aktivitet. Det er truleg EØS-relevant, men er foreløpig ikkje tatt inn i EØS-avtala. Taksonomien vil danne grunnlaget for europeiske standardar og merkeordningar for finansielle instrument og produkt. For at

en økonomisk aktivitet skal reknast som berekraftig må den bidra vesentleg til å oppnå minst eitt av seks definerte miljømål:

- Reduksjon av klimaendringar.
- Klimatilpassing.
- Berekraftig bruk og vern av vatn- og marine ressursar.
- Omstilling til ein sirkulærøkonomi, avfallsforebygging og gjenvinning.
- Førebygging og kontroll av ureining.
- Vern av artsmangfald og sunne økosystem.

Vestland fylkeskommune

Innovasjon og næringsutvikling
INN - Verdiskaping i byregionar

Vår referanse Ingjerd Skogseid
Dato 25.01.2021

Jamfør vedlagte adresseliste

Berekraftig verdiskaping - Regional plan for innovasjon og næringsutvikling 2021-2033 - Høyring og offentleg ettersyn av regional plan

Fylkesutvalet i Vestland vedtok i møte 19.01.21 å sende planen «Berekraftig verdiskaping – Regional plan for innovasjon og næringsutvikling 2021-2033» i Vestland fylke på høyring og offentleg ettersyn. Høyringsfristen er 26. mars 2021.

Endeleg vedtak av planen er planlagt for fylkestinget i juni 2021, etter ein omfattande høyringsprosess.

Mange har vore involvert i utvikling av planen

Berekraftig verdiskaping - Regional plan for innovasjon og næringsutvikling er ein plan for heile Vestland fylke. Planen er fylket – ikkje fylkeskommunen – sin felles plan for innovasjon og næringsutvikling. Svært mange personar både i fylkeskommunen og i andre organisasjonar har vore involvert i arbeidet med utarbeiding av planen.

Styringsgruppe for planarbeidet er Næringsforum Vestland. Medlemmer i Næringsforum Vestland er Innovasjon Noreg Vestland, Statsforvaltaren i Vestland, Fiskeridirektoratet Region Vest, NAV Vestland, Universitetet i Bergen, Høgskulen på Vestlandet, Norges Handelshøyskole, NHO Vestlandet, LO-sekretariatet i Vestland, KS Vestland, Bergen kommune og Norges forskingsråd (regional representant). Fylkesdirektør for Innovasjon og næringsutvikling i Vestland fylkeskommune er leiar for forumet.

Berekraftig verdiskaping - regional plan for innovasjon og næring


Planen byggjer på mål og prinsipp slått fast i Utviklingsplanen for Vestland 2020-2024. Det omfattande kunnskapsgrunnlaget for den regionale planen viser ulike scenario, moglegheiter og barrierar for å lukkast med å tilpasse seg dei store samfunnsendringane og internasjonal konkurranse. All kunnskap peiker på at korleis ein taklar den store berekraftige omstillinga er avgjerande for å lukkast. Tida er knapp. Vi må ta utgangspunkt i dei store fordelane vi har i næringslivet og som ofte er basert på naturressursane våre. Vi må ta i vare det vi er gode på i dag, legge grunnlag for nye innovasjon på tvers av verdikjeder – og gripe nye moglegheiter. For å lukkast, må vi bygge vidare på verdiane til det nye fylket; «kompetent, open og modig».

Hovudmålet for planen er: *Vestland er det leiande verdiskapingsfylket basert på berekraftig bruk av naturressursar, grøn næringsutvikling og innovasjon.*

Planen har tre satsingar:

- Grøn næringsutvikling
- Innovative og inkluderande samfunn
- Areal for næringsutvikling

Ein verkemiddelpolitikk som støttar opp under satsingane, og nytter dei rette verkemidla, og kombinasjonar av verkemiddel til rett tid vil vere heilt sentralt for å setje satsingane ut i livet. Vi må også ta omsyn til tverrgåande tema som er sentrale for å lukkast med gjennomføringa av planen.



Satsingane i planen er bransjenøytrale og gjeld for alle næringane. Eit viktig moment i oppfølginga av planen er difor å leggja til rette for å identifisere næringar og verdikjeder som kan fylle framtidig eksport- og verdiskapingsgap.. Sjølv om dei overordna satsingane i den regionale planen er næringsnøytrale, vil dei sentrale næringane i dag i stor grad vere det også i heile planperioden.

Retningsliner for arealplanlegging og referanse til plan og bygningslova § 8.5
Det kan her sjå ut som at ein her ønskjer å flytte mynde frå kommunalt til regionalt nivå. Det har ikkje vore intensjonen.

I retningslinene i plandokumentet side 17 vert plan og bygningslova § 8.5 referert, vi er blitt gjort merksame på at denne referansen har konsekvensar som ikkje var tilstrekkeleg utgreidd. Vi vart gjort merksame på dette for seint til å rette det i versjonen som går ut på høyring. Bruk av ein slik paragraf skulle alt vore varsla alt i planprogrammet, noko den ikkje var. I endeleg plan vil setninga med referanse til plan og bygningslova § 8.5 verte fjerna. Retningslina elles er det på noverande tidspunkt ikkje behov for å endre. Det er utarbeida overordna retningsliner for arealplanlegging knytt til næringsutvikling. Retningslinene er overordna og løyser ikkje ut krav om konsekvensutgreiing. Men retningslinene vil vere førande ved utvikling av nye og eksisterande næringsareal.

Meir informasjon om planen kan de finne på Vestland fylkeskommune sine nettsider: lese på vlfk.no/hoyring-plan-INN.

Kva ønsker vi dykkar syn på?

Fylkeskommunen ønskjer innspel på planen og handlingsprogrammet. Planen «Berekraftig verdiskaping» med tilhøyrande handlingsprogram er fylket, ikkje berre fylkeskommunen sin plan for innovasjon og næringsutvikling.

Planen har som visjon: Nyskapande og berekraftig.
Hovudmålet i planen er: Vestland er det leiande verdiskapingsfylket basert på berekraftig bruk av naturressursar, grøn næringsutvikling og innovasjon

1. I kva grad gir planen ei tydeleg strategisk retning for arbeidet med innovasjon og næringsutvikling i fylket fram mot 2033?
2. Planen har tre satsingar: Grøn næringsutvikling, Innovative og inkluderande samfunn, Areal til næringsutvikling
   Er dei tre satsingane og tilhøyrande strategiar veleigna for å nå måla?
3. Er planen veleigna til å møte utfordringar knytt til korona-pandemien på kort og lengre sikt?
4. På kva måte kan planen vere eit godt verktøy til å mobilisere ulike aktørar til å delta i arbeidet med innovasjon og næringsutvikling i fylket?

5. Korleis kan planen bli eit godt verktøy for å samordne offentleg innsats og verkemiddelbruk?
6. Spørsmål spesielt til offentlege verksemder:
   Korleis kan planen fungere som overordna plan for regionale organ si verksemd og for kommunal og statleg planlegging og verksemd i regionen, på ein slik måte at til dømes kommunar berre treng utvikle eigne handlingsplanar?
7. Andre vesentlege innspel til planen

Handlingsprogram 2021

8. Kva andre tiltak/aktivitetar bør inn i handlingsprogrammet for 2021 for å få på plass eit godt fleirårleg handlingsprogram for 2022-2025?
9. Kven bør delta i det regionale samarbeidet for å nå måla, og korleis skal samarbeidet verte organisert?
10. Andre vesentlege innspel til handlingsprogrammet for 2021

Handlingsprogram 2022-2025

11. Kva forslag til strategiar og tiltak i handlingsprogrammet for 2022-2025 har du.
12. Har de innspel til felles utfordringar eller innsats innafor dei tre satsingane som må sjåast nærare på kort og lang sikt?
13. Korleis kan din organisasjon bidra i samarbeid eller partnarskap for å nå måla i planen?
14. Andre vesentlege innspel til arbeidet med handlingsprogrammet for 2022-2025

Høyringsmøte
Det er planlagt ein serie med regionale høyringsmøte. Møta vert i all hovudsak digitale. Møta vil bli annonsert. Informasjon og påmelding vil også bli publisert på nettsida vlfk.no/hoyring-plan-INN.

Vi ønskjer at de sender innspel via skjema på høyringssida, men innspel kan også sendast til post@vlfk.no. Merk innspela med referanse **2020/74003**

Høyringsfristen er **26. mars 2021.**

Eventuelle spørsmål kan rettast til:
- Seniorrådgjevar Ingjerd Skogseid, epost ingjerd.skogseid@vlfk.no tlf 916 96 016
- Rådgjevar Ingeborg Sofie Sætrevik, epost: Ingeborg.Sofie.Setrevik@vlfk.no
  tlf 97 70 65 71

Med helsing

Per Morten Ekerhovd
fylkesdirektør

Mette Nora Sætre
seksjonssjef

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg
1 Berekraftig verdiskaping - Regional plan for innovasjon og næringsutvikling - Høyring og offentleg ettersyn av plan
2 Høyringsversjon - Handlingsprogram 2021 - Berekraftig verdiskaping - Regional plan for innovasjon og næringsutvikling
3 Høyringsversjon - Berekraftig verdiskaping - Regional plan for innovasjon og næringsutvikling

Mottakarliste

Navn	Adresse1	Postnr	Poststed
AKSELLO AS	Magnus Thingnesgate 1	6905	FLORØ
Alver kommune	Postboks 4	5906	FREKHAUG
Askvoll kommune	Postboks 174	6988	ASKVOLL
ASKVOLL NÆRINGSUTVIKLING	c/o Bjørn Magne Solheim Sto	6980	ASKVOLL
Askøy kommune	Klampavikvegen 1	5300	KLEPPESTØ
Aurland kommune	Vangen 1	5745	AURLAND
Austevoll kommune	Birkelandsvegen 2	5392	STOREBØ
Austrheim kommune	Sætremarka 2	5943	AUSTRHEIM
AVINOR AS	Postboks 150	2061	GARDERMO
BALESTRAND NÆRINGSFORUM	C/O: Menes og Haraldsson Bo	6899	BALESTRAN
Bergen kommune	Postboks 7700	5020	BERGEN
BERGEN NÆRINGSRÅD	Postboks 843 Sentrum	5807	BERGEN
BERGEN OG HORDALAND TURLAG	Tverrg 4-6	5017	BERGEN
BERGEN OG OMLAND FRILUFTSRÅD	Hellebakken 45	5039	BERGEN
BERGEN OG OMLAND HAVNEVESEN	Allehelgensgate 5 Byrådsavde	5016	BERGEN
BI BERGEN	Postboks 6233	5893	BERGEN
Bjørgvin bispedøme	Postboks 1960	5817	BERGEN
Bjørnafjorden kommune	Postboks 24	5649	EIKELANDS
Bremanger kommune	Postboks 104	6721	SVELGEN
BREMANGER NÆRINGSRÅD	Granden	6723	SVELGEN
Bømlo kommune	Leirdalen 1	5430	BREMNES
DALE SENTERFORENING	Postboks 13	6961	DALE I SUN
Eidfjord kommune	Simadalsvegen 1	5783	EIDFJORD
Etne kommune	Sjoarvegen 2	5590	ETNE
Fedje kommune	Postboks 54	5947	FEDJE
FISKERIDIREKTORATET REGION VEST	Postboks 185 Sentrum	5804	BERGEN
Fitjar kommune	Postboks 83	5418	FITJAR
Fjaler kommune	Dalstunet 20	6963	DALE I SUN
FLORA INDUSTRI- OG NÆRINGFORENING	c/o Kinn Regnskap AS Postbo	6902	FLORØ
FLORA INDUSTRI- OG NÆRINGSFORENING	c/o Kinn Regnskap AS Postbo	6902	FLORØ
FORSVARSBYGG REGION VEST	Postboks 405 Sentrum	0103	OSLO
FORUM FOR NATUR OG FRILUFTSLIV HORDALAND	Tverrgaten 4	5017	BERGEN
FORUM FOR NATUR OG FRILUFTSLIV SOGN OG FJORD	Sognefjordvegen 40	6863	LEIKANGER
FUNKSJONSHEMMEDES FELLESORGANISASJON FFO A	Vestre Strømkaien 7-9	5008	BERGEN
FUNKSJONSHEMMEDES FELLESORGANISASJON FFO A	Postboks 25	6801	FØRDE
FYLKESMANNEN I VESTLAND	Njøsavegen 2	6863	LEIKANGER
FØRDE INDUSTRI OG NÆRINGSSAMSKIPNAD	Hafstadvegen 25	6800	FØRDE
Gloppen kommune	Grandavegen 9	6823	SANDANE
GLOPPEN NÆRINGSORGANISASJON	Postboks 215	6821	SANDANE
GODE SIRKLAR AS	Postboks 289	5342	STRAUME
Gulen kommune	Eivindvikvegen 1119	5966	EIVINDVIK
GULEN OG MASFJORDEN NÆRINGSRÅD	Sløvågen 2	5960	DALSØYRA
HARDANGERRÅDET IKS	Postboks 78	5782	KINSARVIK
HELSE VEST RHF	Postboks 303	4068	STAVANGE
HUSBANKEN REGION VEST	Solheimsgaten 11	5058	BERGEN
Hyllestad kommune	Kommunehuset	6957	HYLLESTAD
HYLLESTAD NÆRINGSRÅD	c/o Accountor Hafs Rekneska	6951	LEIRVIK I SO
HØGSKULEN PÅ VESTLANDET	Postboks 7030	5020	BERGEN

Høyanger kommune	August Gunnarskogsgt. 1	6993	HØYANGER
INKON - AURLAND NÆRINGSRÅD	c/o Sognefjorden Næringshag	5745	AURLAND
INNOVASJON NORGE	Postboks 448 Sentrum	0104	OSLO
JERNBANEDIREKTORATET BERGEN	Postboks 16	0101	OSLO
JØLSTER NÆRINGSFORUM		6843	SKEI I JØLST
KAUPANGER NÆRINGSFORENING	c/o Tor Arne Ness Toyota Sog	6854	KAUPANGE
Kinn kommune	Postboks 294	6701	MÅLØY
KS-KOMMUNESEKTORENS ORGANISASJON - Vest-Nor	Postboks 1378 Vika	0114	OSLO
KUNNSKAPSPARKEN I SOGN OG FJORDANE AS	Postboks 11	6851	SOGNDAL
Kvam kommune	Grovagjelet 16	5600	NORHEIMS
Kvinnherad kommune	Rosendalsvegen 10	5470	ROSENDAL
KYSTVERKET VEST REGIONKONTORET	Postboks 1502	6025	ÅLESUND
LANDSORGANISASJONEN I NORGE DISTRIKTSKONTOR	Teatergaten 35	5010	BERGEN
LANDSORGANISASJONEN I NORGE DISTRIKTSKONTOR	Postboks 128	6801	FØRDE
Luster kommune	Rådhuset	6868	GAUPNE
LUTELANDET UTVIKLING AS	v/Accountor HAFS Postboks 1	6961	DALE I SUN
Lærdal kommune	Postboks 83	6886	LÆRDAL
LÆRDAL NÆRINGSSAMSKIPNAD		6887	LÆRDAL
Masfjorden kommune	Austfjordvegen 2724	5981	MASFJORD
Modalen kommune	Postboks 44	5729	MODALEN
MÅLØY VEKST AS	Gate 1 80	6700	MÅLØY
NAF AVD. FJORDANE OG YTRE SOGN	Fjærevegen 2	6800	FØRDE
NAF AVD. INDRE SOGN		6854	KAUPANGE
NAF AVD. NORDFJORD	c/o P. Roset Gimmestad	6823	SANDANE
NAF REGION VEST	Spelhaugen 4	5147	FYLLINGSD/
Nasjonalforeningen for folkehelsen	Bredalsmarken 15	5006	Bergen
Natur og ungdom Vestland	Torggata 34	0506	OSLO
NATURVERNFORBUNDET HORDALAND	Jakobsfjorden 4. etg. Bryggen	5003	BERGEN
NATURVERNFORBUNDET I SOGN OG FJORDANE	Postboks 691	6801	FØRDE
NHO LOGISTIKK OG TRANSPORT REGION VESTLANDET	Postboks 3803	5802	BERGEN
NORDHORDLAND UTVIKLINGSSELSKAP IKS	Kvassnesvegen 23	5914	ISDALSTØ
NORGES BONDELAG AVD HORDALAND BONDELAG	Kokstadflaten 36	5257	KOKSTAD
NORGES HANDELSHØYSKOLE AVD BERGEN	Helleveien 30	5045	BERGEN
NORGES HANDIKAPFORBUND NORD VEST	Fabrikkvegen 13	6415	MOLDE
NORGES HANDIKAPFORBUND SØRVEST	Postboks 1102 Sentrum	5809	BERGEN
Norges Lastebileierforbund	Søre Brurås 3	5131	Nyborg
NORGES MILJØVERNFORBUND	Postboks 593	5806	BERGEN
NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT (NVE) I	Naustdalsvegen 1B	6800	FØRDE
NORSK BONDE- OG SMÅBRUKARLAG			
NORSK KULTURFORUM - HORDALAND	v/ Kultur og idrettsavdelinga	5020	BERGEN
NORSK KULTURFORUM SOGN OG FJORDANE	v/Espen Frøysland Rådhuset	6727	BREMANGE
Næringsalliansen co/BERGEN NÆRINGSRÅD	Postboks 843 Sentrum	5807	BERGEN
NÆRINGSLIVETS HOVEDORGANISASJON NHO VESTLA	Postboks 694 Sentrum	5807	BERGEN
NÆRINGSLIVETS HOVEDORGANISASJON NHO VESTLA	POSTBOKS 217	6901	FLORØ
Osterøy kommune	Hatland	5282	LONEVÅG
PEAK SUNNFJORD AS	c/o Edgeir Aksnes Ulltangeba	6815	FØRDE
Rogaland fylkeskommune	Postboks 130 Sentrum	4001	STAVANGE
Samarbeidsrådet Aurland – Vik - Voss, c/o Voss komm	Postboks 145	5701	VOSS
SAMARBEIDSRÅDET FOR SUNNHORDLAND IKS	Postboks 444	5403	STORD
Samnanger kommune	Tyssevegen 217	5650	TYSSE

SELJE NÆRINGSFORENING		6741	SELJE
SOGN OG FJORDANE NÆRINGSRÅD	Hafstadvegen 25	6800	FØRDE
SOGN REGIONRÅD	Postboks 153	6851	SOGNDAL
Sogndal kommune	Postboks 153	6851	SOGNDAL
SOGNDAL NÆRINGSFORENING	v/Sogn Næring Fosshaugane	6856	SOGNDAL
Solund kommune		6924	HARDBAKK
SOLUND NÆRINGSSAMSKIPNAD		6924	HARDBAKK
Stad kommune	Rådhusvegen 11	6770	NORDFJOR
STAD VEKST AS	c/o Vest Økonomisenter AS C	6750	STADLANDI
STATENS VEGVESEN REGION VEST LEIKANGER KONTO	Askedalen 4	6863	LEIKANGER
STATSBYGG VEST STATENS HUS I LEIKANGER	c/o Statsbygg Postboks 232 S	0103	OSLO
STIFTELSEN BERGEN ARKITEKTHØGSKOLE	Sandviksbodene 61A	5035	BERGEN
Stord kommune	Postboks 304	5402	STORD
Stryn kommune	Tonningsgata 4	6783	STRYN
Sunnfjord kommune	Postboks 338	6802	FØRDE
SUNNFJORD NÆRINGSRÅD	Postboks 301	6902	FLORØ
SUNNFJORD UTVIKLING AS	Hafstadvegen 42	6800	FØRDE
SUNNFJORD UTVIKLING AS	Hafstadvegen 42	6800	FØRDE
Sveio kommune	Postboks 40	5559	SVEIO
TRYGG TRAFIKK VESTLAND AVD 1 HORDALAND	Postboks 277 Oslo Sentrum	0103	OSLO
TRYGG TRAFIKK VESTLAND AVD 2 SOGN OG FJORDAN	Postboks 277 Oslo Sentrum	0103	OSLO
Tysnes kommune	Rådhuset	5685	UGGDAL
Ullensvang kommune	Opheimsgata 31	5750	ODDA
Ulvik kommune	Skeiesvegen 3	5730	ULVIK
UNIVERSITETET I BERGEN	Postboks 7800	5020	BERGEN
Vaksdal kommune	Konsul Jebsensgate 16	5722	DALEKVAM
VAKSDAL NÆRINGSSELSKAP AS	Postboks 103	5721	DALEKVAM
VEST NÆRINGSRÅD	Postboks 199	5342	STRAUME
Vestfold og Telemark fylkeskommune	Postboks 2844	3702	SKIEN
VESTLAND IDRETTSKRETS	Postboks 6143	5892	BERGEN
VESTLAND INNVANDRERRÅD	Kong Oscars gate 15	5017	BERGEN
Vik kommune	Postboks 134	6891	VIK I SOGN
Viken Fylkeskommune	Postboks 1200 Sentrum	0107	OSLO
VISIT FJORDKYSTEN AS	Strandgata 30	6905	FLORØ
VISIT NORDFJORD AS	Perhusvegen 24	6783	STRYN
VISIT SOGNEFJORD AS	Fosshaugane Campus Trollad	6856	SOGNDAL
Voss herad	Postboks 145	5701	VOSS
Øygarden kommune	Ternholmvegen 2	5337	RONG
Årdal kommune	Statsråd Evensensveg 4	6885	ÅRDALSTAN
VIS Innovasjon	Thormøhlens-gate 51	5006	Bergen
Design region bergen	Vestre Skostredet 2,	5017	Bergen
Industriutvikling Vest	Hagellia 6	5914	Isdalstø
Atheno AS	Vabakkjen 6,	5411	Stord
Næringshagen på Voss	Evangervegen 3	5704	VOSS
Klar Bedrift	Sløvågen 2,	5960	Dalsøyra
Bergen Vitensenter	Thormøhlens Gate 51	5006	Bergen
Stiftelsen Maritime Bergen	Olav Kyrresgate 11,	5014	Bergen
Matarena AS	Nordre Nøstekaien 1	5011	Bergen
Impact HUB Bergen	Holmedalsgården 3	5003	Bergen
Ungt Entreprenørskap Vestland	Thormøhlens gate,	5008	Bergen

NCE Maritime CleanTech	Meatjønnsvegen 74,	5412	Stord
Media City Bergen	Lars Hilles gate 30,	5008	Bergen
NCE Seafood Innovation Cluster	Thormøhlens gate, 51	5006	Bergen
GCE Ocean Technology	Thormøhlens gate, 52	5006	Bergen
Mediefondet Zefyr	Lars Hilles gate 30,	5008	Bergen
Fjord Norge AS	Nordre Nøstekaien 1	5011	Bergen
Western Norway Film Commision	Georgernes Verft 12	5012	Bergen
Visit Bergen	Postboks 977 Sentrum	5808	Bergen
Framtidsfylket AS	Hafstadvegen 25	6800	FØRDE
Visit Sognefjord	Trolladalen 30	6856	SOGNDAL
Visit FjordKysten	Strandgata 30	6900	FLORØ
Visit Nordfjord	Perhusvegen 24	6783	STRYN
Sognefjorden Næringshage	Onstadvegen 25	5745	AURLAND
Stryn Næringshage AS	Tinggata 3	6783	Stryn
Stiftinga Vestlandsforsking	Postboks 163	6851	Sogndal
IT-Forum Vest	Vestlandsforsking Postboks 1	6851	Sogndal
Visit Hardangerfjord	Sandvenvegen 40,	5600	Norheimsu
Destinasjon Voss	Evangervegen 3	5704	VOSS
NOSCA Clean Oceans	P.O. Box 125	3191	Horten
NCE finance innovation	Lars Hilles gate 30,	5008	Bergen
Næringshagen i Ullensvang	Smelteverket 57	5750	ODDA
Ocean Hyway Cluster	Strandgata 17	6902	FLORØ
Nordhordland Utviklingsselskap IKS	Kvassnesvegen 23	5914	ISDALSTØ
Innlandet fylkeskommune	Postboks 4404 Bedriftsentere	2325	Hamar
HAFS regionråd v/ordførar Hallvard Oppedal, Gulen k	Eivindvikvegen 1119	5966	EIVINDVIK
Nordfjordrådet v/ordførar Alfred Bjørlo, Stad kommu	Rådhusvegen 11	6770	NORDFJOR
Norges bondelag Sogn og Fjordane	Hafstadvegen 21	6800	Førde
Norsk Bonde og Småbrukarlag			

Solund kommune
Sentraladministrasjonen

NOTAT

Dok. ref.
19/550-121/K1-141/ANNDYR

Dato:
24.02.2021

Notat om:
Status og prosess knytt til kommuneplanen sin arealdel

Status:
Administrasjonen arbeider framleis med tilbakemeldinga frå Statsforvaltaren, og andre innspel i samband med 1. høyring av arealplanen. Ein del av innspela har kravd omfattande arbeid. Dette er spesielt knytt til vurdering av byggeområde som er teke med frå gjeldande kommuneplan, vurderingar knytt til byggegrense langs sjø og vassdrag og føresegnene. Generelt sett har det også vore omfattande å gå gjennom innspela og vurdere dei.

Det vert også sett på om ein kan og bør endre status på ein del utbygde tomtar i LNF-område, til LNF spreidd bustad eller LNF spreidd fritidsbustad. Dette vil i så fall føre til at det må gjerast ei form for konsekvensutgreiing, for områda/tomtene det gjeld. Dette kan løysast av administrasjonen. Dette vil gjere at søkjar og kommunen kan unngå ein del dispensasjonar frå kommuneplanen, for nokre tiltak.

Prosessen vidare:
Administrasjonen tilrår at det vert halde eit ekstra formannskapsmøte der formannskapet vurderer innspela, og prioriterer motsegner og potensielle motsegner. Det same bør truleg gjerast i kommunestyret. Deretter har administrasjonen og ordførar, og eventuelt andre folkevalde, eit møte med Statsforvaltaren og andre aktuelle sektorstyresmakter. Etter dialogmøtet vil Statsforvaltaren kome med ein endeleg høyringsuttale. Denne prosessen vil truleg føre til at planen må på ny høyring. Dersom ein innarbeider arealinnspel frå 1. høyring vil dette føre til behov for konsulentbistand til konsekvensutgreiingar og kartarbeid.

Ei eventuell ny høyring bør ikkje leggast til sommaren, då det er vanskeleg å få høyringsuttalar på denne årstida. Det bør vidare settast som vilkår om at det ikkje vert lagt inn nye arealformål i den handsaminga, men at det er ei høyring av planen som ligg føre. Det bør også settast vilkår om at det ikkje vert gjeve utsett frist på høyringa.

Økonomiske konsekvensar av framlegg til prosess:
Per dags dato er kommuneplanprosessen noko lunde i tråd med budsjetteringane. Dersom det skal gjerast arbeid utover det som konsulentane har fått tildelt til no, vil dette føre til behov for ekstraløyving. Det er per no tildelt arbeid knytt il byggegrense, vurderingar knytt til gamle område og føresegner. Det er til dømes behov for tilleggsløyving dersom det vert valt å legge inn nye arealformål. Det vil truleg også vere behov for konsulent bistand knytt til den vidare dialogmøte-prosessen med Statsforvaltaren, og etter ei eventuell 2. høyring.

Framlegg til tidsplan:

Arbeid med innspel etter 1. høyring	Januar - mars
Politisk handsaming innspel etter 1. høyring	18. mars
Arbeid med innspel og motsegner	Mars
Dialogmøte med Statsforvaltar og andre sektormynde	Veke 14
Vedtak om høyring	Veke 16
Høyringsperiode 2. høyring	ca. 1. mai – 30. juni
Arbeid med innspel	Juli – august

Anne Kristine Dyrdal
Sakshandsamar

Solund kommune

Arkiv:	K2-L81
ArkivsakID:	21/132
JournalpostID:	21/617
Sakshandsamar:	Terje Drengenes
Dato:	25.02.2021

Saksframlegg

Saksnr. utval	Utval	Møtedato
014/21	FORMANNSKAP	04.03.2021
	KOMMUNESTYRE	

Tilrettelegging av bustadtomter i Storehaugen bustadfelt Hardbakke

Administrasjonssjefen sitt framlegg til vedtak:
Solund kommunestyre vedtek å gjennomføre tilrettelegging av 4 regulerte bustadtomter i felt B1 Storehaugen Hardbakke.

Tiltaket gjennomførast innanfor ei kostnadsramme på kr. kr. 2.350.000,- eks. mva. med løyving frå disposisjonsfond.

Tomtepris vert sett til kr. 388.000,- med tillegg for kommunale og offentlege gebyr, som for Klubben bustadfelt. Inntektene vert ført tilbake til disposisjonsfond.

Tildeling av tomter skjer skjer etter reglar vedtekne i kommunstyresak 075/16.

Vedlegg i saka:


29.06.2017	REGLAR FOR TILDELING AV TOMT I KOMMUNALE BUSTADFELT
22.06.2016	KOSTNAD TEKNISK PLAN/INFRASTRUKTUR BUSTAFELTET STOREHAUGEN
25.02.2021	KLARGJERING ANBODSDOKUMENT UTVIDING BUSTADFELT STOREHAUGEN

Kva saka gjeld:
Tilrettelegging av bustadtomter i Storehaugen bustadfelt Hardbakke

Saksutgreiing:

Kartet nedanfor syner utsnitt av reguleringsplan for del av Storehaugen og del av

reguleringsplan for idrettspark med 4 nye bustadtomter i felt B1.



Bustadtomtane i felt B1 er ikkje tilrettelagt med veg, vatn, avlaup, straum og data/fiber. Med gjennomført tilrettelegging vil tomtane vere byggjeklare for bustadar i samsvar med godkjent reguleringsplan.

Solund Formannskap handsama i F-sak 039/12 kostnad med teknisk plan og infrastruktur for utviding av bustadfelt Storehaugen. Det vart gjeve løyve til oppstart av arbeid med teknisk plan og konkurransegrunnlag. Tomteprisen vart då sett til kr. 300.000,- med tillegg for gebyr. Kostnad med tilrettelegging var då berekna til kr. 1.500.000,-.

I sak F-023/13 gjorde Solund formannskap vedtak om å leggje tilrettelegging av tomtene i Storehaugen ut på tilbod. Det var ein føresetnad at ei tomt var seld. Kostnadsramma vart då sett til kr. 1.245.000,- Eventuell oppstart før sal av tomt var gjennomført måtte vurderast a i eiga sak av kommunestyret med finansieringsløysing.

Det er i 2021 gjennomført ei korrigering av kostnaden med opparbeiding m.a. i høve til prisstigning og marknaden. Overslaget tek og omsyn til at entreprenøren skal gjennomføre tiltaket med relativt kort anleggstid. Det er og vedteke ny VA-norm som set krav til m.a. utførande.

Tiltak med revidert kostnadsoverslag	**eks mva**
VA-anlegg med kummer og avstikk til tomter	kr. 650.000,-
Veg med sikring og fast dekke	Kr. 800.000,-
EL-og fiber med anleggsbidrag	kr. 450.000,-
Veglys med styreskap	kr. 150.000,-
Gjennomgang prosjektering, adm. og byggjeleiing	kr. 300.000,-
Sum	kr. 2.350.000,-

Endeleg kostnad vil avhenge av kva tilbod ein får på arbeidet. Ein vil ved utysing måtte vektlegge framdrift, gjennomføring og kvalitet minst like høgt som pris.

Tomtepris vil etter sjølvkost verte i storleik kring 600.000,- om ein tek omsyn til grunnkjøp. Ein vil likevel tilrå at prisen vert sett på same nivå som i Klubben bustadfelt, då begge bustadfelta har gode kvalitetar. Klubben har nærleik til sjø medan Storehaugen ligg like ved idrettsparken.

Grunnavståing:
Solund kommune er eigar til grunnen etter tidlegre grunnkjøp g.nr 26 b.nr. 56 til bustadfelt Storehaugen i 1986 og g.nr. 26 b.nr. 117 frå Opplysningsvesnetets fond til utviding av bustadområde og idrettsbane i 2003.
Frådeling i tråd med reguleringsplanen til den enkelte bustadtomt vert utført i samband med sal av tomter.
:

Vidare prosess fram til ferdig tilrettelagte tomter	**Tidsrom (år 2021)**
Vedtak om gjennomføring	Mars
Gjennomgang og revidering av konkurransegrunnnlaget frå 2012	Mars/april
Utlysing av tilbod i Doffin og inngåing av kontrakt med entreprenør	Mai /juni
Oppstart av anlegget	Aug
Ferdigstilling (bestemmast ved kontraktsforkhandling) Annonsering, visning og sal av tomter	Nov/desember Frå nov/desember

Vurdering:
Det er stor etterspørsel etter bustader og private har synt interesse for kjøp av bustadtomt i Storehaugen. Administrasjonssjefen vurderer det som viktig at Solund kommune har attraktive tomter i meir enn eit bustadfelt slik at aktuelle kjøparar har fleire alternetiv for bygging av bustad.
Det er 19 ledige tomter i Klubben bustadfelt der det no gjort ny utlysing for tildeling av tomter. Det er ei ledig tomt i Sildevika i privat bustadfelt. Storehaugen vil vere eit godt alternativ for bygging og det er viktig å gjennomføre tilrettelegging slik at tomtene leggjast ut for sal og taktast i bruk.

Administrasjonssjefen tilrår at tomtepris vert sett til kr. 388.000,- med tillegg for kommunale og offentlege gebyr, som vedteke for Klubben bustadfelt i k-sak 061/16, og at tildeling skjer etter reglar for tildeling av tomt i kommunale byggjefelt vedtekne i k-sak 075/16.

Etter endeleg vedtak utskrift til:

SOLUND KOMMUNE

Arkiv:	K2 - L83, K3 - &00
JournalpostID:	16/2783
Sakshandsamar:	Helge Alme
Dato:	27.09.2016

Saksframlegg

Saksnr. utval	Utval	Møtedato
075/16	FORMANNSKAP	28.09.2016
075/16	KOMMUNESTYRE	01.12.2016

REGLAR FOR TILDELING AV TOMT I KOMMUNALE BUSTADFELT

Administrasjonssjefen sitt framlegg til vedtak:

Solund formannskap vedtek fylgjande med verknad frå 01.10.2016:

REGLAR FOR TILDELING AV TOMT I KOMMUNALE BUSTADFELT I SOLUND KOMMUNE

Reglane gjeld innafor kvar enkel reguleringsplan/bustadfelt

1. Tildeling av einebustadtomt i nytt kommunalt bustadfelt, eventuelt utviding av eksisterande, skal skje etter loddtrekning der tomtesøkjarane i søknad har valt tomtar i prioritert rekkefølgje.

- Administrasjonssjefen avgjer kva tomter som skal vere med i utdelinga. Administrasjonssjefen avgjer også kor ofte og på kva tid tildeling skal foregå.
- Utlysinga av tomter skal annonserast på heimesida til Solund kommune, sosiale fora og i ei lokal avis. Frist for å søkje skal vere 3 veker.

- Byggjefirma kan søkje, og få tildelt inntil to tomtar, men private husbyggarar vil bliprioritert ved kjøp av tomt til einebustad, dersom det er søknad på same tomt.

Etter tildeling, jamfør ovannemnde, vert tomtar selde kontinuerleg når søknadar kjem inn.
Byggjefirma kan søkje om inntil to tomtar om gangen.
Informasjon om ledige tomter skal ligge på kommunen si heimeside.

2. Tildeling av tomtar i kommunale bustadfelt, avsett til rekkehus, blokker mv. skal skje etter same prinsipp som for einebustadtomtar. Men her kan byggjefirma søkje om fleire tomtar, delområde/"tun" om gangen.

3. Dei som får tildelt tomt får ein frist på 1 år frå tildeling til innlevering av fullstendig byggesøknad.
Byggearbeid på bustadhus skal vere påbyrja innan 2 år frå tildeling. Dette vert tinglyst på skøytet.

Administrasjonssjefen kan etter søknad forlenge denne fristen dersom det føreligg særlege grunnar.

- Faktura for tomt blir sendt når kjøpekontrakt eller skøytet er klart for tinglysing.

4. Inntil det er bygd hus på tomta skal kommunen ha tinglyst rett til å kjøpe tomta attende til betalt
tomtepris dersom vilkåra i punkt 3 ikkje er etterkomne.

5. Der det er sjøhus/ nausttomter skal sal skje til bebuarar i bustadfeltet det tilhøyrer. Tildeling etter
same reglar som tildeling av bustadtomt.

28.09.2016 FORMANNSKAP

Handsaming:
FELLES ENDRINGSFRAMLEGG V/ORDFØRAR:
Administrasjonssjefen sitt framlegg til vedtak minus første kulepunkt i punkt 1.

Votering:
Det vart røysta alternativt mellom administrasjonssjefen sitt framlegg til vedtak og formannskapet sitt felles framlegg til vedtak. Formannskapet sitt felles framlegg til vedtak vert samrøystes vedteke.

FOR-075/16 Vedtak i:

Solund formannskap vedtek fylgjande med verknad frå 01.10.2016:

REGLAR FOR TILDELING AV TOMT I KOMMUNALE BUSTADFELT I SOLUND KOMMUNE

Reglane gjeld innafor kvar enkel reguleringsplan/bustadfelt

1. Tildeling av einebustadtomt i nytt kommunalt bustadfelt, eventuelt utviding av eksisterande, skal skje etter loddtrekning der tomtesøkjarane i søknad har valt tomtar i prioritert rekkefølgje.
   - Utlysinga av tomter skal annonserast på heimesida til Solund kommune, sosiale fora og i ei lokal avis. Frist for å søkje skal vere 3 veker.
   - Byggjefirma kan søkje, og få tildelt inntil to tomtar, men private husbyggarar vil bli prioritert ved kjøp av tomt til einebustad, dersom det er søknad på same tomt.

   Etter tildeling, jamfør ovannemnde, vert tomtar selde kontinuerleg når søknadar kjem inn.
   Byggjefirma kan søkje om inntil to tomtar om gangen.
   Informasjon om ledige tomter skal ligge på kommunen si heimeside.
2. Tildeling av tomtar i kommunale bustadfelt, avsett til rekkehus, blokker mv. skal skje etter same prinsipp som for einebustadtomtar. Men her kan byggjefirma søkje om fleire tomtar, delområde/"tun" om gangen.

3. Dei som får tildelt tomt får ein frist på 1 år frå tildeling til innlevering av fullstendig byggesøknad.
Byggearbeid på bustadhus skal vere påbyrja innan 2 år frå tildeling. Dette vert tinglyst på skøytet.
Administrasjonssjefen kan etter søknad forlenge denne fristen dersom det føreligg særlege grunnar.

- Faktura for tomt blir sendt når kjøpekontrakt eller skøytet er klart for tinglysing.

4. Inntil det er bygd hus på tomta skal kommunen ha tinglyst rett til å kjøpe tomta attende til betalt
tomtepris dersom vilkåra i punkt 3 ikkje er etterkomne.
5. Der det er sjøhus/ nausttomter skal sal skje til bebuarar i bustadfeltet det tilhøyrer. Tildeling etter
same reglar som tildeling av bustadtomt.

01.12.2016 KOMMUNESTYRE

Handsaming:

Votering:
Formannskapet sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

KOM-075/16 Vedtak i:

Solund kommunestyre vedtek fylgjande med verknad frå 01.12.2016:

REGLAR FOR TILDELING AV TOMT I KOMMUNALE
BUSTADFELT I SOLUND KOMMUNE

Reglane gjeld innafor kvar enkel reguleringsplan/bustadfelt

1. Tildeling av einebustadtomt i nytt kommunalt bustadfelt, eventuelt utviding av eksisterande, skal skje etter loddtrekning der tomtesøkjarane i søknad har valt tomtar i prioritert rekkefølgje.
   - Utlysinga av tomter skal annonserast på heimesida til Solund kommune, sosiale fora og i ei lokal avis. Frist for å søkje skal vere 3 veker.
     Byggjefirma kan søkje, og få tildelt inntil to tomtar, men private husbyggarar vil bli prioritert ved kjøp av tomt til einebustad, dersom det er søknad på same tomt.
     Etter tildeling, jamfør ovannemnde, vert tomtar selde kontinuerleg når søknadar kjem inn.
     Byggjefirma kan søkje om inntil to tomtar om gangen.
     Informasjon om ledige tomter skal ligge på kommunen si heimeside.

2. Tildeling av tomtar i kommunale bustadfelt, avsett til rekkehus, blokker mv. skal skje etter same prinsipp som for einebustadtomtar. Men her kan byggjefirma søkje om fleire tomtar, delområde/"tun" om gangen.

3. Dei som får tildelt tomt får ein frist på 1 år frå tildeling til innlevering av fullstendig byggesøknad.
   Byggearbeid på bustadhus skal vere påbyrja innan 2 år frå tildeling.
   Dette vert tinglyst på skøytet.
   Administrasjonssjefen kan etter søknad forlenge denne fristen dersom det føreligg særlege grunnar.
   - Faktura for tomt blir sendt når kjøpekontrakt eller skøytet er klart for tinglysing.

4. Inntil det er bygd hus på tomta skal kommunen ha tinglyst rett til å kjøpe tomta attende til betalt tomtepris dersom vilkåra i punkt 3 ikkje er etterkomne.

5. Der det er sjøhus/ nausttomter skal sal skje til bebuarar i bustadfeltet det tilhøyrer.
   Tildeling etter same reglar som tildeling av bustadtomt.

AKTUELLE LOVER, FORSKRIFTER, AVTALER M.M.:

KVA SAKA GJELD:
Solund kommune skal bygge ut eit bustadfelt i Klubben, og i den sammanheng så ser ein det som naudsynt å ha eit regelverk for korleis ein skal tildele tomter til dei som ynskjer å kjøpe tomt. Regelverket stiller krav til korleis tildelinga skal skje og krav til kjøpar etter tildeling.

SAKSUTGREIING:

Administrasjonen har i sakshandsaminga undersøkt korleis andre kommunar tildeler tomter i nye byggefelt. Reglane som er utarbeidde er tilpassa for Solund kommune, og er oversiktlige og klare på korleis tildeling og sal av tomt skal gjennomførast. Samstundes er det stilt krav til kjøpar for korleis vedkommande skal gå fram etter kjøp av tomt.

VURDERING:
Administrasjonssjefen sin vurdering er at reglane er oversiktlige og vil gje kjøpar av tomter klare rettningslinjer for kjøp av tomter i kommunale bustadfelt.

ETTER ENDELEG VEDTAK UTSKRIFT TIL:

Sakspapir

SAKSGANG			
Styre, utval, komite m.m.	**Saksnr.**	**Møtedato**	**Sakshandsamar**
FORMANNSKAP	039/12	10.05.2012	HARSKI

Avgjerd av: Solund formannskap	**Arkiv:** K2-L12 **Objekt:**	**Arkivsaknr** 09/496

KOSTNAD TEKNISK PLAN/INFRASTRUKTUR BUSTAFELTET STOREHAUGEN

ADMINISTRASJONSSJEFEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Administrasjonen får fullmakt til å gjennomføre arbeidet med teknisk plan og anbodsdokument medan tomter vert lyst for sal j.f. vedtak sak KOM-086/11.
Pris pr. bustadtomt med tilrettelagt veg, vatn, avlaup, el. og tele vert sett til kr 250.000,-.
I tillegg kjem gebyr etter matrikkellova og tilknytingsgebyr for vatn og avlaup.

10.05.2012 FORMANNSKAP

FELLES FRAMLEGG TIL VEDTAK V/ORDFØRAR OLE GUNNAR KRAKHELLEN:

Administrasjonen får fullmakt til å gjennomføre arbeidet med teknisk plan og anbodsdokument medan tomter vert lyst for sal j.f. vedtak sak KOM-086/11.
Pris pr. bustadtomt med tilrettelagt veg, vatn, avlaup, el. og tele vert sett til kr 300.000,-.
I tillegg kjem gebyr etter matrikkellova og tilknytingsgebyr for vatn og avlaup.

Votering:
Det vart røysta alternativt mellom administrasjonssjefen sitt framlegg til vedtak og felles framlegg til vedtak i formannskapet.
Felles framlegg til vedtak i formannskapet vart samrøystes vedteke.

FOR-039/12 VEDTAK:

Administrasjonen får fullmakt til å gjennomføre arbeidet med teknisk plan og anbodsdokument medan tomter vert lyst for sal j.f. vedtak sak KOM-086/11.
Pris pr. bustadtomt med tilrettelagt veg, vatn, avlaup, el. og tele vert sett til kr 300.000,-.
I tillegg kjem gebyr etter matrikkellova og tilknytingsgebyr for vatn og avlaup.

DOKUMENTLISTE:

Nr	T	Dok.dato	Avsendar/Mottakar	Tittel
1	I	24.11.2009	Ola Roald	TILBOD PÅ UTVIDING REGULERINGSPLAN STOREHAUGEN
2	U	06.01.2010	Ola Roald as Arkitektur	VARSEL OM REGULERING STOREHAUGEN
3	I	14.01.2011	Ola Roald AS	VARSEL OM IGANGSETTING AV REGULERING STOREHAUGEN
4	I	04.02.2011	N V E Region Vest	INNSPEL TIL VARSEL OM OPPSTART AV ARBEID MED REGULERINGSPLAN STOREHAUGEN
6	I	14.02.2011	Fylkesmannen i Sogn og Fjordane	FRÅSEGN TIL OPPSTART AV ARBEID MED REGULERINGSPLAN STOREHAUGEN
7	I	17.03.2011	Ola Roald AS	DETALJREGULERING FOR NYTT BUSTADOMRÅDE OG IDRETTSANLEGG STOREHAUGEN
8	U	08.04.2011	Ola Roald AS	PLANFORSLAG TIL OFFENTLEG ETTERSYN REGULERINGSPLAN GBNR 26/56 M.FL. STOREHAUGEN
9	U	08.04.2011	Firda	ANNONSE OFFENTLEG ETTERSYN REGULERINGSPLANAR I SOLUND KOMMUNE
10	I	09.05.2011	Statens vegvesen Region vest	INGEN MERKNAD TIL REGULERINGSPLAN STOREHAUGEN
12	I	18.05.2011	Fylkesmannen i Sogn og Fjordane	FRÅSEGN TIL OFFENTLEG ETTERSYN AV REGULERINGSPLAN FOR GBNR 26/56 M.FL. STOREHAUGEN
13	I	18.05.2011	Norges vassdrags- og energidirektorat NVE Region Vest	MOTSEGN TIL OFFENTLEG ETTERSYN AV REGULERINGSPLAN FOR GBNR 26/56 M.FL. STOREHAUGEN
15	I	16.08.2011	COWI AS	OVERSENDING TILBOD KARTLEGGING SKREDFARE
16	I	13.12.2011	COWI AS	RAPPORT SKREDFARE REGULERINGSPLAN STOREHAUGEN
17	I	04.01.2012	Norges vassdrags- og energidirektorat	GJELD MOTSEGN MOT REGULERINGSPLAN GBNR 26/56 M.FL NYTT BUSTADOMRÅDE OG IDRETTSANLEGG STOREHAUGEN

18	I	18.01.2012	Ola Roald AS	REVIDERT PLANKART, PLANBESKRIVING MED SVAR PÅ INNSPEL, REGULERINGSBESTEMMELSER OG ROS-SJEKKLISTE
19	I	20.01.2012	NVE Region Vest	TREKKJER MOTSEGN TIL NYTT BUSTADOMRÅDE STOREHAUGEN
20	U	21.02.2012	Fylkesmannen i Sogn og Fjordane	OVERSENDING GODKJEND ENDRING REGULERINGSPLAN STOREHAUGEN GBNR 25/56 M.FL.

VEDLEGG I SAKA:

Nr	T	Dok.dato	Avsendar/Mottakar	Tittel

AKTUELLE LOVER, FORSKRIFTER, AVTALER M.M.:

KVA SAKA GJELD:

Bustadfeltet Storehaugen med kostnad teknisk plan/infrastruktur

SAKSUTGREIING:

Reguleringsplan Storehaugen, gnr. 26 bnr. 56, 117 og 122 vart godkjend i kommunestyre (KOM-004/12) 14.02.2012. Planen legg til rette for eit nytt bustadområde med 4 frittliggjande einebustader. Planforslaget omfatta samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur med veg og fortau.

For å realisere utbygging av bustadfeltet er det trong om å lage ein teknisk plan til infrastruktur i området.

Kostnad for å fullføre prosjektet til byggeklare tomtar er stipulert til :

Teknisk plan for regulert bustadområde	kr 90000,-
Veg/fortau	kr 350000,-
Framføring av el.kraft, tele og data	kr 550000,-
Vatn/kloakk m/kummar og avstikk	kr 200000,-
Gatelys	kr 110000,-
Prosjekt og byggeleiing	kr 100000,-
Uføresett	kr 100000,-
Førebels budsjettforslag	kr 1500000,-

Vedtak (KOM -004/12 i økonomiplanen
For å finansiere utbygging av Bustadfeltet Storehaugen med utarbeiding av teknisk plan/infrastruktur vart det i kommunestyre 15.12.2011 gjort dette vedtak (KOM-086/11) Punkt 9, 6. avsnitt som seier:
«For å redusere kommunen sine lånefinansierte investeringar, skal dei 4 nye tomtane i Storehaugen leggast ut for sal før kommunen går vidare med sine investeringar.
Når minst 2 av tomtene er selde kan resten av investeringa finansierast ved låneopptak, og feltet kan byggast ut. Naudsynt arbeid som ikkje krev lånefinansiering kan halde fram uavhengig av tomtesal. Formannskapet får fullmakt til å fastsetje salssum på tomtene. Låneopptak vert å redusere tilsvarande inntektene ved tomtesal.»

Pr. i dag er det 2 søkarar som ynskjer tomt i det nye bustadfeltet.
For å sette ein tomtepris er det viktig at ein kan utarbeide ein teknisk plan for feltet. Då vil ein få ein oversikt kor mykje det vil kosta å legge til rette for byggeklare tomtar. Ein må kunne tidfeste når det er mogleg å sette i gang for søkarane med bygging og kunne påvise veg-, tomteplassering m.v i terreng. Dette er naudsynt i samband med sal av tomtane for at aktuelle kjøparar skal kunne vurdere tomtane sin kvalitet. Difor er det viktig at den tekniske planen vert utarbeid så snart som råd er.

I økonomiplanen 2012-2015 er det avsett kr 1.000.000 til investering i år 2012, og kr 500.000 i år 2013 for utbygging av Storehaugen.

VURDERING:

Administrasjonssjefen ser positivt på at ein er i mål komen med detaljreguleringsplan Storhaugen på Hardbakke. Det er forslag om 4 nye bustadtomtar som ligg sentrumsnært, og det nye bustadområdet vil bidra positivt med tilgang på nye tomtar. Pr. i dag er det 2 søkarar som ynskjer tomt i det nye bustadfeltet.

For å komme vidare er det trong om ein oversikt kor mykje det vil kosta for å klargjere bustadfeltet med utlegging av tomtane på sal. Det er difor nødvendig å få utarbeid ein teknisk plan for bustadfeltet. Ein vil då kunna lettare legge ut tomtar for sal når kjøpar kan sjå kva tid det er byggeklare tomtar. Administrasjonsjefen meiner at ein kan sette ein tomtepris til om lag kr 250.000,-, i tillegg kjem gebyr for matrikkellov og tilknyting til vatn/kloakk. I fyrste omgang er det viktig at ein kan ta opp eit lån for å utarbeide ein teknisk plan og få utferda anbodspapir.

Administrasjonssjefen sin innstilling
Administrasjonen får fullmakt til å gjennomføre arbeidet med teknisk plan og anbodsdokument medan tomter vert lyst for sal j.f. vedtak sak KOM-086/11.
Pris pr. bustadtomt med tilrettelagt veg, vatn, avlaup, el. og tele vert sett til kr 250.000,-. I tillegg kjem gebyr etter matrikkellova og tilknytingsgebyr for vatn og avlaup.

ETTER ENDELEG VEDTAK UTSKRIFT TIL:

Sakspapir

SAKSGANG			
Styre, utval, komite m.m.	**Saksnr.**	**Møtedato**	**Sakshandsamar**
FORMANNSKAP	023/13	25.04.2013	HARSKI

Avgjerd av: Solund formannskap	**Arkiv:** K2-L12 **Objekt:**	**Arkivsaknr** 09/496

KLARGJERING ANBODSDOKUMENT UTVIDING BUSTADFELT STOREHAUGEN

ADMINISTRASJONSSJEFEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Administrasjonen får fullmakt til å legge bustadprosjektet ut på anbod, godkjenne og velje tilbod og inngå kontrakt innanfor kostnadsramma.

25.04.2013 FORMANNSKAP

FRAMLEGG TIL VEDTAK FRÅ H V/ORDFØRAR OLE GUNNAR KRAKHELLEN:
Administrasjonen får fullmakt til å legge bustadprosjektet ut på anbod, godkjenne og velje tilbod og inngå kontrakt innanfor kostnadsramma. Dette skjer når ei tomt er seld.
Viss det skal setjast i gong før må det vurderast i eiga sak i kommunestyret med finansieringsløysing.
Administrasjonen får fullmakt til å inngå forhandlingar om inn dekking av masseunderskotet i prosjektet, og forhandlingsresultatet skal godkjennast av formannskapet.

Votering:
H sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke

FOR-023/13 VEDTAK:

Administrasjonen får fullmakt til å legge bustadprosjektet ut på anbod, godkjenne og velje tilbod og inngå kontrakt innanfor kostnadsramma. Dette skjer når ei tomt er seld.
Viss det skal setjast i gong før må det vurderast i eiga sak i kommunestyret med finansieringsløysing.
Administrasjonen får fullmakt til å inngå forhandlingar om inn dekking av masseunderskotet i prosjektet, og forhandlingsresultatet skal godkjennast av formannskapet.

DOKUMENTLISTE:

Nr	T	Dok.dato	Avsendar/Mottakar	Tittel
1	I	24.11.2009	Ola Roald	TILBOD PÅ UTVIDING REGULERINGSPLAN STOREHAUGEN
2	U	06.01.2010	Ola Roald as Arkitektur	VARSEL OM REGULERING STOREHAUGEN
3	I	14.01.2011	Ola Roald AS	VARSEL OM IGANGSETTING AV REGULERING STOREHAUGEN
4	I	04.02.2011	N V E Region Vest	INNSPEL TIL VARSEL OM OPPSTART AV ARBEID MED REGULERINGSPLAN STOREHAUGEN
6	I	14.02.2011	Fylkesmannen i Sogn og Fjordane	FRÅSEGN TIL OPPSTART AV ARBEID MED REGULERINGSPLAN STOREHAUGEN
7	I	17.03.2011	Ola Roald AS	DETALJREGULERING FOR NYTT BUSTADOMRÅDE OG IDRETTSANLEGG STOREHAUGEN
9	U	08.04.2011	Firda	ANNONSE OFFENTLEG ETTERSYN REGULERINGSPLANAR I SOLUND KOMMUNE
8	U	08.04.2011	Ola Roald AS	PLANFORSLAG TIL OFFENTLEG ETTERSYN REGULERINGSPLAN GBNR 26/56 M.FL. STOREHAUGEN
10	I	09.05.2011	Statens vegvesen Region vest	INGEN MERKNAD TIL REGULERINGSPLAN STOREHAUGEN
13	I	18.05.2011	Norges vassdrags- og energidirektorat NVE Region Vest	MOTSEGN TIL OFFENTLEG ETTERSYN AV REGULERINGSPLAN FOR GBNR 26/56 M.FL. STOREHAUGEN
12	I	18.05.2011	Fylkesmannen i Sogn og Fjordane	FRÅSEGN TIL OFFENTLEG ETTERSYN AV REGULERINGSPLAN FOR GBNR 26/56 M.FL. STOREHAUGEN
15	I	16.08.2011	COWI AS	OVERSENDING TILBOD KARTLEGGING SKREDFARE
16	I	13.12.2011	COWI AS	RAPPORT SKREDFARE REGULERINGSPLAN STOREHAUGEN
17	I	04.01.2012	Norges vassdrags- og energidirektorat	GJELD MOTSEGN MOT REGULERINGSPLAN GBNR 26/56 M.FL NYTT BUSTADOMRÅDE OG IDRETTSANLEGG STOREHAUGEN

18	I	18.01.2012	Ola Roald AS	REVIDERT PLANKART, PLANBESKRIVING MED SVAR PÅ INNSPEL, REGULERINGSBESTEMMELSER OG ROS-SJEKKLISTE
19	I	20.01.2012	NVE Region Vest	TREKKJER MOTSEGN TIL NYTT BUSTADOMRÅDE STOREHAUGEN
20	U	21.02.2012	Fylkesmannen i Sogn og Fjordane	OVERSENDING GODKJEND ENDRING REGULERINGSPLAN STOREHAUGEN GBNR 25/56 M.FL.
22	I	24.05.2012	Asplan Viak AS	UNDERSKRIVEN AVTALE PROSJEKTERINGSOPPDRAG
23	I	31.12.2012	Ola Roald AS Arkitektur	GODKJENT PLANKART OG FØRESEGNER REGULERINGSPLAN STOREHAUGEN UTVIDING GBNR 26/56 MED FL
25	I	17.04.2013	Asplan Viak AS	TEKNISK PLAN UTVIDING STOREHAUGEN

VEDLEGG I SAKA:

Nr	T	Dok.dato	Avsendar/Mottakar	Tittel
25	I	17.04.2013	Asplan Viak AS	TEKNISK PLAN UTVIDING STOREHAUGEN

AKTUELLE LOVER, FORSKRIFTER, AVTALER M.M.:

KVA SAKA GJELD:

Utlegging av Bustadfeltet Storehaugen på anbod for innhenting av pris på veg, vatn, avlaup, straumframføring m.m.

SAKSUTGREIING:

Reguleringsplan Storehaugen, gnr. 26 bnr. 56, 117 og 122 vart godkjend i kommunestyre (KOM-004/12) 14.02.2012. Planen legg til rette for eit nytt bustadområde med 4 frittliggjande einebustader. Planforslaget omfatta samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur med veg og fortau.

Saka var oppe 10.05.2012 i formannskapet (FOR 039/12) som gjorde dette vedtaket:

Administrasjonen får fullmakt til å gjennomføre arbeidet med teknisk plan og anbodsdokument medan tomter vert lyst for sal j.f. vedtak sak KOM-086/11.
Pris pr. bustadtomt med tilrettelagt veg, vatn, avlaup, el. og tele vert sett til kr 300.000,-.
I tillegg kjem gebyr etter matrikkellova og tilknytingsgebyr for vatn og avlaup.

Asplan Viak AS har no utarbeidd ein teknisk plan til infrastruktur i området med mengdebeskriving av kvar enkelt tema.

Dette inneber at bustadfeltet Storehaugen er klargjort for å legge prosjektet ut på anbod for å hente inn pris som legg til rette for utbygging av feltet.

Vedtak (KOM -004/12 i økonomiplanen
For å finansiere utbygging av Bustadfeltet Storehaugen med utarbeiding av teknisk plan/infrastruktur vart det i kommunestyre 15.12.2011 gjort dette vedtak (KOM-086/11) Punkt 9, 6. avsnitt som seier:
«For å redusere kommunen sine lånefinansierte investeringar, skal dei 4 nye tomtane i Storehaugen leggast ut for sal før kommunen går vidare med sine investeringar.
Når minst 2 av tomtene er selde kan resten av investeringa finansierast ved låneopptak, og feltet kan byggast ut. Naudsynt arbeid som ikkje krev lånefinansiering kan halde fram uavhengig av tomtesal. Formannskapet får fullmakt til å fastsetje salssum på tomtene. Låneopptak vert å redusere tilsvarande inntektene ved tomtesal.»

Pr. i dag er det 1 søkarar som ynskjer tomt i det nye bustadfeltet. Dette tilseier at vedtaket i KOM-sak 086/11 gjer at ein kan ikkje legge prosjektet ut på anbod.

I økonomiplanen 2012-2015 er det avsett kr 1.000.000 til investering i år 2013, og kr 500.000 i år 2014 for utbygging av Storehaugen.

Administrasjonen har sett nærmare på kostnaden for utbygging av Storhaugen.
Vi har vore i kontakt med Sunnfjord Energi AS om kostnad til framføring av el.kraft og fått opplyst at det er nok kapasitet i området for 4 nye bustader i Storehaugen frå eksisterande trafo. Dette inneber at ein får ein ca. reduksjon på kostnad på framføring av el.kraft med om lag kr. 100.000,-. Kommunen fekk tilbod om teknisk plan kr 80000,-, ein reduksjon på kr 10000,- . Adm. har og sett på kostnad på prosjekt og byggeleiing og uføresett utgifter som gjev ein reduksjon på kr 35000,- . Montering av lysmaster er sett på vent. Dette utgjer kr 110000,-. Eit førebels revidert budsjettforslag er redusert med kr 255.000,-. Med denne reduksjonen i total prisoverslag er kostnaden redusert med om lag 1 tomtekjøp.

Revidert kostnad for å fullføre prosjektet til byggeklare tomtar er stipulert til :

Teknisk plan for regulert bustadområde	kr	80000,-
Veg/fortau	kr	350000,-
Framføring av el.kraft, tele og data	kr	450000,-
Vatn/kloakk m/kummar og avstikk	kr	200000,-
Gatelys –(Montering av lysmaster sett på vent kr 110000,-)	kr	0,-
Prosjekt og byggeleiing	kr	85000,-
Uføresett	kr	80000,-
Førebels budsjettforslag	kr	1245000,-

Før tomtekjøpar kan sette i gang med bygging, må det sendast ut tilbodsgrunnlag til entreprenørar. Når utbygginga med vatn, avlaup, straum m.m er ferdig, kan kjøpar sette i gang med bygging på tomta. Dei 4 tomtane på Storehaugen har vore ute på sal på kommunen si heimeside og med oppslag på kommunehuset og på Spar forretning. I løpet av denne tida har det ikkje vore nye interessentar som har meldt si interesse.

For at det det skal bli attraktivt å kjøpe tomtar på Storehaugen, må ein synleggjere byggeklare tomtar. Det betyr at ein må sette i gang å bygge ut infrastruktur.
Då vil ein få ein oversikt kor mykje det vil kosta å legge til rette for byggeklare tomtar. Ein må kunne tidfeste når det er mogleg å sette i gang for søkarane med bygging. Dette er naudsynt i samband med sal av tomtane for at aktuelle kjøparar skal kunne vurdere tomtane sin kvalitet. Difor er det viktig at bustadprosjektet kan leggast ut på anbod og dermed kan ein få ein eksakt pris for utbygging av bustadfeltet.

VURDERING:
Det er vel eit år sidan detaljplan for Storehaugen vart godkjend. Det er i tillegg utarbeidd teknisk plan for bustadfeltet. Dette legg grunnlag for å sende ut anbodsmateriell for innhenting av tilbod til opparbeiding av infrastruktur.

Administrasjonssjefen ser positivt på at ein er i mål både med detaljreguleringsplan og teknisk plan for bustadfeltet Storhaugen. Det er forslag om 4 nye bustadtomtar som ligg sentrumsnært, og det nye bustadområdet vil bidra positivt med tilgang på nye tomtar. Pr. i dag er det 1 søkar som ynskjer tomt og som ventar på at det vert lagt til rette for bygging i det nye bustadfeltet.

For å komme vidare er det trong om ein oversikt kor mykje det vil kosta for å klargjere bustadfeltet med utlegging av tomtane for sal. For at det det skal bli attraktivt å kjøpe tomtar på Storehaugen, må ein synleggjere byggeklare tomtar. Det betyr at ein må bygge ut infrastruktur. Ein må kunne tidfeste når det er mogleg å sette i gang for søkarane med bygging. Difor er det viktig at bustadprosjektet kan leggast ut på anbod slik at ein kan synleggjere byggeklare tomtar.

Administrasjonen har sett på total kostnad for utbygging av feltet og funne at ein kan redusere kostnaden på framføring av el. straum noko. Montering av lysmaster kan utsetjast, men må leggast til rette med trekkerøyr. Dette inneber at total kostnad er redusert tilnærma lik pris på ein tomt.

Administrasjonssjefen sin innstilling
Administrasjonen får fullmakt til å legge bustadprosjektet ut på anbod, godkjenne og velje tilbod og inngå kontrakt innanfor kostnadsramma.

ETTER ENDELEG VEDTAK UTSKRIFT TIL:

Solund kommune

Arkiv:	K2-L02
ArkivsakID:	16/471
JournalpostID:	21/572
Sakshandsamar:	Anne Kristine Dyrdal
Dato:	22.02.2021

Saksframlegg

Saksnr. utval	Utval	Møtedato
015/21	FORMANNSKAP	04.03.2021
	KOMMUNESTYRE	

Handlingsplan lokal utviklingsstrategi 2021

Administrasjonssjefen sitt framlegg til vedtak:

Solund kommunestyre godkjenner Handlingsplan 2021 - Lokal utviklingsstrategi slik den ligg føre.

Vedlegg i saka:

24.02.2021	Handlingsplan utviklingsstrategien 2021 framlegg etter høyring
28.01.2021	Innspel til handlingsplan lokal utviklingsstrategi 2021
17.12.2020	Innspel til framlegg handlingsplan lokal utviklingsstrategi 2021

Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.:

Kva saka gjeld:
Rullering av handlingsplan til Solund kommune sin lokale utviklingsstrategi.

Saksutgreiing:
Solund kommune utarbeidde i 2014/2015 ein lokal utviklingsstrategi. Handlingsplanen til denne vart vedteken av kommunestyret i juni 2015. Lokal utviklingsstrategi med handlingsplan har vore eit styringsverktøy i Solund kommune sitt arbeid med lokalsamfunnsutvikling. Handlingsplanen har og fungert som Solund kommune sin næringsstrategi.

For å sikre at tiltaka i planen er oppdatert og i tråd med dagens situasjon var det planlagt årleg rullering av handlingsplanen. Fyrste rullering vart vedteken i juni 2016, deretter i desember 2018.

Handlingsplanen har vore nytta aktivt av kommunen sidan den vart vedteken, og mange tiltak er gjennomført heilt eller delvis. Det er difor viktig å oppdatere handlingsplanen slik at dei tiltaka som er gjennomført vert teke ut og nye viktige tiltak innanfor delmåla vert lagt til.

Målet med rulleringa er at handlingsplanen til Lokal utviklingsstrategi kan fungere som ei rettesnor for utviklingsarbeidet i Solund. I arbeidet med revisjonen av kommuneplanen vart målsetjingane i den lokale utviklingsstrategien brukt som grunnlag for utarbeiding av

samfunnsdelen.

Administrasjonen i Solund kommune har utarbeidd eit utkast til Handlingsplan 2021 - Lokal utviklingsstrategi. I utkastet er det ikkje gjort større endringar i målsetjingane, hovudmåla er endra i tråd med samfunnsdelen, delmåla er stort sett dei same med nokre mindre oppdateringar. På tiltakssida er det gjort nokre justeringar.

Utkast til revidert handlingsplan er sendt ut til aktuelle lag og organisasjonar, inkludert SNS, for at dei skal kunne kome med innspel og endringar. Det kom inn eit innspel, som handla om å synleggjere Solund som bustad, arbeidsstad og reisemål. I tillegg har ungdomsrådet handsama høyringa. Dei gjorde såleis vedtak:

«Ungdomsrådet ønskjer at følgjande punkt vert prioritert i handlingsplan for lokal utviklingsstrategi:

- *Det må vere attraktive tomtar tilgjengeleg*
- *Ruste opp hamna på Hardbakke*
- *Tiltak for personar med nedsett funksjonsevne og universell utforming*
- *Arbeid med næringsutvikling»*

Solund kommunstyre gjorde blant anna vedtak om at kommunstyret ynskjer at arbeidet med fylgjande oppgåver vert særskilt prioritert, i k. sak 055/20; Budsjett og Økonomiplan 2021 - 2024 :

- Reguleringsplan Hardbakke og fornying gjestehamn
- Realisering av bustader og marknadsføring av tilgjengelege tomter
- Informasjonsarbeid. Mellom anna oppgradering og utvikling av Solund kommune si heimeside
- Fullføre samarbeidsprosjekt med Telenor
Det skal arbeidast for å betre tannhelsetilbodet i Solund, til dømes gjennom samarbeid med private.

Når den nye organisasjonen er sett og verdiskapingsplanen til Vestland Fylkeskommune er vedteken, bør det gjerast ei større revidering av handlingsplanen. Det er viktig at strategien og handlingsplanen er godt forankra i samfunnsdelen og dette må sikrast i neste revidering. Det bør også gjerast ei vurdering av kva rolle lokal utviklingsstrategien skal ha, sett opp mot samfunnsdelen til Solund kommune, og utviklingsplanen og verdiskapingsplanen til fylket.

Vurdering:

Det er viktig å oppdatere handlingsplan for lokal utviklingsstrategi for å forankre planen, slik at den betre kan nyttast som verktøy i samfunnsutviklinga det komande året.

For samarbeidet med Klar Bedrift om næringsutviklingsarbeidet i Solund er det særleg viktig at det finst ein oppdatert strategi for utviklingsarbeid som dei kan bruke inn i sine saksvurderingar.

Det er gjort nokre endringar i verksemdene som er involvert for å oppdatere i tråd med namneendringar som har skjedd i seinare tid. Innspela som er kome inn er vurdert og det er gjort tillegg av nokre punkt som er markert gult. Desse punkta handlar om synleggjering, blant anna av Solund som bustad, arbeidsstad og reisemål, og universell utforming knytt til båtrutene.

Innspela frå ungdomsrådet vert elles vurdert som dekka av framlegget, knytt til attraktive tomtar, hamna på Hardbakke og arbeid med næringsutvikling. Det er innarbeida eit punkt knytt til universell utforming knytt til båtrutene. Universell utforming vert også eit tema i folkehelseplanen.

Det vert vurdert slik at det meste frå vedtaket i budsjettsaka i desember ivareteke i handlingsplanen. Unntaka er reguleringsplan Hardbakke og oppgradering og utvikling av Solund kommune si nettside. Dette er gjort framlegg om å legge dette inn.

Etter endeleg vedtak utskrift til:
Klar bedrift AS

HANDLINGSPLAN – LOKAL UTVIKLINGSSTRATEGI 2021

Vedteken av Solund kommunestyre XX.XX.2021 i K.sak XX/21

Visjon: Solund - i dei unge sine framtidsplanar **Posisjon:** Kva meir kan vi skape frå det sjøen og kystlandskapet gir oss?

Namn på samfunnsdelen: Vi skaper framtida i lag

Prioriteringar henta frå samfunnsdelen:

3.5 Gjere Solund synleg
3.3 Varierte bustader og gode bukvalitetar
3.4 Mangfaldig næringsliv og fleire arbeidsplassar
3.1 Bruk og vern av sjøareala og 3.2 Bruk og vern av kystlandskapet

BHG = Solund barnehage	FRG = Fjordkysten regional- og geopark	NL = Næringslivet	SK = Solund kommune
GE = Grunneigar	KS = Kulturskulen	OF = Ordføraren	SNS = Solund Næringssamskipnad
KB = Klar bedrift	LO = Lag og organisasjonar	SF = Solund Frivilligsentral	SS = Solund barne- og ungdomsskule
NAV = NAV Solund	FF = Fjordkysten Friluftsråd	SB = Solund Bustadstifting	FK = Fylkeskommunen
VF = Visit Fjordkysten			

3.5 Gjere Solund synleg

TILTAK	START/TIDSFRIST	ANSVARLEG	INVOLVERT
• Avklare profil for Solund kommune	2020/ 2022	SK	
• Oppgradere og utvikle Solund kommune si nettside	2021/ 2022	SK	NL/LO/ VF
• Gjennomføre regelmessige samrådingsmøte mellom SK og næringslivet	2021/ 2022	SK	SNS, KB
• Marknadsføring av Solund kommune knytt til Utvær fyr, øyhopping, Lågøystolane, mfl.	2021/ 2022	SK	LO, NL/ VF
• Arbeid med infrastruktur opp mot regionale myndigheiter	2021/ 2024	SK	OF/NL
• Synleggjere Solund som bustad, arbeidsstad og reisemål	2021/ 2024	SK	NL/KB/FRG/LO/ VF

3.3 Varierte bustader og gode bukvalitetar

TILTAK	START/TIDSFRIST	ANSVARLEG	INVOLVERT
• Utarbeide reguleringplan for Hardbakke	2021/2022	SK	NL, LO
• Arbeide for å betre tannhelsetilbodet i Solund	2021/ 2023	SK	
Delmål: **Solund skal ha tilgjengelige og attraktive tomter med der ein kan byggje på kort tid, samt eit variert tilbod av utleigebustadar.**			
• Realisere nye utleigebustadar	2021/ 2024	SK	NL, SB
• Utarbeide handlingsplan for bustadbygging i Solund	2021	SK	SB, NL
• Marknadsføre bustadfeltet Klubben og andre byggjeklare tomtar i kommunen	2021/ 2022	SK	SN, SNS
Delmål: **Der er gode kommunikasjonar både innanfor kommunen samt til fastlandet og regionale sentra.**			
• Realisere brusamband Ytre Steinsund	2021/ 2024	FK	SK, SNS, NL
• Regulere ekspressbåtstopp på Hardbakke	2020/ 2024	SK	SNS, NL
• Utbetre kritiske punkt på fylkesveg 606	2020/ 2021	SK	SNS, NL
• Sikre lokale båtruter i det nye Vestlandfylket	2021/ 2024	SK	OF, NL
Delmål: **Alle innbyggjarar har tilgang til breiband eller tilsvarande kapasitet via andre tilbod**			
• Få på plass mobil- og nettdekning i alle busette område i Solund	2020/ 2024	SK	NL
Delmål : **Ungdom og vaksne skal kunne gjennomføre deler av vidaregåande skule i Solund.**			
• Sikre framleis drift av Austrheimruta	2021/ 2024	SK	OF, SNS
Delmål: **Der er møteplassar som bidrar til integrering.**			
• Drifte og vidareutvikle Gjenbruket som møteplass, arbeidsplass for integreringog arbeidstrening	2020/ 2022	SF	SK
• Revitalisere ungdomsklubbane i Solund	2020/ 2022	LO	SK
• Realisere klubbhus på Solund Idrettspark	2020/ 2022	SK	LO
• Reetablere skulen i Straumen som møteplass	2020/ 2022	LO	SK, NL

UTKAST

3.4 Mangfaldig næringsliv og fleire arbeidsplassar

TILTAK	START/TIDSFRIST	ANSVARLEG	INVOLVERT
Delmål: Fleire arbeidsplassar er etablert i Solund og der er rekruttering av kompetent personale.			
• Der er auka samarbeid mellom SK og NL om rekruttering, lærlingar og trainees	2020/ 2022	SK	SNS, NL, NAV
• Alle ledige stillingar skal annonserast (vanlege og sommarjobbar) og synleggjerast	2020/ 2023	SNS	SK, NL
• Satsing på auka etablering av kompetansearbeidsplassar innan havbruks- og fiskerinæringane	2020/ 2024	NL	SK, SNS, KB
Delmål: Barn og ungdom i Solund er kjent med arbeidsplassar i kommunen og har erfaring frå praksis.			
• Barnehagen og skulen har regelmessige besøk på lokale arbeidsplassar	2020/ 2022	BHG + SS	NL, SNS
• Skulen tilbyr arbeidslivsfag som er knytt til lokalsamfunnet	2020/ 2022	SS	NL
• Arrangere karrieremesse på ungdomsskulen	2021/ 2022	SS	NL, KB, SK
• Ungdomar får tilbod om sommarjobb i Solund	2021/ 2023	SK + NL	SNS
• Solund kommune har eige program for sommarjobbar til ungdomar 13-17 år	2021/ 2023	SK	-
Delmål: Gjennom næringsutvikling er det lagt til rette for satsingar knytt til det unike ved Solund.			
• Realisere felles næringsareal	2020/ 2022	SK	NL
• Vidareføre satsing på kajakkpadling som næring	2020/ 2022	NL	FRG, SK, VF
• Forprosjekt om innovasjonshus er gjennomført	2021/ 2024	SK	OF, NL
• Arealplanlegging av sjøområda	2019/ 2021	SK	ML, LO
• Vidareutvikling av Fjordkysten regional- og geopark	2020/ 2024	FRG	LO, SK, NL
• Vidareutvikle Fjordane friluftsråd og etablere Skjergardsteneste	2020/ 2024	FF	SK, LO, NL

UTKAST

3.1 Bruk og vern av sjøareala og 3.2 Bruk og vern av kystlandskapet

TILTAK	START/TIDSFRIST	ANSVARLEG	INVOLVERT
Delmål: **Barn og ungdom i Solund kjenner kommunen sin og har erfaring med bruk av Solund sine sjø- og naturresursar.**			
• Arrangere båtførarkurs og båtførarprøven	2020/ 2022	LO/ NL	SS
• Barnehagen brukar sjøen og naturen aktivt i sin kvardag	2020/ 2022	BHG	-
• Skulen tilbyr valfag som er knytt til lokalsamfunnet	2020/ 2022	SS	-
• Arrangere aktivitetar knytt til sjøen og kystlandskapet	2020/ 2022	LO	NL
• Alle ungdomar skal ha vore i alle deler av kommunen før vidaregåande skule	2020/ 2022	SS	NL
Delmål: **Der er tilrettelagt gode område for allsidig fritidsaktivitet.**			
• Etablere og realisere Draumeplassen	2021/ 2024	SK	LO
• Vidareutvikla Utvær, Litle Færøy og Kystled Solund	2020/ 2022	LO	SK
• Gjennomføre forprosjekt på eit kajakkopplegg med løyper, kart og lagringsplass	2020/ 2022	LO	SK
• Planleggje og leggje til rette turruter på sjø og land	2020/ 2024	SK	LO
Delmål: **Solund er kjent som ein stad der det skjer aktivitetar knytt til det unike sjø- og kystlandskapet.**			
• Arrangere aktivitetar som får regional merksemd	2020/ 2022	LO	SK, NL, LO
• Vidareutvikle Solunddagen som arena for synleggjering av aktiviteten i Solund	2020/ 2022	LO	NL, SK, SF, LO
• Auke attraktiviteten i Hardbakke hamn ved å utvide kapasiteten og betre funksjonaliteten	2021/ 2023	SK	NL, LO
• Tilrettelegge for universell utforming for dei lokale båtrutene og ekspressbåten på Krakhella	2021/ 2023	FK	SK, NL

UTKAST

Solund kommune

Arkiv:	K2-L02
ArkivsakID:	16/471
JournalpostID:	21/67
Sakshandsamar:	Øystein Bolset Strand
Dato:	11.01.2021

Saksframlegg

Saksnr. utval	Utval	Møtedato
003/21	Solund Ungdomsråd	18.01.2021

Innspel til handlingsplan lokal utviklingsstrategi 2021

Administrasjonssjefen sitt framlegg til vedtak:

Solund ungdomsråd gjev følgjande innspel til lokal utviklingsstrategi:

18.01.2021 Solund Ungdomsråd

Handsaming:
Ungdomsrådet ønskjer at følgjande punkt vert prioritert i handlingsplan for lokal utviklingsstrategi:

- Det må vere attraktive tomtar tilgjengeleg
- Ruste opp hamna på Hardbakke
- Tiltak for personar med nedsett funksjonsevne og universell utforming

Arbeid med næringsutvikling

U-003/21 Vedtak i:
Ungdomsrådet ønskjer at følgjande punkt vert prioritert i handlingsplan for lokal utviklingsstrategi:

- Det må vere attraktive tomtar tilgjengeleg
- Ruste opp hamna på Hardbakke
- Tiltak for personar med nedsett funksjonsevne og universell utforming

Arbeid med næringsutvikling

Vedlegg i saka:

17.12.2020	Høyring framlegg til lokal utviklingsstrategi sin handlingsplan 2021
17.12.2020	Handlingsplan utviklingsstrategien 2021 Høyring

Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.:

Kva saka gjeld:
Innspel til handlingsplan – lokal utviklingsstrategi 2021

Saksutgreiing:
Solund kommune utarbeidde i 2014/2015 ein lokal utviklingsstrategi. Handlingsplanen til
denne strategien vart vedteken av kommunestyret i juni 2015. Lokal utviklingsstrategi med
handlingsplan har vore eit styringsverktøy i Solund kommune sitt arbeid med lokalsamfunnsutvikling.

Handlingsplanen har vore rullert to gongar tidlegare, i 2016 og i 2018, og skal no rullerast for tredje gong. Formannskapet vedtok i formannskapssak 106/20 å sende ut handlingsplanen på høyring. Fristen for å kome med innspel er 20.01.21. I høyringsbrevet er det opplyst om at det er små endringar i planen sidan 2018, men at kommunen vil gjere ei større revidering av planen i løpet av 2021.

Det er fire hovudprioriteringar i planen:

- Gjere Solund synleg
- Varierte bustader og god bukvalitetar
- Mangfaldig næringsliv og fleire arbeidsplassar
- Bruk og vern av sjøareala og bruk og vern av kystlandskapet

Kvar av hovudprioriteringane har delmål og tiltak som ein ønskjer å gjennomføre. Mange av desse gjeld ungdomsgruppa i Solund.

Vurdering:
Høyringsrunden gjev ungdomsrådet høve til å kome med innspel. Sidan mange av tiltaka er retta mot ungdomsgruppa i Solund, er det viktig at ungdomsrådet kjem med sine innspel. Innspela kan gjelde punkta som står i høyringsframlegget, men ungdomsrådet kan også kome med innspel til andre tiltak som ein meiner bør prioriterast.

Etter endeleg vedtak utskrift til:

Fra: Tom Erling Bahus <tomerling@gmnh.no>
Sendt: torsdag 17. desember 2020 10:46
Til: Anne Kristine Dyrdal
Emne: Re: 20/3554 Høyring framlegg til lokal utviklingsstrategi sin handlingsplan 2021

Oppfølgingsflagg: Følg opp
Status for flagg: Flagget

Mener det mangler noe mht. å synliggjøre Solund som bosted, arbeidssted og reisemål. Ikke minst under 3.4., ikke nok at det legges ut ledige jobber, må også bruke ressurser på å synliggjøre.

Med vennlig hilsen
Gulen Masfjorden Næringshage
Avdeling Solund

Tom Erling Bahus
Forretningsutvikler
Tel. +47 90055891

www.gmnh.no

NÆRINGSHAGANE
FOR UTVIKLING OG VEKST

Øyriket Solund

Fra: Anne Kristine Dyrdal <Anne.Kristine.Dyrdal@solund.kommune.no>
Dato: torsdag 17. desember 2020 10:09
Til: Tom Erling Bahus <tomerling@gmnh.no>
Emne: 20/3554 Høyring framlegg til lokal utviklingsstrategi sin handlingsplan 2021

Næringshagane (tidl NHNH)

ArkivsakID:	JournalID:	Arkivkode:	Dykkar.ref	Dato:
16/471	20/3554	K2-L02		17.12.2020

Høyring framlegg til lokal utviklingsstrategi sin handlingsplan 2021

Formannskapet gjorde såleis vedtak i formannskapssak 106/20:

Solund formannskap bed om at handlingsplan til lokal utviklingsstrategi 2021 vert lagt ut på høyring, med desse endringane:

1. *Delmål om møteplassar, overskrift, endra til: "Det er gode møteplassar som bidreg til integrering"*
2. *Delmål om fleire arbeidsplassar, 3. kulpeunkt, endra til: "Satsing på auka etablering av kompetansearbeidsplassar innan havbruk- og fiskerinæringane"*

Framlegg til lokal utviklingsstartegi sin handlingsplan 2021 vert med dette lagt ut på høyring med **høyringsfrist onsdag 20. januar 2021**.

Innspel sendast til Solund kommune, Hardbakke 24, 6924 Hardbakke, eller post@solund.kommune.no.

Solund kommune held på med ein organisasjonsutviklingsprosess. Når den nye organisasjonen er sett i løpet av 2021, vil det bli gjennomført ei større revidering av handlingsplanen. Med bakgrunn i dette er det gjort framlegg om små endringar i denne omgang.

Med helsing

Anne Kristine Dyrdal
Sakshandsamar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg:
Handlingsplan utviklingsstrategien 2021 Høyring

Mottakarar:

Brattelia Grendalag		
Bygdelaget Jonsokblomen		
Eide Vel		
Fjordane Friluftsråd		
Hardbakke Båtlag	6924	HARDBAKKE
Litle Færøyna Kystkulturlag		
NAV Solund	6924	HARDBAKKE
Nord Solund Vel		
Norsk Kystkulturakademi		
Næringshagane (tidl NHNH)		
Solund barne- og ungdomsskule		
Solund Barnehage		
Solund Bondelag		
Solund Bustadstifting		
Solund Bustadstifting	6924	HARDBAKKE
Solund Frivilligsentral		
Solund Idrettslag		

Mottakarar:
Solund kommune si nettside
Solund kulturskule
Solund Kvinne- og Familielag
Solund nyheter
Solund Næringssamskipnad
Solund skule og barnehage
Solund skulemusikk
Solund skyttarlag
Solund Ungdomslag
Storehaugen Vel
Vener av Utvær
Ytre Sogn Turlag
Ytre Solund Bygdehus
Ytre Solund Idrettslag
Ytre Solund Vekst

Kopi til:

Solund kommune

Arkiv:	K1-144, K2-C20
ArkivsakID:	19/116
JournalpostID:	21/565
Sakshandsamar:	Anne Kristine Dyrdal
Dato:	22.02.2021

Saksframlegg

Saksnr. utval	Utval	Møtedato
016/21	FORMANNSKAP	04.03.2021
	KOMMUNESTYRE	

Rullering av handlingsprogram til kommunedelplan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv, og prioritering av spelemiddelsøknader 2021

Administrasjonssjefen sitt framlegg til vedtak:

Handlingsprogrammet til kommunedelplan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv vert vedteke slik det ligg føre.

Solund kommune vedtek slik prioritering av spelemidelsøknadane for 2021:

Ordinære anlegg:
1. Fornying Sognesjøhytta, Avløypeneset
2. Tursti Arboretet – Sognesjøhytta, Hardbakke
3. Idrettshus ved Solund Idrettspark, Hardbakke

Nærmiljøanlegg:
1. Bordtennnis bord, Solund skule
2. Klatrestativ 2021, Solund skule
3. Kulturvandringsløype, Hardbakke
4. Trampoliner, Solund skule
5. Tuftepark, Solund skule

Dersom ein søknad ikkje oppfyller alle krav innan fristen som fylkeskommunen set, rykkjer påfølgjande søknader opp ein plass på prioriteringslista

Vedlegg i saka:
25.02.2021 Revidering av handlingsprogram 2021

Framlegg til punkt 2. Handlingsprogram for ordinære anlegg 2020 – 2023

Nr	Anleggsnamn	Søkjar / eigar	Anleggsstad	I samarbeid med	Byggestart	Drift /år		Inv. Kostn. I 1000	Finasiering (i 1000 kr)											
									Totalt			2021			2022			2023		
						KM	PM		KM ink. Mva	SM	PM	KM	SM	PM	KM	SM	PM	KM	SM	PM
1	Fornying: Dagsturhytte	SK	Av løypenet		2018	10		1892	927	485	480									
2	Gjenteken: Tursti Arboretet - Sognesjøhytte	SK	Hardbakke		2020	5		1106	400	550	156	400	550	156						
3	Idrettshus	SK	Solund idrettspark, Hardbakke	SIL	2021	100	40	14125	8825	4200	1100	6000	4200	1100						
4	Sanitæranlegg friluftsliv	SK	Hardbakke	SUL, N, BL	2022	10	10	500	166	166	166				166	166	166			
5	Båthus for kajakk - lagringsplass	SK	Ytre Solund	YSIL	2022	5	5	600	200	200	200				200	200	200			
6	Kystled Solund, fleire landingsplassar kajakk	DNT/ YST	Solund (td. Grønehellaren, Indrøy, Hersvik)	SK	2022		20	300	50	100	150				50	100	150			
7	Sjøsportpadlekart	SK	Solund	SIL, N	2023		2	300		100	200								100	200
8	Båthus for kajakk - lagringsplass	SK	Hardbakke	YST	2023	5	5	600	200	200	200							200	200	200
9	Rampe for vannsport	SK	Hardbakke	SUL, N	2023	2	2	200	67	67	67							67	67	67
10	Sanitæranlegg friluftsliv	SK	Ytre Solund	YSIL, N, FF	2023	10	10	500	166	166	166							166	166	166
11	Stinettverk i Pollatindmassivet (Strand, Råke, Hardbakke, Tveranger, Vaulen, Gylta, Lending, Nessa og Drengenes)	SIL	Midt Solund	SK, YST	2023		5	500	166	166	166							166	166	166

Framlegg til punkt 3. Handlingsprogram for nærmiljøanlegg 2020 – 2023

Nr	Anleggsnamn	Søkjar / eigar	Anleggsstad	I samarbeid med	Byggestart	Drift /år		Inv. Kostn. I 1000	Finasiering (i 1000 kr)											
									Totalt			2021			2022			2023		
						KM	PM		KM ink. Mva.	SM	PM	KM	SM	PM	KM	SM	PM	KM	SM	PM
1	Fornying: Bordtennisbord	SK	Hardbakke		2022	5		674	345	300	29	345	300	29						
2	Klatrestativ	SK	Hardbakke		2022	5		587	290	272	25	290	272	25						
3	Kulturv andring	SK	Hardbakke	SIL	2021		5	685	385	300		385	300							
4	Trampoliner	SK	Hardbakke		2022	20		719	388	300	31	388	300	31						
5	Tuftepark	SK	Hardbakke		2022	5		2083	1694	300	89	1694	300	89						
6	Tursti Eide - Nessa	SK	Eide	SK, SIL	2023		5	600	150	300	150							150	300	150
7	Gapahuk	FF	Ytre Solund	SK, YSIL	2022		5	300	75	150	75				75	150	75			
8	Tilrettelegging av Arboretet/ Draumeplassen	SK	Hardbakke	SIL, YST, 4H	2023	10	10	1400	400	300	700							400	300	700
9	Gapahuk	FF	Leknessund	SK, YST, SIL	2022		5	300	75	150	75				75	150	75			
10	Nærmiljøanlegg	SK	Ytre Solund	YSIL, N	2022	10	10	600	150	300	150				150	300	150			
11	Langkikkert eller anna attraksjonspunkt	SIL/YST	Solund (td. Hardbakke, Leknessund, Ytre Solund)	SK, Bygdelag	2023		5	600	150	300	150							150	300	150
12	Lettare turstiar og turv egar som ikkje går i bratt terreng i marka	SK	Hardbakke	SIL	2023		10	600	150	300	150							150	30	150
13	Turv eg/ joggeløype	SIL	Midt Solund	SK, YST	2023	5	5	600	150	300	150							150	300	150
14	Nærmiljøanlegg	SIL	Leknessund	Bygdelag	2023	10	10	600	150	300	150							150	300	150

Solund kommune

Arkiv:	K1-242
ArkivsakID:	21/129
JournalpostID:	21/624
Sakshandsamar:	Anne Kristine Dyrdal
Dato:	25.02.2021

Saksframlegg

Saksnr. utval	Utval	Møtedato
017/21	FORMANNSKAP	04.03.2021

Ekstraordinært kommunalt næringsfond (Covid-19) Solund Eiendom Drift

Administrasjonssjefen sitt framlegg til vedtak:

Solund formannskap løyver Solund Eiendom, eit tilskot som dekkar 75 % av underskotet i tiltaksperioden,inntil kr. 127.425,- til å opne Skafferiet for servering. Tilskotet vert løyvd frå ekstraordinært kommunalt næringsfond (Covid-19).

Tilskotet står ved lag til 28.02.2022.

For grunngjeving, sjå saksutgreiing og vurdering.

Vedlegg i saka:

25.02.2021	Saksvurdering 2021-0004 Solund Eiendom drift
24.02.2021	Søknad om kommunalt næringsfond
24.02.2021	Vedlegg til søknad

Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.:

Midlertidig forskrift om tilskudd til kommunale næringsfond som følgje av Covid-19-utbruddet:
https://innsyn.onacos.no/solund/wfdocument.ashx?journalpostid=2020002116&dokid=94319&versjon=1&variant=A&

Forskrift om Kommunal- og moderniseringsdepartementets distrikts- og regionalpolitiske tilskuddposter forvaltet av fylkeskommunen:
https://innsyn.onacos.no/solund/wfdocument.ashx?journalpostid=2020002116&dokid=94320&versjon=1&variant=A&

Vedtekter for kommunalt næringsfond for Solund kommune:
https://innsyn.onacos.no/solund/wfdocument.ashx?journalpostid=2018001691&dokid=78230&versjon=1&variant=A&

Kva saka gjeld:
Søknad om tilskot frå kommunalt næringsfond

Saksutgreiing:
Det vert også vist til saksutgreiinga som ligg vedlagt.

Det er ikkje høve til å løyve skot frå det ordinære kommunale næringsfondet, sidan det handlar om drift.

Ekstraordinært kommunalt næringsfond:
I «*Midlertidig forskrift om tilskudd til kommunale næringsfond som følge av covid-19-utbruddet*» står det: *Samla tilskot frå næringsfondet skal som hovudregel ikkje overstige 50 % av kapitalbehovet i prosjektet, og det skal aldri overstige 75%.* Solund kommune fekk løyvd 530.594 kr. i ei eingongsløyving i ekstraordinært kommunalt næringsfond.

Til no er det løyvd 3 tilskot frå fondet, på totalt 316.500, dvs. det står att om lag 214.000 kr fondet per. 25.02.2021.

Vurdering:
På bakgrunn av saksutgreiingane tilrår administrasjonssjefen at søknaden vert løyvd midlar i tråd med søknaden.

Etter endeleg vedtak utskrift til:
Solund eiendom AS

Saksvurdering

Søknadsår	2021
Støtteordning	Ekstraordinært kommunalt næringsfond - Solund kommune (Covid19)
Tittel	Søknad om støtte til prosjekt "covid 19 drift" av Skafferiet
Søker	Solund eiendom as
Gyldig til dato	-
Arkivsak	21/129 **Tilsagnsnr**
Status	Avventer vedtak
Saksbehandler	anne.kristine.dyrdal (Anne Kristine Dyrdal)
E-post	anne.kristine.dyrdal@solund.kommune.no **Mobil** 91862055

Vurdering
Solund Eiendom AS er eit aksjeselskap som driv Skafferiet matservering i tillegg til overnattingsverksemd. Føremålet med selskapet er: "Utleie av fast eiendom, herunder salg av overnattingstjenester og det som naturleg høyrer saman med slik virksomhet. Investeringer i aksjar og andelar i andre selskap som har økonomisk formål, samt investering i og utvikling av fast eigedom."

Solund Eiendom er hardt ramma av følgjene av COVID-19. Det vert opplyst at i perioden november og desember var ein nedgang på nær 50% i omsetning for overnatting og servering. Søkjar vurderer det slik at det ikkje er økonomisk forsvarleg å halde matserveringa open no, fordi omsetningsgrunnlaget er for lite. Dei tilsette i Solund Eiendom er permittert, med unntak av ei mindre stilling knytt til dagleg drift av selskapet. Selskapet har framleis ope overnattingsverksemda, men det er vesentleg redusert belegg samanlikna med i fjor. Serveringstilbodet er ope no og då, og på forespørsel dersom det vil dekke kostnadane.

Det vert søkt om tilskot for å halde Skafferiet ope i perioden 1. mars til 15. mai. Det er tenkt å halde ope som ved ordinær drift, i utgangspunktet betyr dette at det vil vere ope onsdag til søndag. Det er tenkt at tilskotet skal dekke delar av lønnskostnadane. Det er teke utgangspunkt i at det vert ei omsetning på 50% av omsetninga i 2019, i same periode. Det er budsjettert med ein lønnskostnad på 227.500 kr i perioden, ein varekostnad på 70.400 kr og ei omsetning på 128.000 kr. Det vert budsjettert med eit underskot på 169.000 kr i perioden. Det vert søkt om tilskot til å dekke 75% av underskotet; 127.425 kr. Dette vil gje eit underskot i prosjektet på 41.575 kr. Det er tentk at om omsetninga vert høgare enn 50% av omsetninga i 2019, så skal denne dekke heile/ delar av det resterande underskotet på 41.575 kr.

Ved vurdering av søknaden om tilskot vert det vist til "Midlertidig forskrift om tilskudd til kommunale næringsfond som følge av covid-19-utbruddet" og "Forskrift om distrikts- og regionalpolitiske virkemidler". Solund kommune har ikkje laga eigne retningsliner eller føringar for desse midlane.

Vurdering:

I følgje den mellombelse forskrifta, skal tilskot frå dette fondet sette kommunar i stand til å legge tilrette for auka aktivitet, sysselsetting og verdiskaping basert på lokale utfrodringar, behov og potensial. Det skal leggast særleg vekt på:

- kor stor grad tiltaket fremjar auka aktivitet, sysselsetting og verdiskaping basert på lokale utfordringar, behov og potensial

- i kor stor grad bedriftsretta tiltak, tilskot til etablerarar og andre næringsretta tiltak er forventa å motverke negative verknader av COVID-19-utbrotet

- kor raskt tiltaket kan settast i gang

Solund Eiendom søkjer om midlar frå det kommunale næringsfondet knytt til konsekvensar etter COVID-19, for å opne opp att matserveringa på Skafferiet. Det er positivt at verksemda ynskjer å bidra til verdiskaping og aktivitet både for bedrifta, ved å sette Skafferiet i drift at. Det vil også skape aktivitet og ringverknader i lokalsamfunnet elles, ved at det vert utført varekjøp, det vert eit ope serveringstilbod for lokal befolkninga og tiltreisande, og det sikrar at verksemda beheld arbeidskrafta. Dette tiltaket vil også kunne motverke konsekvensar i samband med COVID-19, knytt til psykososiale forhold. Det er jamfør forskriftene høve til å gje tilskot til drift i dette høvet, sidan drifta ligg nede, og det fører til auka aktivitet, verdiskaping og sysselsetting.

Det er vanskeleg å vite det økonomiske utfallet av dette tiltaket, med omsyn til omsetning. Det bør difor settast som vilkår at det vert gjeve eit tilskot som dekker delar av underskotet, med ei maksimal ramme.

Forslag til vedtak
Det vert tilrådd å gje eit tilskot som dekker 75% av underskotet i tiltaksperioden, maksimalt 127.425 kr.

Kort beskrivelse
se vedlegg

Tids- og kostnadsplan

Tidsplan

Kostnadsplan

Tittel	2021	2022	2023	2024	2025	SUM
01.Prosjektkostnader	297 900					297 900
02.						0
03.						0
Sum kostnad	**297 900**					**297 900**

Finansieringsplan

Tittel	2021	2022	2023	2024	2025	SUM
01.Tilskudd fra næringsfondet	127 425					127 425
02.Lån i bank						0
03.Egenkapital	42 475					42 475
04.Eget arbeid						0
05.Andre finansieringskilder	128 000					128 000
Sum finansiering	**297 900**					**297 900**

Søknad om - Bedriftsrettet-/etablererstøtte

Prosjektnavn

Søknad om støtte til prosjekt "covid 19 drift" av Skafferiet

Kontaktopplysninger

Prosjektansvarlig/ -eier: Solund eiendom as	Kontaktperson: bahus	
Adresse: Internatvegen 21	Postnr.: 6924	Poststed: HARDBAKKE
Mobil: 91189822	Telefon: -	Telefon arbeid: -
E-post: post@solund.com		Bankkonto: 37051486340
Organisasjonsnummer: 993440396		Antall årsverk (heltid/deltid): 3 / 1

Prosjektinformasjon

Type virksomhet / type støttemottaker
Overnatting og servering

Forretningside / mål og innhold med prosjektet
Startdato: 05.03.2021 Sluttdato: 20.05.2021
se vedlegg

Hvem som eier prosjektet / deltakere i prosjektet i tillegg til støttemottaker
De ansatte i bedriften

Kostnadsplan og finansieringsplan

Kostnadsplan

Tittel	2021	2022	SUM
01.Prosjektkostnader	297 900		297 900
02.			0
03.			0
Sum kostnad	**297 900**		**297 900**

Finansieringsplan

Tittel	2021	2022	SUM
01.Tilskudd fra næringsfondet	127 425		127 425
02.Lån i bank			0
03.Egenkapital	42 475		42 475
04.Eget arbeid			0
05.Andre finansieringskilder	128 000		128 000
Sum finansiering	**297 900**		**297 900**

Tilskudd/finansiering fra andre
Ingen

Andre opplysninger
Se vedlegg

Har du/dere søkt andre offentlig instanser om tilskudd til prosjektet/tiltaket: Nei

Mottatt bagatellmessig støtte de tre siste regnskapsårene: Nei

Begrunnelse for avslaget

Geografi
4636-Solund

Vedlegg

Dokumentnavn	Filstørrelse	Dato
Vedlegg til søknad covid 19 SK.pdf	96 722	16.02.2021

Vedlegg til søknad

Solund eiendom as(SE) er sterkt rammet av covid 19 utbruddet. Vi kan som eksempel nevne at i nov-des 2020 hadde SE en nedgang på nesten 50% i omsetning, dette var samlet for overnatting og servering.

Vi ønsker at Skafferiet mat & drikke skal kunne bidra til verdiskapning både for Solund som samfunn og SE som bedrift. I den situasjonen vi er nå med covid 19 er det ikke økonomisk forsvarlig å holde åpent på grunn av manglende omsetningsmuligheter.

Vi ønsker derfor å søke om covid 19 støtte for å kunne ha Skafferiet åpent i denne perioden. Støtten vil dekke deler av lønnskostnader til de ansatte som i dag er permittert. Vi har lagt opp til at Skafferiet skal kunne klare å få en omsetning på ca 50% av omsetning samme periode i 2019. Dette vil dekke en liten del av kostnadene i denne perioden. Klarer man å komme noe over dette vil det bidra til å dekke underskuddet som det er budsjettert med i søknaden.

Prosjektet er mulig å igangsette umiddelbart, budsjettert oppstart 1.mars 2021.

Dette er et prosjekt som skal direkte motvirke effekten av covid 19 utbruddet for både bedriften og Solund samfunnet.

Vi er av den oppfatning at dette er et prosjekt som bidrar til økt aktivitet både for oss, andre bedrifter og ikke minst økt aktivitet for Solund sine innbyggere. Vi vil med dette prosjektet bidra til økt sysselsetting i en krevende periode og samtidig bidra til å beholde arbeidskraften og innbyggerne i Solund. Verdiskapningen i dette prosjektet vil kunne være både kortsiktig og langsiktig.

Budsjett 010321-150521

Omsetning 50% av omsetning 2019	128.000,-
Variable kostnader(varekostnader etc.)	70.400,-
Lønnskostnader inkl sosiale utgifter	227.500,-
Resultat	-169.900,-
Støtte fra Solund kommune, 75% av underskudd	127.425,-

Solund kommune

Arkiv:	K1-242
ArkivsakID:	21/131
JournalpostID:	21/631
Sakshandsamar:	Anne Kristine Dyrdal
Dato:	25.02.2021

Saksframlegg

Saksnr. utval	Utval	Møtedato
018/21	FORMANNSKAP	04.03.2021

Ekstraordinært kommunalt næringsfond (Covid-19) Solund Eiendom Digitalt møterom

Administrasjonssjefen sitt framlegg til vedtak:

Solund formannskap løyver Solund Eiendom, eit tilskot på inntil kr. 19.000,- etablere eit digitalt møterom. Midlane vert løyvd frå ekstraordinært kommunalt næringsfond (Covid-19).

Tilskotet står ved lag til 28.02.2022.

For grunngjeving, sjå saksutgreiing og vurdering.

Vedlegg i saka:

25.02.2021	Saksvurdering 2021-0005 Solund Eiendom digitalt møterom
24.02.2021	Søknad om kommunalt næringsfond
24.02.2021	Vedlegg til soeknad

Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.:

Midlertidig forskrift om tilskudd til kommunale næringsfond som følgje av Covid-19-utbruddet:
https://innsyn.onacos.no/solund/wfdocument.ashx?journalpostid=2020002116&dokid=94319&versjon=1&variant=A&

Forskrift om Kommunal- og moderniseringsdepartementets distrikts- og regionalpolitiske tilskuddposter forvaltet av fylkeskommunen:
https://innsyn.onacos.no/solund/wfdocument.ashx?journalpostid=2020002116&dokid=94320&versjon=1&variant=A&

Vedtekter for kommunalt næringsfond for Solund kommune:
https://innsyn.onacos.no/solund/wfdocument.ashx?journalpostid=2018001691&dokid=78230&versjon=1&variant=A&

Kva saka gjeld:

Søknad om tilskot frå kommunalt næringsfond

Saksutgreiing:
Det vert også vist til saksutgreiinga som ligg vedlagt.

Det er ikkje høve til å løyve skot frå det ordinære kommunale næringsfondet, sidan det handlar om drift.

Ekstraordinært kommunalt næringsfond:
I «*Midlertidig forskrift om tilskudd til kommunale næringsfond som følge av covid-19-utbruddet*» står det: *Samla tilskot frå næringsfondet skal som hovudregel ikkje overstige 50 % av kapitalbehovet i prosjektet, og det skal aldri overstige 75%.* Solund kommune fekk løyvd 530.594 kr. i ei eingongsløyving i ekstraordinært kommunalt næringsfond.

Til no er det løyvd 3 tilskot frå fondet, på totalt 316.500, dvs. det står att om lag 214.000 kr fondet per. 25.02.2021.

Kommunalt næringsfond:
Det kan vurderast å gje tilskot frå det ordinære kommunale næringsfondet, det vil då kunne gjevast 30 % i tilskot av investeringane og 50 % av prosjektkostnadane til gjennomføring og marknadsføring (bedriftsutvikling). Investeringskostnaden er 23.000 kr. Dette vil gje eit tilskot til prosjektet på 14.400 kr.

Per 25.02.2021 står det disponibelt 470.773 kr på det ordinære kommunale næringsfondet. Det er uklart om det kjem til å komme påfylling på fondet. Det er registrert ein søknad til dette fondet der det vert venta på utfyllande opplysningar. Det er Klar Bedrift som har handsaminga og oppfølginga av denne søknaden.

Vurdering:
På bakgrunn av saksutgreiingane tilrår administrasjonssjefen at søknaden vert løyvd midlar i tråd med søknaden. Administrasjonssjefen vurderer det slik at det er mest formålstenleg å nytte det ekstraordinære kommunale næringsfondet til tiltaket, fordi tiltaket er i tråd med formålet med desse midlane.

Etter endeleg vedtak utskrift til:
Solund Eiendom AS

Saksvurdering

Søknadsår	2021
Støtteordning	Ekstraordinært kommunalt næringsfond - Solund kommune (Covid19)
Tittel	Søknad etablering av digitalt møterom
Søker	Solund eiendom as
Gyldig til dato	-
Arkivsak	21/131 **Tilsagnsnr**
Status	Avventer vedtak
Saksbehandler	anne.kristine.dyrdal (Anne Kristine Dyrdal)
E-post	anne.kristine.dyrdal@solund.kommune.no **Mobil** 91862055

Vurdering
Solund Eiendom AS er eit aksjeselskap som driv Skafferiet matservering i tillegg til overnattingsverksemd. Føremålet med selskapet er: "Utleie av fast eiendom, herunder salg av overnattingstjenester og det som naturleg høyrer saman med slik virksomhet. Investeringer i aksjar og andelar i andre selskap som har økonomisk formål, samt investering i og utvikling av fast eigedom."

Solund Eiendom er hardt ramma av følgjene av COVID-19. Det vert opplyst at i perioden november og desember var ein nedgang på nær 50% i omsetning for overnatting og servering. Det vert søkt om tilskot til å etablere eit digitalt møterom. Investeringa er i teknisk utstyr; skjem, kamera, mikrofon, m.m. Det vert i tillegg søkt om tilskot til gjennomføring og marknadsføring av prosjektet. Eit slikt tilbod vil vere ei utvikling av bedrifta, som kan føre til eit økonomisk positiv utvikling av bedrifta. Det er tenkt å etablere møterommet i perioden 15. mars til 15. april.

COVID-19 har ført til nye behov for både søkjar og mange andre bedrifter i Solund, blant anna knytt til mulegheitene for å gjennomføre gode digitale møte. Per noe er det ingen veldig gode mulegheiter for bedrifter til å gjennomføre slike møter. Eit slikt møterom vil føre kunne nyttast av bedrifter, lag og organisasjonar, tilreisande, hytteeigarar og andre ynskjer å bruke meir tid i Solund.

Ved vurdering av søknaden om tilskot vert det vist til "Midlertidig forskrift om tilskudd til kommunale næringsfond som følge av covid-19-utbruddet" og "Forskrift om distrikts- og regionalpolitiske virkemidler". Solund kommune har ikkje laga eigne retningsliner eller føringar for desse midlane.

Vurdering:

I følgje den mellombelse forskrifta, skal tilskot frå dette fondet sette kommunar i stand til å legge tilrette for auka aktivitet, sysselsetting og verdiskaping basert på lokale utfrodringar, behov og potensial. Det skal leggast særleg vekt på:

- kor stor grad tiltaket fremjar auka aktivitet, sysselsetting og verdiskaping basert på lokale utfordringar, behov og potensial

- i kor stor grad bedriftsretta tiltak, tilskot til etablerarar og andre næringsretta tiltak er forventa å motverke negative verknader av COVID-19-utbrotet

- kor raskt tiltaket kan settast i gang

Solund kommune har eit digital møterom som også kan leigast av bedrifter, men heller ikkje dette møterommet er optimalt for å gjennomføre større digitale møter mange deltakarar i same rom.

Tiltaket vil kunne føre til auka aktivitet og verdiskaping for bedrifta og lokalsamfunet elles, og er basert på lokale utfordringar knytt til mulegeheitene til å gjennomføre digitale møte. Tiltaket vil også vere positivt når det igjen vert høve til å møtast fysisk, sidan det truleg vert endringar i korleis møter vert gjennomført, og kor og korleis folk arbeider.

Forslag til vedtak
Det vert tilrådd å løyve eit tilskot på 19.000 kr til prosjektet.

Kort beskrivelse
Se vedlegg

Tids- og kostnadsplan

Tidsplan

Kostnadsplan

Tittel	2021	2022	2023	2024	2025	SUM
01.Prosjektkostnader	38 000					38 000
02.						0
03.						0
Sum kostnad	**38 000**					**38 000**

Finansieringsplan

Tittel	2021	2022	2023	2024	2025	SUM
01.Tilskudd fra næringsfondet	19 000					19 000
02.Lån i bank						0
03.Egenkapital	12 000					12 000
04.Eget arbeid	7 000					7 000
05.Andre finansieringskilder						0
Sum finansiering	**38 000**					**38 000**

Søknad om - Bedriftsrettet-/etablererstøtte

Prosjektnavn

Søknad etablering av digitalt møterom

Kontaktopplysninger

Prosjektansvarlig/ -eier: Solund eiendom as	Kontaktperson: Nina Bauge	
Adresse: Internatvegen 21	Postnr.: 6924	Poststed: HARDBAKKE
Mobil: 91189822	Telefon: -	Telefon arbeid: -
E-post: post@solund.com		Bankkonto: 37051486340
Organisasjonsnummer: 993440396		Antall årsverk (heltid/deltid): 3 / 1

Prosjektinformasjon

Type virksomhet / type støttemottaker
Overnatting, servering

Forretningside / mål og innhold med prosjektet
Startdato: 15.03.2021 Sluttdato: 15.04.2021
Se vedlegg

Hvem som eier prosjektet / deltakere i prosjektet i tillegg til støttemottaker
Solund eiendom as

Kostnadsplan og finansieringsplan

Kostnadsplan

Tittel	2021	2022	SUM
01.Prosjektkostnader	38 000		38 000
02.			0
03.			0
Sum kostnad	**38 000**		**38 000**

Finansieringsplan

Tittel	2021	2022	SUM
01.Tilskudd fra næringsfondet	19 000		19 000
02.Lån i bank			0
03.Egenkapital	12 000		12 000
04.Eget arbeid	7 000		7 000
05.Andre finansieringskilder			0
Sum finansiering	**38 000**		**38 000**

Tilskudd/finansiering fra andre
Ingen

Andre opplysninger
Se vedlegg

Har du/dere søkt andre offentlig instanser om tilskudd til prosjektet/tiltaket: Nei

Mottatt bagatellmessig støtte de tre siste regnskapsårene: Nei

Begrunnelse for avslaget

Geografi
4636-Solund

Vedlegg

Dokumentnavn	Filstørrelse	Dato
Vedlegg til søknad digitalt møterom covid 19 SK.pdf	79 376	23.02.2021

Vedlegg til søknad

Solund eiendom as(SE) ønsker å søke om støtte til etablering av et digitalt møterom.

Covid-19 har skapt nye behov både for egen bedrift og for svært mange andre bedrifter i Solund. Blant annet ser vi at det er kommet et stort behov for å kunne gjennomføre gode digitale møter. Vi kan ikke se at det er gode muligheter for bedriftene i Solund til å gjennomføre dette. SE ønsker derfor å investere i et funksjonelt digitalt møterom som tilfredsstiller dagens krav til digitale møter.

En slik investering vil kunne gi ikke bare bedrifter men også andre som lag og organisasjoner mulighet til å gjennomføre gode digitale møter ved å benytte seg av SE sin løsning. Vi ser også at dette kan gi et positivt signal utenfor Solund slik at tilreisende, hytteeiere og andre kan se muligheten til å bruke mer tid i Solund.

Investeringen vil være i teknisk utstyr(skjerm, kamera, mikrofon etc.), gjennomføring samt markedsføring av tilbudet. Vi har lagt opp til en økonomisk gunstig løsning etter å ha innhentet kompetanse på området.

SE er i en økonomisk utfordrende tid i forbindelse med covid-19 og ser at et slikt tilbud vil kunne bidra til en positiv utvikling av bedriften og derav potensiale til en økonomisk forbedring.

Solund kommune

Arkiv:	K2-B06
ArkivsakID:	21/126
JournalpostID:	21/599
Sakshandsamar:	Øystein Bolset Strand
Dato:	23.02.2021

Saksframlegg

Saksnr. utval	Utval	Møtedato
019/21	FORMANNSKAP	04.03.2021
	KOMMUNESTYRE	

Skulerute for elevane i Solund kommune skuleåret 2021-2022

Administrasjonssjefen sitt framlegg til vedtak:

Skuleruta for elevane i Solund kommune for skuleåret 2021-2022 vert vedteken slik ho ligg føre.

Vedlegg i saka:
23.02.2021 Samordna framlegg til skulerute for elevane i Sogn og Fjordane for 2021-2022

Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.:
Opplæringslova § 2-2, Vedtekter for Solund barnehage

Kva saka gjeld:
Skulerute for skuleåret 2021-2022

Saksutgreiing:
Etter § 2-2 i Opplæringslova skal kommunen fastsetje forskrift om skule- og feriedagar i skuleåret for elevane i grunnskulen. Opplæringa skal strekkje seg over minst 38 veker innanfor ei ramme på 45 samanhengande veker i skuleåret. Det er ikkje fastsett i lovverket korleis barnehageåret skal definerast, men vedtektene for Solund barnehage seier at barnehagen skal følgje skuleåret. Det vil seie at barnehageåret skal byrje same dag som første skuledag.

Framlegget til skuleruta baserer seg på framlegg til skulerute frå kompetanseregionane i Sogn og Fjordane og Vestland fylkeskommune.

Månad:	Tal skuledagar:
August:	12 dagar

Første skuledag: måndag 16. august

September: 22 dagar

Oktober: 16 dagar
Haustferie 11.-15. oktober (veke 41)

November: 21 dagar
Elevfri dag: Fredag 12.november

Desember: 15 dagar
Siste skuledag før jul: tysdag 21.desember

Januar: 21 dagar
Første skuledag etter nyttår: Måndag 3.januar

Februar: 15 dagar
Vinterferie 21.-25. februar (veke 8)

Mars: 22 dagar
Elevfri dag: Fredag 18.mars

April: 15 dagar
Siste skuledag før påske: fredag 8. april
Første skuledag etter påske: tysdag 19. april

Mai: 19 dagar
Elevfri dag: Fredag 27.mai

Juni: 12 dagar
Siste skuledag: Fredag 17.juni

Sum: 190 dagar

Den elevfrie dagen 12.november er det lagt opp til felles plandag i Hafs oppvekstregion. Barnehagen og skulen deltek normalt på denne dagen. Den elevfrie dagen 18.mars er det også rom for ein felles plandag i regionen, dersom det er ønske om det.

Etter særavtalen for undervisningspersonell skal talet på plandagar for skulen verte fastsett etter lokale forhandlingar. Utgangspunktet er seks dagar pr. skuleår. Vanleg praksis er at skulen har tre plandagar før skulestart. Vedtektene for Solund barnehage seier at barnehagen har fem plandagar i løpet av barnehageåret, og at to av desse er fastlagt før oppstart av nytt barnehageår.

Framlegget til skulerute har vorte sendt til rektor og styrar for uttale frå samarbeidsutvala og drøfting i elevrådet og blant dei tilsette. Samarbeidsutvalet på skulen har ikkje hatt møte, då FAU ikkje har valt representantar til samarbeidsutvalet. Det er såleis ikkje kome uttale til skuleruta frå dette organet. Samarbeidsutvalet i barnehagen handsama framlegget til skulerute måndag 22.02.21 og vedtok då å plassere plandagane for barnehagen slik: 12.08.21, 13.08.21, 12.11.21, 03.01.22 og 27.05.22.

Elevrådet har gjeve tilbakemelding om at dei ønskjer å starte skuleåret 16.august.

Dei ønskjer også å avslutte første halvår 17.desember, eventuelt med heimeskule 20. og 21. desember. Dette ønsket er knytt til koronasituasjonen.

Dei tilsette på skulen er delte i tilbakemeldingane. Nokre ønskjer å starte skuleåret 12.august og avslutte til jul 17.desember. Eit argument for dette er at det vil bli lettare å arrangere overnattingsturar i løpet av året. Andre ønskjer å ha oppstart 16.august.

Vurdering:
Administrasjonssjefen meiner at oppstart 12.august vil gje ein svært tidleg skulestart. Nokre føresette har gjerne ikkje ferie før mot slutten av skuleferien. Dersom første skuledag vert 12.august, kan ein risikere at nokre føresette søkjer fri for barna sine dei to første skuledagane, fordi dei ikkje er heime att frå ferie. Dette vil vere uheldig. Administrasjonssjefen meiner vidare at skuleruta slik ho ligg føre vil gje rom for overnattingsturar og andre ekskursjonar.

Elevrådet sitt ønske om heimeskule dei to siste dagane før jul er vanskeleg å svare på no. Det kjem an på korleis koronasituasjonen er når ein nærmar seg jul. Dersom koronarestriksjonane er oppheva til jul, vil dette ikkje vere aktuelt. Dersom ein framleis har koronarestriksjonar, er likevel hovudregelen at undervisninga skal gjevast på skulen, og at heimeskule berre skal nyttast under særlege omstende.

Administrasjonssjefen tilrår at skuleruta vert vedteken slik ho kjem fram i saksutgreiinga.

Etter endeleg vedtak utskrift til:

Kompetanseregionane i Sogn og Fjordane og fylkeskommunen

Samordna framlegg til skulerute for elevane i Sogn og Fjordane for skuleåret 2021 – 2022

Månadane:	Tal skuledagar:
AUGUST Første skuledag: måndag 16. august	12 dagar
SEPTEMBER	22 dagar
OKTOBER Haustferie 11. – 15. okt. (Veke 41)	16 dagar
NOVEMBER Elevfri dag: fredag 12.november	21 dagar
DESEMBER Siste skuledag før jul: tysdag 21.des.	15 dagar
JANUAR Første skuledag etter nyttår: måndag 3. jan.	21 dagar
FEBRUAR Vinterferie 21. – 25. feb. (Veke 8)	15 dagar
MARS Elevfri dag: fredag 18. mars	22 dagar
APRIL Siste skuledag før påske: fredag 8. april Første skuledag etter påske: tysdag 19. april.	15 dagar
MAI Elevfri dag: fredag 27. mai.	19 dagar
JUNI Siste skuledag: fredag 17. juni	12 dagar
Sum:	**190 dagar**

Vedteke 26.juni 2020

Kompetanseregion HAFS

Kompetanseregion Sunnfjord

Kompetanseregion Sogn

Kompetanseregion Nordfjord

Fylkeskommunen

Solund kommune

Arkiv:
ArkivsakID: 21/138
JournalpostID: 21/632
Sakshandsamar: Amund Fuglebakk Aglen
Dato: 25.02.2021

Saksframlegg

Saksnr. utval	Utval	Møtedato
020/21	FORMANNSKAP	04.03.2021
	KOMMUNESTYRE	

Reglement for Solund formannskap

Administrasjonssjefen sitt framlegg til vedtak:

Solund kommunestyre vedtek det nye reglementet for Solund formannskap. Reglementet skal gjelde frå 18. mars 2021.

Vedlegg i saka:
25.02.2021 Reglement Solund formannskap vedteke ksak 094
25.02.2021 Utkast reglement for Solund formannskap

Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.:

Kommunelova

Kva saka gjeld:

Reglement for Solund formannskap

Saksutgreiing:

Etter kommunelova § 11-12 er Solund kommune pålagd å lage reglement med nærare reglar for sakshandsaming i folkevalde organ.

Gjeldande reglement for Solund formannskap vart vedteke i 2010. Sidan den gong har det kome ny kommunelov og det nye reglementet oppdatert med tilvisingar til gjeldande lov.

Hensikta med reglementet er å supplere kommunelova med ulike reglar tilpassa

lokale høve. Til dømes taletid, prøverøysting og liknande. Administrasjonssjefen har forsøkt å behalde dei ordningane som følgde av tidligare reglement, så lenge det fortsatt er mogleg etter ny kommunelov. Ordninga med skriftleg val er til dømes tatt ut då det ikkje lenger er høve til etter kommunelova.

Arbeidsgjevaransvaret i kommunane er også tydeligare fordelt i ny kommunelov, og reglementet omtalar difor dette kortare.

Det er også opna for å nytte fjernval. Administrasjonssjefen tilrår her ei moglegheit for mindretalsveto viss 1/3 av representantane set seg mot dette. Dette fylgjer ikkje av kommunelova.

I tillegg til lokale tilpassingar skal reglementet hjelpe representantane i formannskapet å halde oversikt over eigne rettigheiter og pliktar. Administrasjonssjefen har difor gjort nokre redaksjonelle endringar med tanke på plassering av reglar og prioritert plass på det som kan ha praktisk nytte for representantane. Andre deler av reglementet er korta ned. Her kan nemnast reglar om kva som skal protokollførast, då dette fylgjer direkte av kommunelova og vert ivaretatt av administrasjonen.

I tillegg er høve som er regulert i andre reglement, som til dømes delegeringsreglementet, ikkje gjentatt i reglementet for Solund formannskap.

Det er gjort så store endringar at det ikkje har latt seg gjere å marke endringane, men det gamle regleverket ligg vedlagt.

Vurdering:

Administrasjonssjefen tilrår at vedlagt reglement for Solund formannskap vert vedteke, og tatt i bruk frå og med i dag.

Etter endeleg vedtak utskrift til:

REGLEMENT

FOR

SOLUND FORMANNSKAP

(Vedteke i Solund kommunestyre 18.12.00, K-sak 094/00)

§ 1. VAL OG SAMANSETTING.

Formannskapet er sett saman av 5 medlemer med varamedlemer i rekkefylgje frå kvar gruppe.
Formannskapet sine medlemer og varamedlemer vert valgt for 4 år om gongen, av og blant kommunestyret sine medlemer.
Kommunestyret vel ordfører og varaordfører blant valgte medlemer i formannskpet.

§ 2. ARBEIDSOMRÅDE.

Formannskapet føretek utgreiingsarbeide i større saker, på vegne av kommunestyret.
Formannskapet skal handsame saker med utgangspunkt i eige delegasjonsreglement frå Solund kommunestyre.
Dette er saker som kommunestyret ikkje har delegert til administrasjonen eller til andre å handsame. For utfyllande opplysningar vert det synt til eige delegasjonsreglement.

§ 3. INNSTILLINGSMYNDE / RÅDGJEVANDE MYNDE.

Formannskapet gir innstilling/tilråding i saker som skal handsamast av kommunestyret.
Dette gjeld for saker som kommunestyret ikkje har delegert avgjerdslemynde til andre.
Formannskapet skal alltid foreta innstilling i saker som økonomiplan, årsbudsjett og skattevedtak
Innstilling frå ad-hoc utval og prosjektgrupper skal alltid leggast fram for formannskapet til handsaming og eventuell innstilling til kommunestyret, uavhengig av kven som har oppretta desse.
Saker frå AMU som skal til kommunestyret går om formannskapet for innstilling.
Saker frå kontrollutval og kommuneplanutval skal leggast fram direkte i kommunestyret.

§ 4. AVGJERSLEMYNDE.

Med heimel i kommunelova § 8 nr 3. delegerer kommunestyret til formannskapet å treffe avgjerd i saker som gjeld formannskapet sitt ansvarsområde, og som det etter lov er høve til å delegere, og mynde ikkje er delegert til rådmannen eller andre utval.
Ein syner til eige delegasjonsreglement frå kommunestyret.

§ 5 HASTEKOMPETANSE.

Solund formannskap vert tillagt mynde til å fatte vedtak i saker som det ligg til kommune-styret å fatte vedtak i, når det ikkje er tid til å legge saka fram for kommunestyret, jfr. § 13.1 i ny kommunelov.

§ 6. KOMPETANSE OG HABILITET.

Vert ein kommunal arbeidstaker valgt inn i formannskapet eller kommunestyret, fast eller som vara, kan vedkomande i valperioden ikkje være arbeidstakarane sin representant i administrasjonsutvalet/partssamansett utval eller i AMU.

§ 7. UGILDSKAP (INHABILITET).

Den som etter kommunelova § 40 er ugild i ei sak, eller som etter 4.ledd i same paragraf vert friteken, skal ikkje vera med på å drøfte eller ta avgjerdsle i saka.
Spørsmål om ugildskap vert teke opp før ein startar ordskiftet.

§ 8. INNKALLING OG MØTE.

Møteplan for årlege møter i formannskapet skal utarbeidast og vedtakast.
Møter vert å gjennomføre i samsvar med vedteke møteplan.
Ordfører kaller formannskapet inn til ekstra møte når ordfører finn det naudsynt, eller når 1/3 av medlemane krev dette.
Formannskapet vert som regel kalla inn med frist på 7 dager. Sakspapirer skal som regel sendast ut saman med innkallinga. Innkalling går til 1. varamedlem innafor kvar gruppe, men desse skal ikkje møte utan eige innkalling.
Formannskapet er vedtaksført når minst 3 medlemer er til stades.
Avgjerdsle vert fatta med alminneleg fleirtal.
Ved likt røystetal har ordfører dobbeltrøyst, jfr kommunelova § 38 pkt.1.

Rådmannen innehar møte-, tale-, og forslagsrett. Det skal førast møtebok.
Kopi av møtebok vert å sende til alle som får tilsendt innkalling og sakspapirer.

§ 9. MØTEPLIKT / FORFALL.

Medlemane har plikt til å møte i formannskapet.
Dersom ein representant har gyldig forfall, skal han/ho snarast mogeleg gje melding til ordfører/formannskapskontoret og nemna forfallsgrunnen.
Lyt nokon med lovleg forfall gå frå møtet før det er slutt, skal han straks seie frå til ordfører.
Er vararemedlem til stades eller kan varamedlem kallast inn innafor eit rimeleg tidsrom, skal varamedlem kome i staden for den som går frå.
Eit medlem kan ikkje forlate møtet under ei påbegynt sak. Medlemet må delta under heile handsaminga av saka, herunder delta i avstemming.
Eit medlem kan ikkje delta i ei sak der handsaminga har teke til før medlemet kom til.

§ 10. ÅPNE ELLER LUKKA MØTE

I samsvar med kommunelova vert møta i formannskapet å halde for åpne dører dersom ikkje noko anna følgjer av lovbestemt teieplikt.
Personalsaker skal alltid handsamast for lukka dører.

§ 11. PROTOKOLLFØRING/REFERAT

Det skal førast protokoll frå møte. Ordfører eller fungerande møteleiar ser til at dette vert gjort.
I møteboka skal førast inn:
- Eventuelle protestar mot innkalling og sakliste
- Møtetid og møtestad
- Dato og måte for innkallinga
- Fråværande medlemar
- Møtande varamedlemar
- Namn på medlemar og varamedlemmar som kjem og går under møtet og med oppgåve over når i møtet det skjedde
- Oversyn over kven som møter frå administrasjonen
- Saker i nummer- rekkefylgje pr. år
- Kort nemning for kvar sak og kva ho gjeld
- Det som trengst for å visa gangen i førehavinga
- For kvar sak kva framlegg som er reist
- Det som trengst for å visa at vedtak vert gjort etter rett framgangsmåte
- Kva vedtak som er gjort og kva avrøystingar som er halden.

§ 12. MINDRETALSANKE.

Ordfører eller eit mindretal på to eller fleire medlemer innehar mynde til å anke eit vedtak i ei sak frå formannskapet inn for kommunestyret.
Melding om anke skal leggjast fram for formannskapet i same møte som vedtak vert fatta.
I meldinga skal det kome fram kvifor saka vert anka. Melding om anke skal protokollførast.
Ei sak som er anka kan ikkje effektuerast før saka er endeleg handsama i kommunestyret.
Unnateke frå dette gjeld vedtak fatta etter kommunelova § 13.1, dvs. hasteparagrafen.
I personalsaker innehar rådmannen mynde til å anke vedtak frå formannskapet inn for kommunestyret, på same vilkår som formannskapet sine medlemer.

§ 13. FORVALTNINGSKLAGE

Klage på einskildvedtak vert handsama etter reglane i forvaltningslova.
Kommunestyret skal handsame klage på vedtak som er fatta av formannskapet.

§ 14 ARBEIDSGJEVARANSVAR.

Formannskapet som kolletivt organ innehar arbeidsgjevaransvar for alle tilsette i Solund kommune.
Formannskapet pliktar, både som kollektivt organ og medlemane som einskildmedlemer, å utøve sitt arbeidsgjevaransvar og –mynde på ein moralsk, etisk og juridisk forsvarleg og tillitsvekkende måte, innafor rammer av arbeidsmiljølova, kommunelova, hovudavtale, hovudtariffavtale og andre lover og føresegner som verkar inn på kommunen si utøving av arbeidsgjevarverksemda.
Formannskapet pliktar å syte for at andre som innehar (delegert) arbeidsgjevaransvar og –mynde utøver dette innafor same lover, avtaler og føresegner.
Formannskapet som arbeidsgjevar skal sjå til at det vert tilrettelagt for gode og funksjonelle arbeidsmiljø blant dei tilsette i kommunen, og sjølv gjere sitt til at gode arbeidsmiljø kan tilretteleggast og kunne videreutvikle seg.
Formannskapet pliktar å sette seg inn i lover, forskrifter og vedtekter som regulerer administrasjonsutvalet, formannskapet og kommunestyret sitt arbeide og virke. Spesielt gjeld dette andsynes lover, forskrifter og vedtekter som tek føre seg politisk nivå som arbeidsgjevar.

§ 15 ARBEIDSDELING POLITIKK/ADMINISTRASJON.

Formannskapet skal være seg bevisstgjort arbeidsdelinga mellom politikk og administrasjon.
Formannskapet skal tilrettelegge for at arbeidsdelinga til eikvar tid er reell og funksjonell, i samsvar med kommunelova sine intensjoner og føringer.

Saker til handsaming i kommunale organ (både politiske og administrative organ) skal løysast på lavast mogeleg nivå der dette der naturleg og funksjonelt.

§ 16. AD-HOC UTVAL.

Formannskapet innehar fullmakt til å opprette ad-hoc utval for å løyse tidsavgrensa oppgåver, herunder å kunne delegere mynde til utvalet. Delegert mynde må ligge innafor mynde som er delegert til formannskapet, og som ikkje er delegert til andre utval eller til rådmannen.
Ad-hoc utval oppretta av formannskapet rapporterer til formannskapet.

§ 17 FORMANNSKAPET SOM KLAGENEMD.

Solund formannskap innehar funksjonen som klageinstans for saksområder der det ikkje er etablert noko system i medhald av særlovgiving.
Formannskapet er klagenemd for administrative vedtak, samt for vedtak i for Solund Administrasjonsutval / partssamansett utval og Solund Arbeidsmiljøutval.

§ 18 FORMANNSKAPET SOM ANKEORGAN.

Formannskapet er ankeorgan for anke frå Solund Administrasjonsutval / partssamansett utval og Solund Arbeidsmiljøutval der dette er naturleg.

§ 19 FORMANNSKAPET SOM ADMINISTRASJONSUTVAL.

Formannskapet er administrasjonsutval/partssamansett utval i personal- og organisasjonssaker.
Ein syner til eige "Reglement for Solund Administrasjonsutval / partssamansett utval i personalsaker".

§ 20 UTVAL FOR PLANSAKER.

Formannskapet er fast utval for plansaker etter plan og bygningslova, og skal handsame saker som kommunestyret ikkje har delegert til administrasjonen eller til andre å handsame.

§ 21 STYRE FOR KOMMUNALT NÆRINGSFOND.

Formannskapet er styre for kommunalt næringsfond, og skal handsame saker som kommunestyret ikkje har delegert til administrasjonen eller til andre å handsame.

§ 22 UTVAL FOR SAKER ETTER SOSIALTENESTELOV.

Formannskapet er fast utval for handsaming av saker etter sosialtenestelova, og skal handsame saker som kommunestyret ikkje har delegert til administrasjonen eller til andre å handsame.

§ 23 UTVAL FOR SAKER ETTER BARNEVERNTENESTELOV.

Formannskapet er fast utval for handsaming av saker etter barneverntenestelova, og skal handsame saker som kommunestyret ikkje har delegert til administrasjonen eller til andre å handsame.

§ 24. FORMANNSKAPET SOM FORHANDLINGSUTVAL ETTER HTA § 5.4.

Formannskapet sine medlemer er forhandlingsutval i samband med forhandlinger etter HTA § 5.4, leiarløner. Utvalet vel sjølv leiar og nestleiar.

§ 25. SEKRETARIAT / SAKSFØREBUING.

Administrasjonen innehar ansvar for at sakene er førebudde på ein funksjonell måte.

§ 26. TIDLEGARE REGLEMENT.

Dette reglementet erstatter alle tidlegare reglement for Solund formannskap.

§ 27. TIDSPUNKT FOR VERKNAD.

Dette reglementet vert å gjelde frå 01. januar 2001.

REGLEMENT FOR SOLUND FORMANNSKAP

Vedteke i Solund kommunestyre xx.xx.xxxx i K-sak xxx/xx

Solund kommune

Solund kommune
Reglement for Solund formannskap

§ 1. Val og samansetting

Formannskapet er sett saman av 5 representantar med vararepresentantar i rekkefylgje frå kvar gruppe.

Kommunestyret vel sjølv representantar og vararepresentantar til formannskapet blant kommunestyret sine representantar. Formannskapet sine representantar og vararepresentantar vert valde for 4 år om gongen. Kommunestyret vel ordførar og varaordførar blant representantane i formannskapet.

Ordførar leiar møta i formannskapet. Når ordførar ikkje deltek i møtet leiar varaordførar møtet. Når ingen av dei deltek i møte vert det vald møteleiar med fleirtalsval.

§ 2. Ansvars- og arbeidsområde

Formannskapet gir innstilling i saker som skal handsamast av kommunestyret. Dette gjeld for alle saker der kommunestyret ikkje har delegert innstillings- eller avgjerdslemynde til andre eller der innstillingsmynde er lagt til andre i lov eller forskrift.

Formannskapet skal alltid foreta innstilling i saker som økonomiplan, årsbudsjett og skattevedtak.

Formannskapet skal sjølv handsame saker som er delegert dei frå kommunestyret, sjå Delegeringsreglementet til Solund kommune.

Solund formannskap innehar funksjonen som klage- og ankeinstans for saksområder der det ikkje er etablert noko anna system i medhald av særlovgiving.

Formannskapet er klagenemnd for administrative vedtak.

§ 3. Prinsippet om møtebehandling og grunngjeving av vedtak

Kommunestyret handsamar saker og fattar vedtak i møte. Prinsippet om handsaming i møte kan berre fråvikast når ein nyttar hasteparagrafen i kommunelova § 11-8, 2. ledd.

Vedtaka skal vere så godt grunngjevne at dei fyller krava i forvaltningsloven § 25.

§ 4. Deltaking for andre i møte

Administrasjonssjefen, eller representant for denne, deltek i formannskapsmøte med tale- og forslagsrett.

Administrasjonssjefen kan gje andre rett til å gje opplysningar eller svare på spørsmål på sine vegne i enkeltsaker.

§ 5. Saksførebuing

Administrasjonssjefen skal sjå til at dei sakene som skal opp i formannskapet er førebudd på forsvarleg måte. Utgreiinga skal gje eit faktisk og rettsleg grunnlag for å treffe vedtak.

§ 6. Innkalling til møte

Ordføraren kallar formannskapet saman til møte i samsvar med vedteken møteplan, eller når ordførar eller minst 1/3 av representantane krev det.

Formannskapet vert kalla inn til møte etter reglane i kommunestyrelova § 11-3. Innkallinga skal innehalde ei liste over dei sakane som skal handsamast og dokumenta i sakene.

Innkalling med saksdokument skal sendast ut seinast 1 veke før møte.

Innkallinga vert sendt til heile kommunestyret. Vararepresentantar møter berre etter særskilt innkalling

§ 7. Møteplikt

Representantane i formannskapet har plikt til å møte i formannskapsmøte.

Dersom ein representant har gyldig forfall, skal vedkommande snarast mogeleg gje melding til ordførar og administrasjonen, og nemna forfallsgrunnen.

Lyt nokon med lovleg forfall gå frå møtet før det er slutt, skal han straks seie frå til møteleiar.

Er vararepresentant til stades eller kan vararepresentant kallast inn innanfor eit rimeleg tidsrom, skal vararepresentant kome i staden for den som lyt gå frå.

Ein representant kan ikkje forlate møtet under ei sak som er påbyrja. Representanten må delta under heile handsaminga av saka, inkludert avstemminga.

Ein representant kan ikkje delta i ei sak der handsaminga har teke til før representanten kom til.

§ 8. Ope eller lukka møte

Møta i formannskapet er halde for opne dører dersom ikkje anna følgjer av kommunelova § 11-5.

Blir det vedteke å handsame ei sak for stengde dører har formannskapet sine representantar og dei kommunalt tilsette som måtte vere til stades teieplikt om forhandlingane. Formannskapet kan vedta unntak frå teieplikta.

§ 9. Fjernmøte

Formannskapet kan haldast som fjernmøte etter reglane i kommunelova § 11-7.

Eit møte kan ikkje gjennomførast som fjernmøte om 1/3 av representantane set seg mot det.

Lukka møta etter kommunelova § 11-5 kan ikkje haldast som fjernmøte.

§ 10. Protokollføring

Administrasjonssjefen syter for at det vert ført protokoll for møta i formannskapet etter reglane i kommunelova § 11-4.

§ 11. Saksgangen i møte

På den tid som er fastsett gjennomfører møteleiar opprop av representantane i formannskapet. Er det lovlege minstetalet (3) til stades etter kommunelova § 11-9, 1. ledd, vert møtet sett.

Frå no og til møtet sluttar kan ingen av dei som høyrer til formannskapet, forlate salen utan å melde frå til møteleiaren først.

Dei som kjem etter oppropet skal melda seg til møteleiar før dei tek sete.

Protokollen frå førre møte skal godkjennast før ein tek til på sakslista

Møteleiar skal lese opp det som saka er kalla i innkallinga.

Dei sakene som er nemnde i innkallinga vert tekne opp til handsaming i den rekkefylgje dei står oppført på saklista, dersom formannskapet ikkje vedtek noko anna.

Formannskapet kan med alminneleg fleirtal vedta å utsette realitetshandsaming av ei sak på sakslista.

Formannskapet kan treffe vedtak i sak som ikkje er oppført på sakslista, med mindre møteleiar eller 1/3 av dei møtande representantane set seg mot det.

Møteleiar greier ut om dei einskilde sakene så langt vedkommande synest det trengst.

Spørsmål om gildskap vert handsama i tilknyting til den enkelte saka.

Møteleiar spør så om nokon vil ha ordet i saka. Talarane får ordet i den rekkefylgje dei bed om det. Bed to eller fleire om ordet på same tid, fastset møteleiar rekkefylgje mellom dei. Formmanskapet med alminnelig fleirtal kan vedta å slutte ordskiftet om ei sak.

Eventuelle førespurnader vert tekne opp til slutt i møtet.

§ 12. Framlegg

Berre dei som er med i formannskapet, administrasjonssjefen eller den som møter for administrasjonssjefen kan gjere framlegg, når ikkje anna følger av lov.

Framlegget skal fremjast munnleg og leverast skriftleg til møteleiar. Framlegget skal underteiknast av den som kjem med det. Framlegg som er kortfatta og lett forståeleg trengs ikkje leverast skriftleg.

Om ein representant kjem med framlegg til vedtak, vert det uttrykt i møteboka ved at det er eit framlegg frå den representanten.

Vert framlegget uttrykt slik at "på vegne av partiet X legg eg fram fylgjande framlegg til vedtak", skal fylgjande komme fram i protokollen: Framlegg til vedtak frå parti X v/n.n."

§ 13. Avrøysting

Når ordskiftet er slutt, seier møteleiar frå at saka er teken opp til røysting. Frå då og til røystinga er gjord, må det ikkje vera meir ordskifte om saka, eller gjerast nye framlegg. Heller ikkje er det høve til å taka opp noka anna sak i denne tida.

Rett til å røysta har berre representantar som er med i formannskapet og som er i salen på den tida saka vert teken opp til røysting.

Dei representantane som er med i møte pliktar å røyste og kan ikkje gå ut av salen før røystinga er slutt. Ved val kan det røystast blankt etter kommunelova § 8-1, 2. ledd.

Dersom det skal røystas over fleire framlegg skal møteleiar kome med framlegg om rekkefylgja av røystinga. Vert det ordskifte om dette, skal møteleiar nøye sjå til at talarane berre held seg til spørsmålet om stemmegjevnaden. Formannskapet avgjer rekkefylgja i stemmegjevnaden med alminneleg fleirtal.

§ 14. Prøverøysting

Før dei røystar endeleg i ein sak, kan møtelyden halde prøverøystingar, som ikkje er bindande.

Resultatet av prøverøystinga skal protokollførast.

§ 15. Røystemåte

Avrøysting skal gjennomførast på ein av fylgjande måtar:

a. Ved stillteiande godkjenning. Når ikkje nokon uttalar seg mot eit framlegg som møteleiar set fram med spørsmål om nokon har merknad.

b. Ved stemmeteikn. Når møteleiar oppmodar representantane som er mot eit framlegg til å gje stemmeteikn.

Når ein representant krev det skal det haldast kontra prøve ved at dei som røystar for framlegget gjev stemmeteikn.

Ved likt tal røyster er møteleiar si røyst avgjerande i andre saker enn dei som gjeld val. Ved likt røystetal under val vert saka avgjort ved loddtrekning etter kommunelova § 7-8.

§ 16. Ugildskap

Den som etter kommunelova § 11-10 er ugild i ei sak, eller som etter § 11-11 vert friteken, skal ikkje vere med å drøfta eller ta avgjerd i saka.

Spørsmål om ugildskap vert teke opp før ordskiftet startar.

§ 17. Mindretalsanke

Møteleiar eller eit mindretal på to eller fleire representantar innehar mynde til å anke eit vedtak i ei sak frå formannskapet inn for kommunestyret.

Melding om anke skal leggjast fram for formannskapet i same møte som vedtak vert fatta. I meldinga skal det kome fram kvifor saka vert anka. Melding om anke skal protokollførast. Ei sak som er anka kan ikkje effektuerast før saka er endeleg handsama i kommunestyret.

Unnateke frå dette gjeld vedtak fatta etter hasteparagrafen i kommunelova § 11-8.

I personalsaker innehar administrasjonssjefen mynde til å anke vedtak frå formannskapet inn for kommunestyret, på same vilkår som formannskapet sine representantar.

§ 18. Forvaltningsklage

Klage på einskildvedtak vert handsama etter reglane i forvaltningslova kapittel 6. Kommunestyret skal handsame klage på vedtak som er fatta av formannskapet.

Solund kommune

Arkiv:
ArkivsakID: 21/139
JournalpostID: 21/634
Sakshandsamar: Amund Fuglebakk Aglen
Dato: 25.02.2021

Saksframlegg

Saksnr. utval	Utval	Møtedato
021/21	FORMANNSKAP	04.03.2021
	KOMMUNESTYRE	

Reglement for Solund kommunestyre

Administrasjonssjefen sitt framlegg til vedtak:

Solund kommunestyre vedtek det nye reglementet for Solund kommunestyre. Reglementet skal gjelde frå 18. mars 2021.

Vedlegg i saka:
25.02.2021 Reglement Solund kommunestyre vedteke ksak 095
25.02.2021 Utkast reglement for Solund kommunestyre

Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.:

Kommunelova

Kva saka gjeld:

Reglement for Solund kommunestyre

Saksutgreiing:

Etter kommunelova § 11-12 er Solund kommune pålagd å lage reglement med nærare reglar for sakshandsaming i folkevalde organ.

Gjeldande reglement for Solund kommunestyre vart vedteke i 2010. Sidan den gong har det kome ny kommunelov og det nye reglementet oppdatert med tilvisingar til gjeldande lov.

Hensikta med reglementet er å supplere kommunelova med ulike reglar tilpassa

lokale høve. Til dømes taletid, prøverøysting og liknande. Administrasjonssjefen har forsøkt å behalde dei ordningane som følgde av tidligare reglement, så lenge det fortsatt er mogleg etter ny kommunelov. Ordninga med skriftleg val er til dømes tatt ut då det ikkje lenger er høve til etter kommunelova.

Arbeidsgjevaransvaret i kommunane er også tydeligare fordelt i ny kommunelov, og reglementet omtalar difor dette kortare.

Det er også opna for å nytte fjernval. Administrasjonssjefen tilrår her ei moglegheit for mindretalsveto viss 1/3 av representantane set seg mot dette. Dette fylgjer ikkje av kommunelova.

I tillegg til lokale tilpassingar skal reglementet hjelpe representantane i kommunestyret å halde oversikt over eigne rettigheiter og pliktar. Administrasjonssjefen har difor gjort nokre redaksjonelle endringar med tanke på plassering av reglar og prioritert plass på det som kan ha praktisk nytte for representantane. Andre deler av reglementet er korta ned. Her kan nemnast reglar om kva som skal protokollførast, då dette fylgjer direkte av kommunelova og vert ivaretatt av administrasjonen.

I tillegg er høve som er regulert i andre reglement, som til dømes delegeringsreglementet, ikkje gjentatt i reglementet for Solund kommunestyre.

Det er gjort så store endringar at det ikkje har latt seg gjere å marke endringane, men det gamle regleverket ligg vedlagt.

Vurdering:

Administrasjonssjefen tilrår at vedlagt reglement for Solund kommunestyre vert vedteke, og tatt i bruk frå og med i dag.

Etter endeleg vedtak utskrift til:

REGLEMENT

FOR

SOLUND KOMMUNESTYRE

(Vedteke i Solund kommunestyre 18.12.00, K-sak 095/00)

§ 1. ARBEIDSOMRÅDE OG AVGJERDSMYNDE.

Kommunestyret er kommunen sitt øverste organ og gjer vedtak på kommunen sine vegne så langt ikkje anna fylgjer av lov eller vedtak om delegering til anna organ.
Kommunestyret kan oppretta ad-hoc utval og prosjektgrupper for å utgreie saksfelt og tema.

§ 2. INNSTILLING TIL KOMMUNESTYRET.

Formannskapet gir innstilling/tilråding i saker som skal handsamast av kommunestyret.
Unnateke er saker som kjem frå kontrollutvalet og kommuneplanutvalet.
Innstilling frå ad-hoc utval og prosjektgrupper skal leggjast fram for formannskapet til handsaming.

§ 3. MØTERETT

Rådmann, eller representant for denne, innehar møte-, tale-, og forslagsrett i kommunale organ, i samsvar med kommunelova sine føringar.

§ 4. INNKALLING TIL MØTE.

Kommunestyret vert som regel kalla inn til møte med ein frist på 7 dagar. Saksdokumenta vert sendt ut samstundes med innkallinga.
Innkallinga går og til 1. vararepresentant innafor kvar gruppe, men desse skal ikkje møte utan at dei får særskilt innkalling.

§ 5. MØTEPLIKT/FORFALL

Medlemane i kommunestyret har plikt til å møte i kommunestyremøte.
Dersom eit medlem har gyldig forfall, skal han/ho snarast mogeleg gje melding til ordfører/ formannskapskontoret og nemna forfallsgrunnen.
Lyt nokon med lovleg forfall gå frå møtet før det er slutt, skal han straks seie frå til ordfører.
Er vararemedlem til stades eller kan varamedlem kallast inn innafor eit rimeleg tidsrom, skal varamedlem kome i staden for den som lyt gå frå.
Ein medlem kan ikkje forlate møtet under ei påbegynt sak. Medlemet må delta under heile handsaminga av saka, herunder delta i avstemming.
Eit medlem kan ikkje delta i ei sak der handsaminga har teke til før medlemet kom til.

§ 6. ÅPNE ELLER LUKKA MØTE

I samsvar med kommunelova vert møta i kommunestyret halde for åpne dører dersom ikkje noko anna følgjer av lovbestemt teieplikt eller kommunestyret vedtek at møtet skal lukkast. Personalsaker skal alltid handsamast for lukka dører.

§ 7. PROTOKOLLFØRING / REFERAT

Det skal førast protokoll frå møte.
Ordføraren eller fungerande møteleiar ser til at dette vert gjort.
I møteboka skal førast inn:
- Eventuelle protestar mot innkalling og sakliste
- Møtetid og møtestad
- Dato og måte for innkallinga
- Fråværande medlemar
- Møtande varamedlemar
- Namn på medlemar og varamedlemmar som kjem og går under møtet og med oppgåve over når i møtet det skjedde
- Oversyn over kven som møter frå administrasjonen
- Saker numrert i rekkefylgje pr. år
- Kort nemning for kvar sak og kva ho gjeld
- Det som trengst for å visa gangen i førehavinga
- For kvar sak kva framlegg som er reist
- Det som trengst for å visa at vedtak vert gjort etter rett framgangsmåte
- Kva vedtak som er gjort og kva avrøystingar som er halden.

§ 8. SAKSGANGEN I MØTE

Ordførar eller varaordførar leiar møtet. Har dei båe forfall, vert det valgt møteleiar.
På den tid som er fastsett, ropar møteleiar opp dei som er med i kommunestyret og dei varamedlemane som skal vera i staden for dei som ikkje møter. Er det lovlege minstetalet til stades, vert møtet sett.
Tilhøyrarane får no kome til tilhøyrarplassane, dersom drøftingane ikkje skal vere for stengde dører.
Frå no og til møtet sluttar kan ingen av dei som høyrer til kommunestyret, gå ut or salen i stutt eller lang tid, utan å melda frå til møteleiaren først.
Dei som kjem etter oppropet, skal melda seg til møteleiar før dei tek sete.
Dei sakene som er nemnde i innkallinga vert tekne opp til handsaming i den rekkefylgje dei står oppført på saklista, dersom kommunestyret ikkje har vedteke noko anna.
Kommunestyret kan vedta ei annan rekkefylgje.
Eventuelle førespurnader vert tekne opp til slutt i møtet.
Møteleiar skal lese opp det som saka er kalla i innkallinga.
Møteleiar greier ut om dei einskilde sakene så langt han/ho synest det trengst.
Møteleiar spør så om nokon vil ha ordet i saka. Talarane får ordet i den rekkefylgje dei bed om det. Bed to eller fleire om ordet på same tid, fastset møteleiar rekkefylgje mellom dei.

§ 9. OM INNLEGG I ORDSKIFTET

Talaren skal retta sine ord til møteleiar, ikkje til møtelyden. Han skal halda seg nøye til saka eller til den delen av saka som ordskiftet gjeld; møteleiar skal sjå til at det vert gjort.
Det må ikkje seiast noko som er ei krenking mot møtelyden, mot nokon som er med i kommunestyret, eller mot andre. Heller ikkje må nokon lage ståk eller uro til teikn at han/ho likar eller ikkje likar noko.
Bryt nokon ordensføresegnene i reglementet, skal møteleiar åtvara han to ganger om det trengst. Rettar han/ho seg ikkje etter reglementet då heller, kan møteleiar taka ordet frå han/ho eller lata møtelyden røysta over spørsmålet om han skal stengjast ute frå resten av møtet.

§ 10. MØTELEIAR SI STILLING UNDER DEBATTEN.

Møteleiar må ikkje avbryte nokon som har ordet, med mindre det skjer for å oppretthalde føringar vedteke i reglement, eller for å rette på mistydingar frå talar si side.

Vil møteleiar vera med i ordskiftet med meir enn den utgreiinga som er nemnd i § 8, og det ikkje gjeld reint stutte innlegg, skal han gjeva frå seg møtestyringa til ein annan.

§ 11 . AVGRENSING OG AVSLUTNING AV DEBATTEN.

Før drøftinga i ei sak har teke til, og under sjølve ordskiftet, kan møteleiar eller kommunestyret med alminneleg fleirtal vedta at taletida skal avgrensast til eit bestemt antall minutter for kvart innlegg. Unnateke frå dette er rådmann og ordfører.
Dersom kommunestyret finn ut at ei sak er drøfta ferdig, kan møteleiar eller kommunestyret med alminnelig fleirtal vedta å slutte ordskiftet om saka.

§ 12. FRAMLEGG

Berre dei som er med i kommunestyret, rådmann eller rådmann sin stedfortredar kan gjere framlegg, når ikkje noko særleg lovføresegn gjev andre og rett til å koma med framlegg.
Framlegget skal gjevast skriftleg til møteleiar, og underteiknast av den som kjem med framlegget.
Om ein person/representant kjem med framlegg til vedtak, vert det uttrykt i møteboka ved at det er eit framlegg frå den personen/representanten.
Vert framlegget uttrykt slik at "på vegne av partiet X legg eg fram fylgjande framlegg til vedtak", skal fylgjande komme fram i møteboka: Framlegg til vedtak frå parti X v/n.n."

§ 13. AVRØYSTING

Når ordskiftet er slutt, seier møteleiar frå at saka er teken opp til røysting. Frå då og til røystinga er gjord, må det ikkje vera meir ordskifte om saka, eller gjerast nye framlegg. Heller ikkje er det høve til å taka opp noka anna sak i denne tida.
Rett til å røysta har berre medlemar som er med i kommunestyret og som er i salen på den tida saka vert teken opp til røysting.
Dei medlemane/varamedlemane som er tilstades kan ikkje gå ut or salen før røystinga er slutt, og dei har plikt til å røysta. Ved val kan det nyttast blank røystesetel.
Dersom saka det skal røystast over delt opp, eller det skal det røystast over fleire framlegg, skal møteleiar kome med framlegg om rekkefylgja av stemmegjevnaden. Blir det ordskifte om dette, skal møteleiar nøye sjå til at talarane kun held seg til spørsmålet om stemmegjevnaden. Kommunestyret kan med alminneleg fleirtal avgjerde rekkefylgja i stemmegjevnaden.

§ 14. PRØVERØYSTING

Før dei røystar endeleg i ein sak, kan møtelyden halda prøverøystingar, som ikkje er bindande.
Dersom innstilling eller framlegg det skal røystast over er delt opp i fleire deler (punkt/paragrafer), bør det i alminnelegheit røystast midlertidig over kvart punkt/paragraf, og deretter til slutt over heile innstillinga eller framlegget.

§ 15. RØYSTEMÅTE

Avrøysting vert å finne stad på ein av fylgjande måter:

a. Ved stillteiande godkjenning. Når ikkje nokon uttaler seg ***mot*** eit framlegg som møteleiar set fram med spørsmål om nokon har merknader/uttale mot dette.
b. Ved at møteleiar oppmodar medlemane som er ***mot*** eit framlegg til å reise seg eller ved å rekke opp handa.
   Når møteleiar vedtek det, eller eit medlemer krev det, skal det haldast kontra prøve ved at dei som røystar ***for*** framlegget reiser seg eller syner det ved å rekke opp handa.
c. Ved nytting av røystesedler utan underskrift. Sedlane vert talde opp av to medlemer som møteleiar nemner opp. Røystesedlar kan kun nyttast ved val.
   Røystesedlar skal nyttast når ein eller fleire medlemer krev dette.

Møteleiar innehar dobbeltstemme dersom likt røystetal er til stades. Dette gjeld ikkje ved val og tilsetting av rådmann. Ved sistnemde høve gjeld føringane i kommunelova §§ 36 – 38.

§ 16 UGILDSKAP (INHABILITET)

Den som etter kommunelova § 40 er ugild i ei sak, eller som etter 4. ledd i same paragraf vert friteken, skal ikkje vera med på å drøfta eller ta avgjerd i saka.
Spørsmål om ugildskap vert teke opp før ein starter ordskifte.

§ 17 SENDENEMDER (DEPUTASJONER)

Utsendingar frå korporasjoner eller grupper som vil møte for kommunestyret og uttale seg om ei sak skal melde frå om dette til ordføraren seinast dagen før møte tek til.
Kommunestyret tek avgjerdsle om utsendingane skal takast i mot.

§ 18 SAKSORDFØRAR

Kommunestyret oppnemner saksordførar for dei saker som ein finn det ynskjeleg.
Saksordførar skal setje seg spesielt godt inn i saka og skal gjere greie for saka i kommunestyret.

§ 19 FØRESPURNADER (INTERPELLASJONER)

Utanom dei saker som står i innkallinga til møtet kan eitkvart medlem av kommunestyret kome med førespurnader, retta til ordføraren.
Dersom skriftleg førespurnad er levert seinast 4 dager før møte tek til, pliktar ordføraren å kome med svar i møtet.
Førespurnad som vert fremma seinare eller på møtet kan ordføraren krevje betenkningstid på. Framlegg som vert sett fram i samband med slike førespurnader kan ikkje avgjerast i møtet dersom møteleiar eller 1/3 av kommunestyret sett seg i mot det.

§ 20 LOVLEGHEITSKONTROLL (jfr. kommunelova § 59)

Tre eller fleire medlemar av kommunestyret kan saman bringe ein avgjersle fatta av eit folkevald organ eller den kommunale administrasjonen inn for departementet til kontroll av lovligheten av avgjersla.
Krav om lovlegheitskontroll framsettes for det organ som har fatta den aktuelle avgjersla. Om dette organet opprettheld avgjersla, vert saka oversend til departementet.
Det organ som har fatta avgjersla, kommunalt organ overordna dette, eller departementet, kan beslutte at avgjersla ikkje skal iversetjast før lovlighetsklagen av avgjort.
Fristen for å kreve lovlighetskontroll for medlemmer av kommunestyret er 3 veker.
Fristen løper frå det tidspunkt avgjersla er fattet.
For beregning av fristen gjeld forvaltningslova § 30 tilsvarande.

§ 21 FORVALTNINGSKLAGE

Klage på einskildvedtak vert handsama etter reglane i forvaltningslova. Kommunestyret skal handsame klage på vedtak som er fatta av kommunestyret sjølv før saka vert oversent klageinstansen.

§ 22 ARBEIDSGJEVARANSVAR.

Kommunestyret som kolletivt organ er øverste arbeidsgjevar for alle tilsette i Solund kommune.
Kommunestyret pliktar, både som kolektivt organ og medlemane som einskildmedlemer, å utøve sitt arbeidsgjevaransvar og –mynde på ein moralsk, etisk og juridisk forsvarleg og tillitsvekkande måte, innafor rammer av arbeidsmiljølova, kommunelova, hovudavtale, hovudtariffavtale og andre lover og føresegner som verkar inn på kommunestyret og kommunen si utøving av arbeidsgjevarverksemda.
Kommunestyret pliktar og å syte for at andre som innehar (delegert) arbeidsgjevaransvar og –mynde utøver dette innafor same lover, avtaler og føresegner.
Kommunestyret som arbeidsgjevar skal sjå til at det vert tilrettelagt for eit godt og funksjonelt arbeidsmiljø blant dei tilsette i kommunen, og sjølv gjere sitt til at gode arbeidsmiljø kan tilretteleggjast og kunne videreutvikle seg.

Det einskilde medlem i Solund kommunestyre pliktar å sette seg inn i lover, forskrifter og vedtekter som regulerer kommunestyret sitt arbeide og virke. Spesielt gjeld dette andsynes lover, forskrifter og vedtekter som tek føre seg kommunestyret som arbeidsgjevar.

§ 23 ARBEIDSDELING POLITIKK/ADMINISTRASJON.

Kommunestyret skal være seg bevisstgjort arbeidsdelinga mellom politikk og administrasjon. Kommunestyret skal syte for at arbeidsdelinga til eikvar tid er reell og funksjonell, i samsvar med kommunelova sine intensjoner og føringer.
Kommunestyret og politiske utval oppnemd av kommunestyret skal i hovudsak skal ta seg av overordna rammer, føringer og saker av prinsipiell karakter, og overlate gjennomføring eller effektuering av andre saker til administrasjonen.
Politiske organ skal for eige vedkomande unngå detaljstyring og detaljhandsaming når dette ligg til administrasjonen å utføre.
Saker til handsaming i kommunale organ (både politiske og administrative organ) skal løysast på lavast mogeleg nivå dersom dette let seg gjere.

§ 24 ØKONOMIANSVAR OG –STYRING.

Solund kommunestyre innehar ansvaret for kommunen si overordna økonomiske

styring. Kommunestyret skal syte for at kommunen si økonomistyring er funksjonell, og ligg innafor lover, forskrifter og vedtekter.

§ 25 SEKRETARIAT/SAKSFØREBUING

Administrasjonen innehar ansvar for at sakene er førebudde på ein funksjonell måte.

§ 26 TIDLEGARE REGLEMENT.

Dette reglementet erstatter alle tidlegare reglement for Solund kommunestyre.

§ 27 TIDSPUNKT FOR VERKNAD.

Dette reglementet vert å gjelde frå 01. januar 2001.

REGLEMENT FOR SOLUND KOMMUNESTYRE

Vedteke i Solund kommunestyre xx.xx.xxxx i K-sak xxx/xx

Solund kommune

Solund kommune
Reglement for Solund formannskap

§ 1. Val og samansetting

Kommunestyret er samansett av 15 representantar med vararepresentantar, valde av dei røysteføre innbyggjarane i kommunen.

Valet gjeld for den kommunale valperioden. Opprykk og nyval skjer etter reglane i kommunelova § 7-10.

§ 2. Ansvars- og arbeidsområde

Kommunestyret er kommunen sitt øvste organ og gjer vedtak på kommunen sine vegne, så langt ikkje anna fylgjer av lov eller vedtak om delegering til anna organ.

Kommunestyret har det øvste ansvaret for å kontrollere kommunen si verksemd. Kommunestyret kan krevje at ei kvar sak skal leggjast fram til orientering eller avgjerd etter kommunelova § 22-1.

Kommunestyret kan gjere om vedtak som er gjort av andre folkevalde organ eller administrasjonen, dersom det folkevalde organet eller administrasjonen sjølv kunne gjort om vedtaket etter reglane i forvaltningsloven kapittel 6, og særleg § 35.

Kommunestyret som kollektivt organ har det øvste arbeidsgjevaransvaret for kommunen. Administrasjonssjefen har det daglege arbeidsgjevaransvaret for alle kommunalt tilsette etter kommunelova § 13-1, 7. ledd.

Forutan dei gjeremål som er lagt til kommunen i kommunelova og anna lovgjeving, kan kommunestyret ta opp gjeremål etter eige ynskje i den grad det ikkje er i strid med lover eller overordna regleverk.

Kommunestyret kan utføre gjeremåla sjølv eller overlate det til andre organ etter reglar i lov eller delegasjonsvedtak.

§ 3. Prinsippet om møtebehandling og grunngjeving av vedtak

Kommunestyret handsamar saker og fattar vedtak i møte. Prinsippet om handsaming i møte kan berre fråvikast når ein nyttar hasteparagrafen i kommunelova § 11-8, 2. ledd.

Vedtaka skal vere så godt grunngjevne at dei fyller krava i forvaltningsloven § 25.

§ 4. Innstilling til kommunestyre

Formannskapet gjev innstilling i saker som skal handsamast av kommunestyret, med unntak av saker som kjem frå kontrollutvalet.

Kontrollutvalet gjev innstilling i saker innanfor deira ansvarsområde, sjå reglement for Solund kontrollutval.

§ 5. Deltaking for andre i møte

Administrasjonssjefen, eller representant for denne, deltek i kommunestyremøte med tale- og forslagsrett.

Administrasjonssjefen kan gje andre rett til å gje opplysningar eller svare på spørsmål på sine vegne i enkelte saker.

Utsendingar frå korporasjonar eller grupper som vil møte for kommunestyret og uttale seg om ei sak skal melde frå om dette til ordføraren seinast dagen før møte tek til. Kommunestyret tek avgjersle om utsendingane skal takast i mot.

§ 6. Saksførebuing

Administrasjonssjefen skal sjå til at dei sakene som skal opp i kommunestyret er førebudd på forsvarleg måte. Utgreiinga skal gje eit faktisk og rettsleg grunnlag for å treffe vedtak.

§ 7. Innkalling til møte

Ordføraren kallar kommunestyret saman til møte i samsvar med vedteken møteplan, eller når ordførar eller minst 1/3 av representantane krev det.

Kommunestyret vert kalla inn til møte etter reglane i kommunestyrelova § 11-3. Innkallinga skal innehalde ei liste over dei sakane som skal handsamast og dokumenta i sakene.

Innkalling med saksdokument skal sendast ut seinast 1 veke før møte.

Innkallinga vert sendt til 1. vararepresentant innanfor kvar gruppe. Vararepresentantar som skal møte skal få innkalling tilsendt så snart som mogleg. Vararepresentantar møter berre etter særskilt innkalling

§ 8. Møteplikt

Representantane i kommunestyret har plikt til å møte i kommunestyremøte.

Dersom ein representant har gyldig forfall, skal vedkommande snarast mogeleg gje melding til ordførar og administrasjonen, og nemna forfallsgrunnen.

Lyt nokon med lovleg forfall gå frå møtet før det er slutt, skal han straks seie frå til møteleiar.

Er vararepresentant til stades eller kan vararepresentant kallast inn innanfor eit rimeleg tidsrom, skal vararepresentant kome i staden for den som lyt gå frå.

Ein representant kan ikkje forlate møtet under ei sak som er påbyrja. Representanten må delta under heile handsaminga av saka, inkludert avstemminga.

Ein representant kan ikkje delta i ei sak der handsaminga har teke til før representanten kom til.

§ 9. Ope eller lukka møte

Møta i kommunestyre er halde for opne dører dersom ikkje anna følgjer av kommunelova § 11-5.

Blir det vedteke å handsame ei sak for stengde dører har kommunestyret sine representantar og dei kommunalt tilsette som måtte vere til stades teieplikt om forhandlingane. Kommunestyret kan vedta unntak frå teieplikta.

§ 10. Fjernmøte

Kommunestyremøte kan haldast som fjernmøte etter reglane i kommunelova § 11-7.

Eit møte kan ikkje gjennomførast som fjernmøte om 1/3 av representantane set seg mot det.

Lukka møta etter kommunelova § 11-5 kan ikkje haldast som fjernmøte.

§ 11. Protokollføring

Administrasjonssjefen syter for at det vert ført protokoll for møta i kommunestyret etter reglane i kommunelova § 11-4.

§ 12. Saksgangen i møte

Ordførar leiar møtet. Når ordførar ikkje deltek i møtet leiar varaordførar møtet. Når ingen av dei deltek i møte vert det vald møteleiar med fleirtalsval.

På den tid som er fastsett gjennomfører møteleiar opprop av representantane i kommunestyret. Er det lovlege minstetalet (8) til stades etter kommunelova § 11-9, 1. ledd, vert møtet sett.

Frå no og til møtet sluttar kan ingen av dei som høyrer til kommunestyret, forlate salen utan å melde frå til møteleiaren først.

Dei som kjem etter oppropet skal melda seg til møteleiar før dei tek sete.

Protokollen frå førre møte skal godkjennast før ein tek til på sakslista

Møteleiar skal lese opp det som saka er kalla i innkallinga.

Dei sakene som er nemnde i innkallinga vert tekne opp til handsaming i den rekkefylgje dei står oppført på saklista, dersom kommunestyret ikkje vedtek noko anna.

Kommunestyret kan med alminneleg fleirtal vedta å utsette realitetshandsaming av ei sak på sakslista.

Kommunestyret kan treffe vedtak i sak som ikkje er oppført på sakslista, med mindre møteleiar eller 1/3 av dei møtande representantane set seg mot det.

Møteleiar greier ut om dei einskilde sakene så langt vedkommande synest det trengst.

Spørsmål om gildskap vert handsama i tilknyting til den enkelte saka.

Møteleiar spør så om nokon vil ha ordet i saka. Talarane får ordet i den rekkefylgje dei bed om det. Bed to eller fleire om ordet på same tid, fastset møteleiar rekkefylgje mellom dei.

Eventuelle førespurnader vert tekne opp til slutt i møtet.

§ 13. Om innlegg i ordskifte

Talaren skal retta sine ord til møteleiar, ikkje til møtelyden. Talaren skal halda seg nøye til saka eller til den delen av saka som ordskiftet gjeld; møteleiar skal sjå til at det vert gjort.

Det må ikkje seiast noko som er ei krenking mot møtelyden, mot nokon som er med i kommunestyret, eller mot andre. Heller ikkje må nokon lage ståk eller uro til teikn at vedkommande likar eller ikkje likar noko.

Bryt nokon ordensføresegnene i reglementet vert det gjeve to åtvaringar frå møteleiar.

Om representanten fortsatt ikkje rettar seg etter reglementet kan møteleiar taka ordet frå representanten. Kommunestyret kan då også røyste over spørsmålet om representanten skal stengjast ute frå resten av møte.

§ 14. Møteleiar sin stilling i debatten

Møteleiar må ikkje avbryte nokon som har ordet, med mindre det skjer for å oppretthalde føringar vedteke i reglement, eller for å rette på mistydingar frå talar si side.

Vil møteleiar delta i ordskiftet med meir enn den utgreiinga som er nemnd i § 11, 10.ledd, og det ikkje gjeld reint korte innlegg, skal nokon andre ta over møtestyringa.

§ 15 . Avgrensing og avslutning av debatten

Før drøftinga i ei sak har teke til, og under sjølve ordskiftet, kan møteleiar eller kommunestyret med alminneleg fleirtal vedta at taletida skal avgrensast til eit bestemt tal minutt for kvart innlegg. Unnateke frå dette er administrasjonssjefen, møteleiar og eventuell saksordførar.

Møteleiar eller kommunestyret med alminnelig fleirtal kan vedta å slutte ordskiftet om ei sak.

§ 16. Framlegg

Berre dei som er med i kommunestyret, administrasjonssjefen eller den som møter for administrasjonssjefen kan gjere framlegg, når ikkje anna følger av lov.

Framlegget skal fremjast munnleg og leverast skriftleg til møteleiar. Det skal gå klart frem av framlegget kven som kjem med det.

Om ein representant kjem med framlegg til vedtak, vert det uttrykt i møteboka at det er eit framlegg frå den representanten.

Vert framlegget uttrykt slik at "på vegne av partiet X legg eg fram fylgjande framlegg til vedtak", skal fylgjande komme fram i protokollen: Framlegg til vedtak frå parti X v/n.n."

§ 17. Avrøysting

Når ordskiftet er slutt, seier møteleiar frå at saka er teken opp til røysting. Frå då og til røystinga er gjord, må det ikkje vera meir ordskifte om saka, eller gjerast nye framlegg. Heller ikkje er det høve til å taka opp noka anna sak i denne tida.

Rett til å røysta har berre representantar som er med i kommunestyret og som er i salen på den tida saka vert teken opp til røysting.

Dei representantane som er med i møte pliktar å røyste og kan ikkje gå ut av salen før røystinga er slutt. Ved val kan det røystast blankt etter kommunelova § 8-1, 2. ledd.

Dersom det skal røystas over fleire framlegg skal møteleiar kome med framlegg om rekkefylgja av røystinga. Vert det ordskifte om dette, skal møteleiar nøye sjå til at talarane berre held seg til spørsmålet om stemmegjevnaden. Kommunestyret avgjer rekkefylgja i stemmegjevnaden med alminneleg fleirtal.

§ 18. Prøverøysting

Ein representant kan krevje at det vert gjennomført prøverøysting før kommunestyret røyster endeleg i ein sak. Prøverøystinga er ikkje bindanden, men resultatet skal protokollførast.

§ 19. Røystemåte

Avrøysting skal gjennomførast på ein av fylgjande måtar:

a. Ved stillteiande godkjenning. Når ikkje nokon uttalar seg mot eit framlegg som møteleiar set fram med spørsmål om nokon har merknad.

b. Ved stemmeteikn. Når møteleiar oppmodar representantane som er mot eit framlegg til å gje stemmeteikn.

   Når ein representant krev det skal det haldast kontra prøve ved at dei som røystar for framlegget gjev stemmeteikn.

Ved likt tal røyster er møteleiar si røyst avgjerande i andre saker enn dei som gjeld val. Ved likt røystetal under val vert saka avgjort ved loddtrekning etter kommunelova § 7-8.

§ 20. Ugildskap

Den som etter kommunelova § 11-10 er ugild i ei sak, eller som etter § 11-11 vert friteken, skal ikkje vere med å drøfta eller ta avgjerd i saka.

Spørsmål om ugildskap vert teke opp før ordskiftet startar.

§ 21. Saksordførar

Kommunestyret utpeiker saksordførar for dei saker som ein finn det ynskjeleg.

Saksordførar skal setje seg spesielt godt inn i saka og skal gjere greie for saka i kommunestyret.

§ 22. Førespurnadar

Utanom dei saker som står i innkallinga til møtet kan representantane i kommunestyret kome med førespurnader, retta til ordføraren.

Dersom skriftleg førespurnad er levert seinast 4 dagar før møte tek til, pliktar ordføraren å kome med svar i møtet.

§ 23. Lovlegheitskontroll

Tre eller fleire representantar av kommunestyret kan saman bringe ei avgjersle fatta av eit folkevald organ eller den kommunale administrasjonen inn for departementet (Statsforvaltaren) til kontroll av lovligheita av avgjersla etter reglane i kommuneloven kapittel 27.

Det er berre endelege vedtak, vedtak om at møte skal holdast for opne eller lukka dørar og vedtak om gildsak som kan kontrollerast. Andre prosessavgjersle, vedtak om tilsetting, oppseiing eller avskjed og spørsmål om eit vedtak er i strid med lov om offentlege anskaffingar, kan ikkje verte lovligheitskontrollert.

Fristen for å fremje krav om lovligheitskontroll er 3 veker.

Solund kommune

Arkiv:	K1-011
ArkivsakID:	21/116
JournalpostID:	21/563
Sakshandsamar:	Amund Fuglebakk Aglen
Dato:	22.02.2021

Saksframlegg

Saksnr. utval	Utval	Møtedato
022/21	FORMANNSKAP	04.03.2021
	KOMMUNESTYRE	

Røystekrinsar ved Stortingstingsvalet 2021

Administrasjonssjefen sitt framlegg til vedtak:

Det vert 2 røystekrinsar i Solund ved Stortingsvalet 2021: Hardbakke krins og Ytrøy krins.

Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.:

Vallova § 9-3

Kva saka gjeld:

Tal røystekretsar i kommunen

Saksutgreiing:

Etter vallova § 9-3 skal kommunestyret, eller valstyret etter delegering, avgjere kor mange røystekrinsar kommunen skal delast inn i. Kvar røystekrets skal ha eit vallokale. Det er ikkje gjort delegering til valstyret, og saka må difor handsamast av kommunestyret. Sentral matrikkelmynde må ha melding om eventuelle endringar seinast 31. mars i valåret. Nærare detaljar som vallokala og valtider vert bestemt av valstyret ved seinare høve.

Solund kommune har hatt 2 røystekrinsar dei siste 3 vala, i tillegg til førehandsrøysting og ambulerande røysting.

Vurdering:
Administrasjonssjefen tilrår at Solund kommune held frem med 2 røystekrinsar. Valet

har ein lang periode med førehandsrøysting, og Solund kommune skal legge til rette for at det er mogleg å førehandsrøyste fleire ulike plassar. Dette vil avhjelpe for dei veljarane som får lang veg til røystelokalet på valdagen.

Etter endeleg vedtak utskrift til:

Solund kommune

Arkiv:	K1-033, K3-&15
ArkivsakID:	21/115
JournalpostID:	21/562
Sakshandsamar:	Amund Fuglebakk Aglen
Dato:	22.02.2021

Saksframlegg

Saksnr. utval	Utval	Møtedato
023/21	FORMANNSKAP	04.03.2021
	KOMMUNESTYRE	

Val av Solund Valstyre perioden 2021 - 2023

Administrasjonssjefen sitt framlegg til vedtak:

Representantane i Solund formannskapet vert valde som Solund valstyre for perioden 2021 – 2023.

Ordførar er leiar for valstyret, varaordførar er nestleiar.

Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.:

Vallova § 4-1
Kommunelova kapittel 5

Kva saka gjeld:

Val av valstyret for vala i 2021 og 2023

Saksutgreiing:

Kvar kommune skal ha eit valstyre som skal ivareta ein rekke oppgåver som fylgjer av vallova. I delegeringsreglementet til Solund kommune vedteken i K-sak 061/20 er også oppgåva med å oppnemne røystestyrer delegert til valstyret. Valstyret må veljast av kommunestyret sjølve.

I Solund kommune har valstyret hatt 5 representantar, og formannskapsmedlemmane har utgjort valstyret.

Vurdering:

Om valstyret er satt saman av formannskapsmedlemmane kan ein ha møte i

valstyret i samband med formannskapsmøte. Administrasjonssjefen tilrår difor at kommunestyret vel formannskapsmedlemmane til valstyret.

Etter endeleg vedtak utskrift til:

Solund kommune

Arkiv:	K2-U62, K3-&18
ArkivsakID:	20/223
JournalpostID:	21/616
Sakshandsamar:	Amund Fuglebakk Aglen
Dato:	24.02.2021

Saksframlegg

Saksnr. utval	Utval	Møtedato
024/21	FORMANNSKAP	04.03.2021
	KOMMUNESTYRE	

Sal av alkohol på valdagen 2021

Administrasjonssjefen sitt framlegg til vedtak:

Solund kommunestyre gjev Solund Center AS løyve til å omsette alkohol på valdagen 13. september 2021, i tidsrommet 08.00 – 20.00.

Vedlegg i saka:
24.02.2021 Søknad om lov å selge alkohol for spesielle dagar

Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.:

Rusmiddelpolitisk handlingsplan for Solund kommune 2013 - 2017 (K-sak 037/13)

Kva saka gjeld:

Sal av alkhol på valdagen 2021

Saksutgreiing:

Solund Center AS har søkt om å få selje alkhol på valdagen 13. september 2021 i tidsrommet 08.00 – 20.00.

I Rusmiddelpolitisk handlingsplan for Solund kommune 2013 – 2017 (K-sak 037/13) kapittel 6.1 står det at det ikkje skal seljast alkohol på valdagar. Dette var i tråd med alkohollova i 2013, men lova er endra og gjev no høve til alkoholomsetning på valdagar. Solund kommune har ikkje vedteke ny rusmiddelpolitisk handlingsplan og planen for 2013 – 2017 er difor fortsatt gjeldande. Administrasjonssjefen planlegger å rullere rusmiddelpolitisk handlingsplan i kommunestyre 21. oktober 2021.

I søknaden nemner Solund Center AS også fleire andre dagar. For alle dagane utanom valdagen fylgjer høve til utvida salstid av Solund kommune sin gjeldande rusmiddelpolitiske handlingsplan. I den står det at salstida for øl og rusbrus skal følgje opningstidane til daglivareforretningane innanfor maksgrensa i alkoholloven § 3-7. Det vert presisert at dette er fram til 18.00 for dagar før søndager og helgedager. Solund kommune har gjeve Solund Center AS attendemelding om det.

Vurdering:

Sal av alkohol på valdagen er ikkje i tråd med Solund kommune sin gjeldande rusmiddelpolitisk handlingplan, og søknaden må difor handsamast av kommunestyre. Solund Center AS fekk løyve til å selje alkohol på valdagane i 2015 og 2019, og Administrasjonssjefen tilrår at søknaden vert imøtekommen også i år.

Etter endeleg vedtak utskrift til:

Hardbakke 15/2-21

Søknad om utvida salstider alkohol Solund Center as

Søkjer om utvida salstider på alkohol:

Dagen før skjærtorsdag,	31/3-21:	08.00-18.00
Påskafta;	3/4-21:	08.00-16.00
Dagen før Himmelspretten;	12/5-21:	08.00-18.00
Pinsafta,	22/5-21;	08.00-16.00
Valgdag	13/9-21;	08.00-20.00

Dette for å følge åpningstidene til butikken.

Solund Center as
Siv Einen Paulsen,